HØGSKULEN I VOLDA

| Boks 500 | 6101 Volda | Norway | T: 70 07 50 00 | F: 70 07 50 51 |
| E: postmottak@hivolda.no | www.hivolda.no |

# Masteroppgåve i Nynorsk skriftkultur

## Språkskifte ved tre vidaregåande skular i Møre og Romsdal

## Påverknad og haldningar

60 studiepoeng

Av Iselin Nevstad Øvrelid

November, 2014

## Summary

The subject of this master's thesis is language shift, and the particular objective of the study is to gain further insight into why so many pupils give up their written language «nynorsk» in favor of «bokmål», the more dominating written language in Norway. Much of the theory employed in this study claims that language shifts are quite often and in many rather similar ways determined by regional factors. My work supports this claim, but elaborates on this by showing how this is played out on a minor scale: How the degree of language shifts taking place can differ radically from one school to another despite them being located relatively near to each other within what is regarded as the same region.

This quantitative study includes figures from three junior colleges in the county of *Møre og Romsdal* and the results are based on 500 respondents. They were given a survey with questions about language shift, influences and attitudes. Despite the differences between the schools included in this study, I still find many similar features amongst pupils that are placed in the same category, regardless of what school they go to. This appears especially when comparing the pupils writing «nynorsk» today and for the pupils that have completed a language shift from «nynorsk» to «bokmål».

One striking aspect of my findings is that as much as 20 percent of those who have completed a language shift from «nynorsk» to «bokmål» feel that they have been influenced to make this shift. The main source of encouragement is found to be their parents, but on second place, notably, the pupils in this study rank their teachers. This is quite remarkable given the official aim of the Norwegian language politics, and I go on to discuss these findings with regards to the language neutrality policy.

Furthermore, the process of language shift among the pupils included in this study seems to start from an early age, it is argued. Although the majority perform their shift when first attending junior college, we find several cases of shifts having been performed before they start junior college. My findings also show that many of the pupils who uses «nynorsk» today, think that they will write «bokmål» in the future. It thus looks like language shift from «nynorsk» to «bokmål» in junior college can be seen as a first period in a process that contains a second period; i.e. after the pupils have graduated and continue their higher education or start working. I leave it to others to find out to what degree this first period influences the second.

# Føreord

*«Vegen ligger so ymist til*

*med Staup og store Krokar.*

*Ein kjemer der, som ein ikkje vil,*

*og fram i mange Flokar».*

Ivar Aasen: «Livet». Her frå Skrifter i samling – Trykt og utrykt, 1 (1997).

Fleire skal takkast.

Tomma (Tom Henrik). Tusen takk skal du ha for å ha gitt meg motivasjon til å stå på for å verte ferdig. Vesle Elise, skatten min. Du har vore tolmodig medan mamma har jobba og skrive. Kjære mamma Ingunn, pappa Bergsvein og ikkje minst svigermor Liv som har stilt opp som reddande englar for å passe Elise. Det hadde aldri gått utan alle dykk. Tusen takk til Torgeir Dimmen som har vore rettleiaren min på denne masteroppgåva. Tolmodet har vore stort, og eg er svært takksam for gode innspel og samtalar på vegen. Emneansvarleg Øystein Hide fortener også stor takk som har hjelpt meg mykje med gode innspel, spesielt dei siste månadane då det stod på som verst. Eg er svært takksam for all hjelpa.

Takk til Molde, Fagerlia og Volda vidaregåande skule som ønskte å vere med på prosjektet mitt, og spesielt stor takk til alle elevane som tok del i spørjeundersøkinga. Ei takk fortener også Terje Kjøde, målmann og språkrøktar som har hjelpt meg med gode innspel heilt til slutt i prosessen. Ei takk også til Ivar Aasen som gav meg språket mitt og gjorde det mogleg å skrive ei masteroppgåve i Nynorsk skriftkultur.

Masteroppgåva har teke mykje lenger tid enn eg såg føre meg. Det har vore utfordrande og slitsamt, men også utruleg lærerikt og spanande. No er oppgåva endeleg ferdig og det er ei utruleg god kjensle. Eg vonar at denne oppgåva som handlar om språkskifte i den vidaregåande skulen, skal vere interessant og nyttig også for andre der ute. God lesnad!

Hareid, november 2014

Iselin Nevstad Øvrelid

# Innhaldsliste


| | |
|---|---|
| **Summary** | **s. 2** |
| | |
| **Føreord** | **s. 3** |
| | |
| **1.0 Innleiing** | **s. 6** |
| 1.1 Språkomgrep – nynorsk eit eige språk? | s. 7 |
| 1.2 Problemstillingar | s. 10 |
| 1.3 Metodisk tilnærming | s. 10 |
| 1.4 Oppbygging av oppgåva | s. 11 |
| | |
| **2.0 Bakgrunn** | **s. 13** |
| 2.1 Manglande språkpolitikk? | s. 13 |
| 2.2 Globalisering fører til språkskifte | s. 17 |
| 2.3 Nynorsken si stilling i den vidaregåande skulen | s. 19 |
| 2.3.1 Færre påbyggingselevar enn studiespesialiserande vel nynorsk | s. 20 |
| 2.3.2 Med nynorsk som hovudmål | s. 22 |
| 2.3.3 Målstreken – Språkskifte i Valdres og ved Firda | s. 26 |
| 2.3.4 Karaktertaktikk blant elevane? | s. 28 |
| 2.3.5 Språkskifteundersøking gjort av Haramsnytt | s. 29 |
| 2.3.6 Når skjer språkskiftet? | s. 30 |
| 2.3.7 Språkstatus 2012 – Språkrådet | s. 31 |
| 2.4 Haldningar | s. 32 |
| 2.4.1 Haldningar til nynorsk i den vidaregåande skulen | s. 35 |
| 2.5 Makt og påverknad | s. 36 |
| 2.5.1 Når andre har makt over identiteten | s. 38 |
| 2.5.2 Engelsk påverknad | s. 40 |
| 2.5.3 Påverknad og miljø | s. 42 |
| | |
| **3.0 Metode** | **s. 44** |
| 3.1 Kvantitativ metode med kvalitativ analyse | s. 44 |
| 3.2 Spørjeskjemaet | s. 45 |
| 3.2.1 Utforminga av spørjeskjemaet | s. 47 |
| 3.3 Utfordringar med kvalitativ analyse | s. 48 |
| 3.4 Utvalet | s. 49 |
| 3.5 Avgrensing av skular og elevar | s. 52 |
| 3.5.1 Klassesteg | s. 52 |
| 3.5.2 Studieretning | s. 53 |
| 3.6 Svarprosent | s. 53 |
| 3.7 Validitet og reliabilitet | s. 55 |
| 3.8 Måleproblematikk og endring av problemstilling | s. 56 |
| 3.9 Oppsummering | s. 57 |
| | |
| **4.0 Resultat** | **s. 58** |
| 4.1 Flest skiftar på Fagerlia | s. 58 |
| 4.2 Kven er dei? | s. 62 |
| 4.2.1 Nynorskkommunane vert hardt råka | s. 63 |

| | | |
|---|---|---|
| 4.3 | Når skjer skiftet? | s. 65 |
| 4.4 | Medvite eller umedvite? | s. 67 |
| 4.4.1 | Molde videregående skole | s. 69 |
| 4.4.2 | Fagerlia videregående skole | s. 70 |
| 4.4.3 | Volda vidaregåande skule | s. 71 |
| 4.4.4 | Foreldre oppfordrar oftast til skifte | s. 71 |
| 4.4.5 | Oppsummering | s. 72 |
| 4.5 | Kva kjem du til å skrive i framtida når du skriv privat? | s. 74 |
| 4.5.1 | Molde videregående skole | s. 75 |
| 4.5.2 | Fagerlia videregående skole | s. 76 |
| 4.5.3 | Volda vidaregåande skule | s. 78 |
| 4.5.4 | Oppsummering | s. 79 |
| 4.6 | Kor godt liker du å skrive nynorsk og bokmål? | s. 80 |
| 4.6.1 | Molde videregående skole | s. 80 |
| 4.6.2 | Fagerlia videregående skole | s. 81 |
| 4.6.3 | Volda vidaregåande skule | s. 82 |
| 4.6.4 | Oppsummering | s. 83 |
| 4.7 | Kjønnsskilnader og anna morsmål | s. 83 |
| 4.8 | Skifte frå bokmål til nynorsk | s. 84 |
| | | |
| **5.0** | **Drøfting** | **s. 85** |
| 5.1 | Eit kort samandrag | s. 85 |
| 5.2 | Skiftet skjer ofte tidleg | s. 87 |
| 5.3 | Bevisstgjeringa | s. 90 |
| 5.4 | Medvitne om skifte eller er det ein illusjon? | s. 94 |
| 5.5 | Det svir for nynorsken i randsonene | s. 95 |
| 5.6 | Kva skjer med nynorsken vidare? | s. 97 |
| 5.7 | Haldningar til språkbruk | s. 98 |
| | | |
| **6.0** | **Avslutning** | **s. 100** |
| | | |
| | **Litteraturliste** | **s. 103** |
| | | |
| | **Vedlegg - oversikt** | **s. 109** |
| | Vedlegg 1: Spørjeskjemaet | s. 110 |
| | Vedlegg 2: Godkjenning frå Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste (NSD). | s. 117 |
| | Vedlegg 3: Tal frå Utdanningsdirektoratet. Oversikt over elevar frå studieførebuande program og påbygging i den vidaregåande skulen som har teke avsluttande norskeksamen på nynorsk eller bokmål. | s. 120 |

# 1.0 Innleiing

For meg har det alltid vore sjølvsagt å skrive nynorsk på skule, i studiar og i arbeidslivet. Derfor undrar eg meg ofte over kva prosessar som går føre seg når ein person som har hatt bokmål eller nynorsk som hovudmål i mange år, skiftar skriftspråk. Elevar i den vidaregåande skulen står anten framfor studium eller eit nytt tilvære som arbeidstakarar. Det er mange råser som skal trakkast i åra etter vidaregåande, og det er nettopp i den vidaregåande skulen og i åra etter vidaregåande at mange vel å gå ei anna rås når det gjeld skriftspråk.

Heimfylket mitt Møre og Romsdal har 22 nynorskkommunar: ein bokmålskommune og 13 såkalla språknøytrale kommunar (Endr. i forskrift om målvedtak i kommunar m.m., 2013). Det er, som tala viser, eit språkleg delt fylke. Sjølv om nynorsken står sterkt i mange kommunar, finst det fleire randsoner der bokmål påverkar språkskifte slik som det har gjort hos elevar i den vidaregåande skulen i Valdres (Garthus, 2009).

Sjølv om språkskifte i norsk samanheng oftast handlar om gå frå nynorsk til bokmål, finst det òg nokre få elevar som vel å gå andre vegen. Fokuset mitt er likevel på alle dei som vel å skifte frå nynorsk til bokmål. Prosessane er komplekse, og det er vanskeleg å identifisere tydelege årsaksfaktorar. I denne masteroppgåva vil eg fokusere på i kva grad makt, påverknad og haldningar spelar ei rolle når eit slikt språkskifte finn stad.

Eg har gitt oppgåva namnet: *Språkskifte ved tre vidaregåande skular i Møre og Romsdal. Påverknad og haldningar.* Dei tre vidaregåande skulane som er med i undersøkinga er valde ut for å samanlikne skular i ulike språkområde. Volda vidaregåande skule som opplever lite språkpress frå bokmål og der nynorsken dominerer, og Fagerlia og Molde videregående skole der bokmål dominerer, men som har mange elevar som kjem frå nynorskkommunar. Eg kjem nærare inn på utvalet av elevar og kvifor eg valde akkurat desse tre skulane, i kapittel 3, *Metode*.

## 1.1 Språkomgrep – nynorsk eit eige språk?

Språkskifte har vore eit sentralt felt for sosiolingvistikken og språksosiologien frå etterkrigstida og framover, men det er først dei siste tiåra at feltet har ekspandert (Bjørhusdal, 2014, s. 45). Det var Joshua Fishman som i 1964 for første gong slo fast at språkskifte og språkbevaring var viktig nok til å utgjere eit eige forskingsfelt. Fishman definerer omgrepet slik: «The study of language maintenance and language shift is concerned with the relationship between change or stability in habitual language use, on the one hand, and ongoing psychological, social or cultural processes, on the other hand, when populations differing in language are in contact with each other» (Fishman, 1964, s.32).

Saman med blant anna Einar Haugen var Fishman ein sentral teoretikarar i den moderne språkplanleggingsvitskapen som utvikla seg på 1960-talet, som også vert kalla LPP – Language policy and planning. Både Fishman og Haugen hadde ein regional fagleg ståstad og interesse for språkmiljø der det var aktuelt med språkplanleggingsoppgåver. Joshua Fishman hadde bakgrunn i hebraiske og jiddiske miljø, medan Einar Haugen hadde tilknyting til Norden og Noreg (Bjørhusdal, 2014, s. 46, Vikør, 2007, s. 45).[1] Haugen skriv mykje om å vere tospråkleg og om språkplanlegging i Noreg og i Skandinavia i *The Ecology of Language* (1972).

Når vi omtalar språkskifte, snakkar vi ofte om ulike språklege minoritetsgrupper som vert assimilerte til eit majoritetsspråk. I praksis tyder skifte at ein går over til berre å bruke majoritetsspråket. Skifte inneber ofte at minoritetsspråket vert meir og meir påverka av majoritetsspråket gjennom gradvis assimilasjon, slik at det til slutt kanskje berre vert reflektert som små restar i majoritetsspråket. Nokre språk og dialektar forsvinn, medan andre

[1] Einar Haugen er kjend for pionéverket sitt om språkskifte mellom norskamerikanarar i USA. Boka kom ut for første gong i 1953, og heiter *The Norwegian language in America. A study in bilingual behavior.*

varer ved. Årsakene til språkskifte er gjerne mange og samanvovne, og dei same faktorane kan ha motsett effekt i ulike kontekstar (Røyneland, 2008, s. 65).

Å definere språk er ikkje enkelt. Språk kan vere svært ulike og samstundes like. Likevel er det ei oppfatning at eit språk er eit språk når to menneske kan forstå kvarandre. Regelen har likevel fleire unntak. Norsk og svensk er til dømes to ulike språk, men nordmenn og svenskar kan også utan problem forstå kvarandre (Janson, 1997, s. 20).

Dyvik (1998, s. 14) definerer språk som «et tegnsystem som er felles for en gruppe mennesker». Poenget her er at språket er felles for ei gruppe som er med i denne fellesskapen. Teiknsystem er det strukturlingvistar er mest opptekne av: Forholdet mellom språkleg utrykk og språkleg innhald. I denne definisjonen vert fokuset på at språket eksisterer som eit fenomen mellom medlemmene i fellesskapen, og ikkje i menneska. Denne definisjonen er det strid om, og han ligg nær opp til formuleringa til Ferdinand de Saussure om at språket er eit sosialt fenomen (Saussure, 1990).

Med desse definisjonane får ein inntrykk av at språket er noko som eksisterer uavhengig av individa eller utanfor individa. Ein annan og mykje brukt språkvitskapleg innfallsvinkel legg stor vekt på evna som menneska har til å meistre språket. Det vil seie eit teiknsystem eller ein kode som vi menneske har spesielle føresetnader for å lære og å meistre. I dette perspektivet er ein oppteken av den universelle grammatikken. Det er den biologiske eller psykologiske evna ein er oppteken av, og den sosiale statusen til språket kjem i bakgrunnen (Sandøy, 2003, s. 20).

Eli Bjørhusdal har med si doktoravhandling frå 2014 sett på språkskifteproblematikken på makronivå, og ho omtalar det medvite som språkskifte og ikkje målbyte når elevar skiftar frå nynorsk til bokmål. Bjørhusdal samanliknar det med å gå frå eit minoritetsspråk til eit majoritetsspråk, slik somme folk gjer i andre fleirspråklege land. Ho meiner språkskifte har

vore lite tematisert og problematisert, og at ein i større grad bør sjå parallellar til andre fleirspråklege land som til dømes Wales der dei har greidd å demme opp språkskiftet til engelsk. Ho seier at skriftspråkskiftet frå nynorsk til bokmål ikkje har vore sett på som politisk viktig, og at den språkpolitiske vekta i opplæringsfeltet har vore på sidemål (Lajord, 2011).

Bjørhusdal peikar i doktoravhandlinga si på at omgrepet målform er tilpassa språkpolitikken sine føringar for den tida omgrepet vart teke i bruk. Å kalle nynorsk for minoritetsspråk har vore tungt å svelgje innanfor ein slik politikk, og er heller ikkje mykje nytta før 1980. Bjørhusdal seier at: «Det medfører igjen eit språkpolitisk omgrepsapparat som på sett og vis motset seg den tospråklege rettssituasjonen som er danna. Institusjonelt er nynorsk eit offisielt språk, noko som gjer at brukarane har både negative fridomar og positive rettar til å nytte det. Såleis oppfører nynorsk seg rettsleg som mange andre mindretals- eller mindre brukte språk. Omgrepsmessig vert nynorsk likevel omtala som form, ikkje språk, og som noko som dermed ikkje har ei språkgruppe, dermed heller ikkje ein minoritet, i ryggen» (Bjørhusdal, 2014, s. 478).

I denne oppgåva er det språk knytt til nynorsk og bokmål som to ulike skriftspråk eg omtalar. Når eg tek for meg omgrepet språkskifte, er det dei som skiftar frå nynorsk til bokmål eg omtalar, om ikkje noko anna er spesifisert.

## 1.2 Problemstillingar

Eg ønskte først å sjå på kor mange elevar som skiftar hovudmål i løpet av skuleåra, og deretter å gå direkte på avis-lesevanane til elevane i den vidaregåande skulen. Dette for å finne ut kor mykje eksponeringa av nynorsk i avisene har å seie for deira val av skriftspråk som hovudmål i den vidaregåande skulen. Etter gjennomføringa av spørjeundersøkingane ved dei tre vidaregåande skulane, såg eg at problemstillinga burde endrast. Det vart for snevert å berre skulle måle lesevanane til elevane for å kunne seie noko om kor mykje det har å seie for språkbruken deira. Derfor valde eg i samråd med rettleiar om å endre fokus. Dette skriv eg også meir om i kapittel 3, *Metode.*

Problemstillinga for oppgåva kan oppsummerast i fire spørsmål:

1) Korleis er språkskiftesituasjonen ved Fagerlia, Molde og Volda vidaregåande skule?

2) Kva er årsaker til språkskifte hos elevane? 3) Kva haldningar har elevane til å bruke bokmål og nynorsk? 4) Kva skriftspråk trur elevane at dei kjem til å bruke i framtida når dei skriv privat?

## 1.3 Metodisk tilnærming

Eg har brukt kvantitativ metode og samla inn materialet gjennom ei anonym spørjeundersøking der elevar frå Fagerlia videregående skole, Molde videregående skole og Volda vidaregåande skule har svart på spørsmål om språkskifte, påverknad og haldningar. Spørjeskjema er den metoden som gjer det enklast å samle inn data frå mange individ på etter måten kort tid. Ved hjelp av statistiske analysar kan ein undersøkje samanhengar mellom fenomen. Derfor valde eg å lage eit spørjeskjema som eg skulle bruke på dei tre skulane. Deretter kategoriserte og systematiserte eg data i tabellar.

Spørjeskjemaet inneheld ein del av dei same spørsmåla som prosjektet Målstreken i Valdres har brukt (Garthus, 2009). Det er eit semistrukturert spørjeskjema med både opne og prekoda svaralternativ. Eg ønskte å ha med eit utval av opne spørsmål for å kunne få fram direkte meiningar frå elevane sjølve. Sidan eg også fekk ein del opne svar frå elevane, har eg brukt dei svara til å gjere ei kvalitativ analyse av meiningane til elevane. På den måten kan eg sjå nærare på kven dei meiner har oppfordra dei til språkskifte og kva haldningar dei gir uttrykk for at dei har til bokmål og nynorsk.

Dette kjem eg også tilbake til i kapittel 3, *Metode*.

## 1.4 Oppbygging av oppgåva

Eg har valt å dele oppgåva i fem hovudkapittel, og kvart kapittel inneheld fleire underkapittel. Kapittel 1 er innleiinga, med presentasjon av problemstillingar, definisjon av omgrepa språk og språkskifte, ei metodisk tilnærming til oppgåva og forklaring på korleis eg har bygd henne opp. Kapittel 2, *Bakgrunn*, tek kortfatta for seg diskusjonen om vi manglar ein språkpolitikk i Noreg i dag og korleis tilhøva er for nynorsken i den vidaregåande skulen. I kapittelet presenterer eg også tidlegare undersøkingar og forsking på området. Eg valde å ta med det som har vore gjort, men som ein også bør sjå med eit kjeldekritisk blikk på fordi ikkje alle undersøkingar er vitskaplege. Likevel kan det vere nyttig å sjå kva andre har kome fram til, særleg fordi det har vore lite forsking på dette feltet tidlegare. Gjennom kapittelet tek eg også for meg teori om makt, haldningar, identitet, globalisering og definerer desse viktige omgrepa frå eit språkleg perspektiv. I kapittel 3, *Metode*, går eg nærare inn på dei vala eg har gjort medan eg har arbeidd med spørjeundersøkinga og med oppgåva. Eg går også igjennom den praktiske gjennomføringa av arbeidet, og ser nærare på utvalet eg har gjort for å kunne etterprøve resultata eg har kome fram til. I kapittel 4, *Resultat*, legg eg fram funna mine frå dei ulike skulane kvar for seg og samanliknar resultata med kvarandre. I kapittel 5, *Drøfting*,

diskuterer eg det eg meiner er dei viktigaste funna mine i høve til problemstillingane. At språkskifteprosessane som eg ser startar tidlegare enn ein har rekna med, at foreldre og lærarar er dei som oftast oppfordrar til språkskifte, og kvifor majoriteten blant elevane som skiftar hevdar at bokmål er mykje enklare enn nynorsk er noko som eg har drøfta nøye. I kapittel 6, *Avslutning*, oppsummerar eg funna og drøftinga i ei avslutning og argumenterer kvifor eg meiner at framtidig forsking på området bør fokusere meir på blant anna korleis ein best kan skape gode språkhaldningar frå tidleg skulealder, og at vi må verte flinkare til å sjå utanfor Noreg når det gjeld for språkforsking for å lære av kvarandre.

# 2.0 Bakgrunn

I denne delen av oppgåva vil eg gi eit bilete av den språkpolitiske situasjonen i Noreg. Eg vil dessutan sjå nærare på situasjonen i den vidaregåande skulen i dag ut frå tidlegare forsking og kva vi veit om både haldningar og påverknad. Eg vil peike på situasjonen på landsbasis og samanlikne Møre og Romsdal med andre fylke. Tidlegare forsking er svært avgrensa, og det finst ikkje mykje talmateriale på språkskifte.[2] Det kom ein ny rapport i juli 2014 som Proba samfunnsanalyse har utarbeidd på oppdrag frå Utdanningsdirektoratet. Denne samanfattar mykje av det vi veit frå før, men inneheld ein del ny informasjon knytt til språkskifte og prosessane rundt det. Eli Bjørhusdal si doktoravhandling er eit nytt og viktig bidrag til forskinga på språkskifteproblematikken. Undervegs kjem eg til å presentere teori og definere viktige omgrep. Makt, påverknad, haldningar og globalisering vert viktige omgrep i dette kapittelet.

## 2.1 Manglande språkpolitikk?

I 2010 gjekk om lag 89 prosent av alle barn i Noreg, i alderen 1–5 år i barnehage. I januar 2011 fastsette Kunnskapsdepartementet endringar i rammeplanen for innhaldet i og oppgåvene til barnehagane. Dei to skriftspråka, nynorsk og bokmål, vert ikkje nemnt spesifikt, men det går fram at språkstimulering er viktig også i barnehagen (Språkrådet, 2011, s. 75). Sjølv om ein har Stortingsmelding nr. 41, også kalla «Barnehagemeldinga» (Kunnskapsdepartementet, 2007–2008), og eit temahefte frå Kunnskapsdepartementet om språkmiljø og språkstimulering i barnehagen, så tyder mykjer på at nynorsk vert lite tematisert

[2] Bjørhusdal (2014), Garthus (2009, 2010) Garthus et al. (2013), Haramsnytt (2012), Utdanningsdiektoratet (2014), Norsk Målungdom (2012), Wadsten (2011), Reinlund (2012), Kleggetveit (2013), Grepstad (2012b).

i barnehagane. Det peikar Anne Steinsvik Nordal på i *Norsk = Nynorsk og bokmål. Ei grunnbok om nynorsk i skolen* (Nordal, 2011, s. 118–119).

I læreplanane for norsk står det spesifisert for dei ulike årsstega i skuleverket, kva som er venta av elevane å kunne tileigne seg av kunnskapar til ei kvar tid. Skulen er ankerfestet for god språkopplæring. Språkrådet hevdar at Noreg har mangla ein generell språkpolitikk. I dei ulike partiprogramma kan ein knappast finne noko som speglar dette temaet. Språkpolitikken vert ført litt eine eller andre vegen utifrå kva parti som sit i regjering. Har enkelte parti gått inn i situasjonen for norsk språk, har dei helst konsentrert seg om dei vanlege spørsmåla kring nynorsk, med få opningar for tiltak som kunne halde oppe eller utvida bruken av norsk språk (Språkrådet, 2005b).

Når ein då sit att med eit inntrykk av at språkpolitikk ikkje er det heitaste temaet blant mange politikarar i dag, har likevel språkutvikling og historia til språket vårt vore eit stridstema i ein politisk og kulturell maktkamp i fleire hundre år. Språkdebatten vart tema i ei tid med vaknande nasjonalkjensle. Hildegunn Otnes og Bente Aamotsbakken skriv i boka *Tekst i tid og rom, norsk språkhistorie*, at: «Det 19.hundreåret er truleg det viktigaste i norsk skriftspråkshistorie fordi vi her finn bakgrunnen for at vi i dag har to norske skriftspråk. Det er to viktige konstruksjonsarbeid som går føre seg i dette hundreåret, nemleg Ivar Aasens rekonstruksjon av eit norsk skriftspråk bygd på dialektane og Knud Knudsens tillemping av det danske skriftspråket i ei meir norsk retning» (2012, s. 119). I 1885 vedtok Stortinget at dei to skriftspråka skulle jamstillast, og dette vedtaket la grunnlaget for gjennombrotet for landsmålet til Ivar Aasen. Sjølv om ein alt hadde ein offisiell rettskrivingsreform i 1862, var det først mot slutten av 1800-talet at den offentlege normeringsverksemda vart viktig. I 1878 vart det gjort vedtak som førte til at elevane fekk snakke sitt eige talemål. Seinare kom 1907-reforma som for alvor viste at riksmål skilde lag med dansken, så kom 1917-reforma og seinare 1938-reforma som endra på ortografi og morfologi i både bokmål og nynorsk i ein

felles tanke om at dei to skriftspråka skulle tilnærme seg kvarandre. Samnorsklinja tok eit steg vidare med Læreboknormalen frå 1959, og samstundes auka motstanden mot samnorsken. Etter 1970 roa språkstriden seg noko, men debattar kring språk i NRK og nye rettskrivingsnormalar har vore oppe  til debatt med jamne mellomrom også i nyare tid (Otnes & Aamotsbakken, 2012).

Eli Bjørhusdal har i doktoravhandlinga si sett nærare på den språkpolitiske perioden mellom 1885-2005. Ho har gått inn i norske styringsdokument som handlar om opplæring og språk, og sett på korleis dei tematiserer og problematiserer språkskifte. Språkrådet meiner at Noreg har mangla ein generell språkpolitikk.

Bjørhusdal seier derimot at ein kan dele språkpolitikken i Noreg inn i fleire ulike språkpolitiske periodar. Perioden etter 1980 kallar ho ein norsk språksikringspolitikk:

> Særleg på kulturfeltet er dokumenta merkt av ein stadig sterkare tendens til å forsvare særbehandlingsordningar for nynorsk, og argumentasjonen for desse er i stor grad heimla i nynorskens eigenverdi. Tidleg i 1990-åra kom dessutan eit nytt overordna omsyn inn i språkpolitikken: å forsvare norsk språk mot påverknad frå engelsk. Dei språkpolitiske styringsdokumenta byrjar å bli prega av målsetnader om å ta vare på norsk (både bokmål og nynorsk), av dokumentasjon og analysar av presset frå engelsk, av argumentasjon for og legitimeringar av det som både vert kalla eit meir aktivt språkvern eller språkstyrking mot engelsk, og av tiltak som fylgjer av det som fleire dokument framhevar som den nye språkpolitikken. (Bjørhusdal, 2014, s. 299)

Etter tusenårsskiftet gav både Språkrådet og Kulturdepartementet ut fleire større rapportar og meldingar om språkpolitikk. [3] I Stortingsmelding nr. 35, *Mål og Meining*, vert det set fokus på at språk og språkutvikling ikkje nødvendigvis er mindre viktige i dag, men at ei form for makt spelar inn. Kanskje har maktmekanismar og maktstrukturar like mykje å seie, men at det på mange måtar går føre seg på ein meir skjult og indirekte måte enn tidlegare (Kultur- og kyrkjedepartementet, 2007–2008, s. 61). Den gjeldande språkpolitikken som vart skissert i denne stortingsmeldinga, går ut på å motverke domenetap for norsk språk og sikre det norske språket ein fullverdig status og bruk i alle delar av norsk samfunnsliv. Det heiter: «Dette overordna målet må realiserast innanfor ramma av ein heilskapleg språkpolitikk som tek omsyn til den totale språksituasjonen i landet, både likestillinga mellom bokmål og nynorsk, det gamle og nye fleirspråklege mangfaldet, der framandspråklege kompetansebehovet og den nordiske språkfellesskapen» (Kultur- og kyrkjedepartementet, 2008, s. 24). Eit av hovudpunkta seier vidare at det skal leggjast spesielt til rette for at nynorsk blir meir reelt likestilt med bokmål.

Det er likevel verdt å merkje seg at sjølv om det kom fleire rapportar og meldingar om språkpolitikk på 2000-talet, der det vert hevda at både norsk generelt og nynorsk spesielt er viktig, og at det trengst ei satsing, fungerer likevel ikkje argumentasjonen som prov på at det har skjedd i tråd med formuleringane. Det hevdar Bjørhusdal i avhandlinga si: «Framlegga' er jamt over målformuleringar og ambisjonar», seier ho (2014, s. 352). Bjørhusdal viser til at ambisjonane er der, men klare styringsdokument manglar, og det er med utgangspunkt i dette ein kan hevde at det er fråvær av ein generell språkpolitikk.

[3] Stortingsmeldinga *Mål og meining* frå 2008, òg kalla Språkmeldinga (Kultur- og kyrkjedepartementet, 2008), *Norsk i hundre* (frå eit utval nedsett av Språkrådet) (Språkrådet, 2005a), *Framtidas norskfag* (frå eit utval nedsett av Utdannings- og forskingsdepartementet) (Utdanningsdirektoratet, 2006a) og *Språk bygger broer* (Kunnskapsdepartementet, 2008).

Bjørhusdal påpeikar også på at nynorsken sitt problem ofte vert framstilt som at det er for lite jamstilling eller at jamstillinga ikkje er gjennomførd. Reell jamstilling kan sjåast på som fasthalding av ein nøytralitetspolitikk og ei oppfatning som ikkje kan sikre nynorsk og andre mindretalsspråk i konkurranse med språk som veg tyngre. Om språksikring skal vere målet, må likebehandlingsordningane på opplæringsfeltet og kulturfeltet, underleggjast eit kritisk søkjelys, meiner ho og viser til planane for samisk: «Staten har nok slege fast at det er eit mål å bremse språkskiftet frå nynorsk til bokmål, men ikkje noko offentleg dokument tek klart til orde for at eit statleg mål må vere å auke talet på aktive nynorskbrukarar. Som me har sett, er dét det overordna målet for den samiske språkpolitikken» (Bjørhusdal, 2014, s. 484–485).

### 2.2 Globalisering fører til språkskifte

Globalisering fører til språkskifte. Det heng saman med utviklinga av det moderne samfunnet. I løpet av dei siste 200 åra har store delar av landa og folka i verda vorte dregne inn i det kapitalistiske systemet der pengane og marknaden er den store drivkrafta. Det moderne samfunnet med statane i spissen, arbeider for å auke produktiviteten og dermed skjer det også noko med språka i denne prosessen (Trosterud, 2003, s.189–192).

Joshua A. Fishman forklarar også globalisering som eit fenomen for ei årsak til at det er vanskeleg å redde eit språk eller snu prosessane i tide:

> In our day and age, it is definitely the globalisation of pan-Western culture (and pop-consumer culture in particular) that is the motor of language shift. And since America-dominated globalization has become the major economic, technological and cultural thrust of worldwide modernisation and Westernisation, efforts to safeguard threatened languages (and, therefore, inevitably, contextually weaker languages) must oppose the very strongest processes and powers that the world knows today. (Fishman, 2001, s. 6)

Som Trosterud (2003) viser også Eli Bjørhusdal (2014) til at globaliseringa har ført til at presset på det minste språket aukar. I somme tilfelle fører det til språkskifte til majoritetsspråket, i andre tilfelle språkdaude. Julia Sallabank og Peter K. Austin hevdar at halvparten av språka i verda ikkje lenger vil vere i bruk ved utgangen av dette hundreåret (Austin & Sallabank, 2011, s. 1)

Omfanget av språkskifte, kvar det skjer, når det skjer og kvifor det skjer, har fått større merksemd siste åra. Det har rett og slett mangla forsking på feltet, og ein må tileigne seg meir kunnskap før ein kan sjå nærare på korleis ein kan hindre og redusere språkskifte. Det diskuterer også Eli Bjørhusdal. Ho skriv at språkskifte har vorte eit meir aktuelt tema å forske på fordi tidlegare forsking har vore meir interessert i norsk språkstrid enn norsk språkpolitikk. Forskinga har i stor grad konsentrert seg om motiva og dei opne interessekampane om språk og språkpolitikk. No har dette endra seg, meiner ho (Bjørhusdal, 2014, s. 40). Det peikar også ressursgruppa for nynorsk som hovudmål på, som Kunnskapsdepartementet oppretta i 2012. Gruppa har sett på årsakene til kvifor mange elevar skiftar opplæringsmål/hovudmål frå nynorsk til bokmål i løpet av skuletida og føreslår tiltak for å motverke denne tendensen. Dei har etterlyst meir forsking og kunnskap om språkdelte klasser, skular og kommunar for å forstå kva som ligg bak språkskifte og kvar desse skifta skjer (Kunnskapsdepartementet, 2013).

Kamil Øzerk (2006, s. 10) viser i boka *Frå språkbad til språkdrukning* kor viktig det er å verne om språka, bidra til å lære fleire språk, og unngå språkskifte og språkdaude. Trond Trosterud poengterer også verdien av å unngå språkskifte på grunn av mangfaldet og den rikdomen det ligg i kvart einskild språk. «Skal ein språkskifteprosess bli snudd, er det foreldra som må stå for snuoperasjonen, og ikkje skole og stat. Deretter treng foreldra skole og stat som støttespelarar, men nøkkelrolla er det foreldra som spelar», skriv han (Trosterud, 2003, s. 214–215).

## 2.3 Nynorsken si stilling i den vidaregåande skulen

Tal frå Utdanningsdirektoratet syner at det er store regionale skilnader i tendensane til språkskifte. Det peikar også Trosterud på, og viser til ulikskapar frå stat til stat, men òg for tilhøva for nynorsken i dei ulike regionane og fylka i Noreg (Trosterud, 2003, s. 2014).

Korleis situasjonen er for nynorsken i skulen, kan ein lettast danne seg eit bilete av, ved å sjå på tal frå Utdanningsdirektoratet. Ein kan finne tal frå det som tidlegare heitte folkeskulen, og no grunnskulen. Detaljrike tal for den vidaregåande skulen er det verre med, noko som også Ottar Grepstad peikar på i *Språkfakta Sogn og Fjordane 1646–2012* (2012b). Hovudmålet til elevane vert ikkje registrert på ein oversiktleg måte når dei tek til på vidaregåande. Dette skjer berre ved oppmelding til eksamen. For yrkesførebuande program vert eksamen gitt lokalt, og dokumentasjonen derifrå får ein dermed ikkje frå Utdanningsdirektoratet. For studiespesialiserande program og påbyggingselevar vert eksamen gitt sentralt, og frå 2008 har ein kunne henta ut denne informasjonen som viser kva skriftspråk elevane har ved å sjå kva dei skriv som hovudmål under avsluttande eksamen. Det er verdt å merkje seg at desse tala kan variere noko frå røyndomen fordi dette er tal på påmelde kandidatar, og av ulike årsaker er det alltid nokon som fell frå like før eksamensdagen.

Tala som Grepstad fekk tilgang til frå Utdanningsdirektoratet syner at det er store skilnader i dei ulike fylka og regionane på kor mange nynorskelevar dei har i den vidaregåande skulen. På Vestlandet hadde 25 prosent av elevane nynorsk som hovudmål i 2009, og 23 prosent hadde det i 2012. Grepstad viser at tilbakegangen desse åra var størst i Møre og Romsdal blant vestlandsfylka (Grepstad, 2012b, s. 10).

Ottar Grepstad har skrive mest om språksituasjonen i Sogn og Fjordane, men også om situasjonen på landsbasis og i nabofylka. Han skriv at språkskiftet frå nynorsk til bokmål er størst i Møre og Romsdal. Der går heile 28 prosent av nynorskelevane frå nynorsk til bokmål

– 4 prosent i grunnskulen, resten i den vidaregåande skulen (Grepstad, 2012b, s. 11–12). Når språkskiftet skjer, har eg òg sett nærare på, og eg vil presentere mine tal seinare i oppgåva.

Tendensane på landsbasis, seier Grepstad, er at talet på nynorskelevar generelt er lågt, men konstant. Samstundes er talet på bokmålselevar høgt og aukande. Dette fordi vi vert stadig fleire nordmenn, men det vert ikkje fleire nynorskbrukarar, berre bokmålsbrukarar. Nynorskbrukarar vert gjerne verande nynorskbrukarar om dei bur i miljø der dei ser og bruker nynorsk i kvardagen, som det normale og som eit respektert språk av fleirtalet. Slik er det blant anna i Sogn og Fjordane der nynorsken står veldig sterkt i heile fylket. Nabofylket til Møre og Romsdal manglar dei store, tette byane. Derfor får ikkje urbaniseringa så store konsekvensar for språkbruken til innbyggjarane. Tala viser nemleg at 86 prosent av elevane i Sogn og Fjordane hadde nynorsk som hovudmål i 2012, medan tala for 2009 var på 84 prosent. Sogn og Fjordane ser dermed ut til å vere eit fylke med positiv utvikling for nynorsken (Grepstad, 2012b, s. 10–11).

### 2.3.1 Færre påbyggingselevar enn studiespesialiserande vel nynorsk

Tal som eg sjølv har fått tilsendt frå Utdanningsdirektoratet viser kor mange elevar per fylke som tok avsluttande norskeksamen sisteåret på vidaregåande, fordelte på studiespesialiserande studieretning og påbygging, våren 2014, våren 2013 og våren 2012.[4]

Før 2012 hadde Utdanningsdirektoratet ei anna inndeling enn dei har i dag, og påbyggingselevar var ikkje rekna med. For å sjå på utviklinga av språksituasjonen i skulen, må ein også samanlikne over ein mykje lengre periode enn det eg har gjort. Det eg har funne ut gjennom desse åra, presenterer eg likevel kort under.

[4] Tala ligg som Vedlegg nr. 3 i denne oppgåva.

26 prosent av elevane på studiespesialiserande og påbygging i Møre og Romsdal leverte avsluttande norskeksamen på nynorsk i 2012, mot 27 prosent i 2013. I 2014 var det faktisk ein liten auke blant dei som skreiv på nynorsk, og talet var oppe i 28 prosent. Det kan likevel hengje saman med svingingar som er heilt vanlege frå år til år.

Det er dei fire vestlandsfylka Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Rogaland som har flest nynorskelevar i den vidaregåande skulen her i landet. Fylkesvis kan vi sjå at nynorskprosenten held seg ganske stabil frå 2012 til 2014 med ein nedgang på eitt prosentpoeng i Sogn og Fjordane frå 86 prosent til 85 prosent i 2014. Hordaland viser også til ein liten, men ikkje dramatisk nedgang, og går ned frå 22 prosent i 2012 til 19 prosent i 2014. Rogaland hadde berre ein minimal nedgang frå 6,1 prosent i 2012 til 5,9 i 2014.

På landsbasis er nynorskprosenten blant elevar som tok avsluttande norskeksamen i hovudmål i den vidaregåande skulen låg, men har vore stabil dei siste åra, slik som Ottar Grepstad også påpeikar. I 2014 var nynorskprosenten 6,2 prosent for heile landet samla.

Det som er verdt å merkje seg er at nynorskprosenten ser ut til å vere noko lågare for påbyggingselevar enn det er for studiespesialiserande når ein ser på dei to studieretningane kvar for seg. Eit døme: I 2014 var det 32 prosent av studiespesialiserande elevar i Møre og Romsdal som leverte avsluttande norskeksamen på nynorsk. For påbyggingselevane var det 21 prosent. Same tendensen ser eg også dei andre åra. Dette viser att både når ein samanliknar fylke og på landsbasis. Dermed dreg påbyggingselevane ned snittet når ein ser på kor mange som leverte avsluttande norskeksamen på nynorsk i Møre og Romsdal. Det er då heller ikkje usannsynleg at det er fleire elevar som vel yrkesretta vidaregåande utdanning som vel vekk nynorsken til fordel for bokmål, enn dei studiespesialiserande elevane gjer. Elevane som går påbygging, har ofte teke ei yrkesretta utdanning. Når då tala tyder på at det er færre av påbyggingselevane som skriv nynorsk, kan det vere eit teikn på same situasjon blant

yrkeselevane også. Dette må ein uansett undersøkje nærare om ein skal dra sikre konklusjonar.

### 2.3.2 Med nynorsk som hovudmål

I juli 2014 kom ein rapport gjort av Proba samfunnsanalyse om nynorsk som hovudmål. Rapporten er utarbeidd på oppdrag frå Utdanningsdirektoratet, og har som føremål å kartleggje følgjande to forhold: 1) Kva rolle spelar dei ulike aktørane for val av skriftspråk, og kva er årsaker til at elevane skiftar hovudmål? Undersøkinga omfattar skuleeigarar, skuleleiarar, elevar og foreldre/føresette i område der mange elevar skiftar hovudmål frå nynorsk til bokmål i løpet av opplæringa. 2) Korleis dokumenterer og sikrar ulike lærarutdanningsinstitusjonar at studentane får kompetanse i både nynorsk og bokmål? Undersøkinga omfattar alle relevante lærarutdanningar og tilbod innanfor etter- og vidareutdanning. Proba samfunnsanalyse har undersøkt situasjonen ved ein ungdomsskule og to vidaregåande skular i fylka Hordaland, Rogaland og Telemark. Skulane ligg i såkalla randsoner der elevane har nynorsk undervisningsmål på barneskulen, og går på ungdomsskule eller vidaregåande skule i større senter der bokmål dominerer. Undersøkinga er gjennomført med casestudiar ved tre ulike skular, dokumentanalyse, telefonintervju, og ved ein kort statistisk analyse (Utdanningsdirektoratet, 2014, s. 2–3).

I rapporten kjem det også fram at det berre er Sogn og Fjordane (97 prosent) og Møre og Romsdal som har fleirtal av nynorskelevar (54 prosent) ved skulestart av alle fylka i landet, når ein ser både nynorsk- og bokmålselevar samla.[5] Sogn og Fjordane er det fylket som i størst grad opprettheld talet på nynorskbrukarar gjennom grunnskulen og vidaregåande. Ved utgangen av vidaregåande har prosenten av totalen på nynorskelevar i Sogn og Fjordane gått

[5] Grunnskulens informasjonssystem (GSI), 2013/2014

ned til 87, medan den i Møre og Romsdal har gått ned til 28 prosent som også Ottar Grepstad viser til i *Språkfakta Sogn og Fjordane 1646-2012*. Møre og Romsdal hadde størst nedgang målt i prosentpoeng, men talet på nynorskelevar er likevel høgare enn i dei andre randsonefylka (Utdanningsdirektoratet, 2014, s. 26–28).

Elevane som var med i undersøkinga til Proba samfunnsanalyse kjenner på at dei møter lite nynorsk på skulen, og at undervisninga stort sett går føre seg på bokmål fordi det er det skriftspråket lærarane også bruker. Lærarar, skuleleiing eller foreldre har ikkje prøvd å påverke elevane i val av hovudmål, står det òg i rapporten. Dei ser det som viktig å bruke det skriftspråket som elevane er mest komfortable med i skulekvardagen. Hos nokre av nynorskelevane, hadde dei opplevd positiv oppbakking heimanfrå fordi dei har valt nynorsk. Det ser altså ut til at elevane vel hovudmål utifrå eit ønskje om å ha eit arbeidsverkty som fungerer for dei i kvardagen. Dei fleste meistrar bokmål best, og vel då det for å gjere skulekvardagen enklare. Elevane som held på nynorsken grunngir det med at nynorsken viser kvar dei kjem frå og er ein del av kven dei er, altså knytt til identiteten deira, på same måte som dialekten deira er. Men det er ikkje fritt for at elevar som held på nynorsken også opplever utfordringar knytt til å skrive nynorsk når det meste dei les er på bokmål. Skifteproblematikken hos elevane som har bytta frå nynorsk til bokmål, viser at det handlar lite om kva som skjer i skulen. Bokmålsdominansen som elevane møter på alle samfunnsarenaer, gjer at dei vert flinkare i bokmål enn nynorsk. Dialekten viser seg også å spele ei rolle. Mange av elevane opplever at dialekten deira vert meir bokmålsnær. Derfor tykkjer då elevane at det er meir naturleg å skrive bokmål. Andre elevar tykkjer det er vanskeleg å skrive nynorsk fordi dei ikkje klarer å skilje mellom nynorsk, bokmål og dialektord (Utdanningsdirektoratet, 2014, s. 47–48).

Rapporten påviser også at skulane si organisering av norskfaget og vektlegging av nynorsk i andre fag, i tillegg til læraren sin kompetanse i nynorsk, kan ha mykje å seie for elevane sitt val av skriftspråk, konkluderer Proba samfunnsanalyse med.

Bjørn Slettemark avslutta si undersøking om sidemålsundervisninga i grunnskulen i Oslo slik:« Jeg har tidligere beskrevet holdnings- og motivasjonsproblematikken knyttet til nynorsk sidemål som en ond sirkel, hvor lærerholdninger, opplæringspraksis og elevholdninger står i et gjensidig avhengighetsforhold» (Slettemark, 2006, s. 96).

Synnøve Skjong konkluderer også med det same i kapittelet *Lærarkompetanse: Nøkkelen til god nynorskopplæring* (Skjong, 2011, s. 77). Korleis sikrar og dokumenterer ulike lærarutdanningsinstitusjonar at studentane får kompetanse i både nynorsk og bokmål? I rapporten viser ein til tidlegare forsking der elevar skiftar skriftspråk fordi dei opplever nynorsk som vanskeleg, fordi skulen er ein av få stader der dei møter nynorsk, at lærarane sin kompetanse har mykje å seie for elevane sitt læringsutbytte, at lærarar som ikkje meistrar nynorsk heller ikkje liker å bruke språket i undervisninga, og at det er uklart i kva grad lærarutdanningane vektlegg opplæring i nynorsk (Utdanningsdirektoratet, 2014, s. 10).

Proba samfunnsanalyse har funne ut er at det er store variasjonar mellom institusjonane i kva vurderingsform dei har valt for lærarstudentane, kva krav dei har sett til skriftspråk, og på kva måte dei har løyst eller ikkje løyst kravet om dokumentasjon av nynorskkompetanse. Når det gjeld skriftspråkkravet, er det mange institusjonar som ikkje har krav i det heile til sluttvurderingar av studentane. Generelt har dei gjennom denne rapporten funne teikn til at nynorsk er mindre og mindre prioritert som obligatorisk del av vurderingsordninga, dess seinare i utdanningsløpet ein kjem (Utdanningsdirektoratet, 2014, s. 74–75).

Synnøve Skjong viser til Osdal og Madsen (2010) som har dokumentert at det er store skilnader mellom lærarutdanningsinstitusjonane når det gjeld likeverdige

sluttvurderingsordningar for skriftkompetanse i bokmål og nynorsk. Denne skilnaden kan oppfattast som uttrykk for ein etablert tradisjon i norsk lærarutdanning, men må også sjåast i forhold til eit nyare ønskje om å minske talet på prøver under eksamensvilkår i lærarutdanninga (Skjong, 2011, s. 86). Synnøve Skjong seier vidare, at: «Konsekvensen er at det blir lagt lite vekt på arbeid med nynorsk skriftspråk i profesjonsutdanninga, trass i over 100 år med krav om jamstilt meistring av dei to norske skriftspråka. I dei siste åra er det også dokumentert at det er langt frå vanleg at studentane verkeleg utviklar likeverdig kompetanse i begge dei to norske målformene» (Skjong, 2011, s. 87).

I rapporten frå Proba samfunnsanalyse kjem det også fram at ingen av skulane undersøkinga vart gjennomført ved, har teke særskilde grep for å styrkje nynorsken ved skulen, eller leggje betre til rette for undervisning for nynorskelevane. Både lærarar og skuleleiing har ei passiv tilnærming til dei to skriftspråka, og meiner at både lærarar og elevar sjølve må finne ut kva språk dei vil bruke som verkty i kvardagen. Elevane som vart intervjua som har skifta frå nynorsk til bokmål, gjorde det på ungdomsskulen eller i overgangen til vidaregåande skule. Nokre få har skifta undervegs på vidaregåande. For dei fleste skjer skiftet når dei byrjar på ein skule der bokmål dominerer. Elevane tenkjer lite over at dei manglar undervisningsmateriell på nynorsk, og godtek det med at «slik er det berre» (Utdanningsdirektoratet, 2014, s. 4–5).

Rapporten frå Proba samfunnsanalyse er eit viktig bidrag i den språkpolitiske debatten, men den har metodiske trekk ved seg som er minst like interessante som funna den presenterer. Delar av rapporten kan vere problematisk ved at framgangsmåte og metodikken ser ut til å bryte med grunnhaldninga til andre teoretikarar, og då særleg språkforskarar. Rapporten kan oppfattast konkluderande når det kjem til årsaker til språkskifte blant elevar, for å vere ein rapport bygd på tre anonyme skular. Eg har tidlegare i oppgåva vist til både tal som viser dei store skilnadene frå stad til stad, og til teoretikarar og språkforskarar som understrekar dei store regionale skilnadene når det gjeld språkskifte.

Det kan i alle fall vere lurt å ha eit kjeldekritisk blikk på rapporten og undersøkingane deira. Språkforskarane Synnøve Skjong og Inger Vederhus har vore rådgjevarar på rapporten, men likevel er ikkje heile rapporten utarbeidd av språkforskarar, men av samfunnsvitarar og økonomar. Rapporten frå Proba samfunnsanalyse fungerer godt om ein skal konkludere og kome med sikre svar, men eg stiller meg tvilande til at ein slik rapport bør vere så tydeleg i svara som denne er.

### 2.3.3 Målstreken – Språkskifte i Valdres og ved Firda

Prosjektet Målstreken som var eit pilotprosjekt i regi av Valdres Mållag og Noregs Mållag, har kartlagt både språkskiftesituasjonen, og sett på haldningar og påverknad ved Valdres vidaregåande skule. Målstreken-posjektet har utarbeidd fleire rapportar, og etter å ha kartlagt situasjonen i Valdres, vart det same gjort ved Firda vidaregåande skule i Sogn og Fjordane for å samanlikne dei ulike skulane. I 2013 presenterte Målstreken-prosjektet ein tredje rapport for å dokumentere årsaker til språkskifte, sjå om det er ei utvikling i språkskiftet i Valdres og vurdere effekten av prosjektet (Garthus, 2013).[6] Bak prosjektet står Noregs Mållag, og målet var å gjere elevane i den vidaregåande skulen medvitne om språkvala dei gjer i område der nynorsken står under press.

Det som prosjektet Målstreken blant anna har funne ut, er at mange elevar skiftar frå nynorsk til bokmål når dei går frå barneskulen til ungdomsskulen, frå ungdomsskulen til vidaregåande skule og frå vidaregåande skule til høgare utdanning. Rapporten frå 2009 konkluderer mellom anna med at svært mange skiftar hovudmål i overgangen mellom barneskule og ungdomsskule, overgangen er størst i språkkløyvde kommunar, det er fleire jenter enn gutar som skiftar, og nynorskbrukarane har mindre positive haldningar til hovudmålet sitt enn bokmålsbrukarane har til sitt (Garthus, 2009). Om lag 70 prosent av elevane i barneskulen i

[6] Dei tre rapportane har namna Garthus (2009), Garthus, Todal & Øzerk (2010) og Garthus (2013).

Valdres har nynorsk som opplæringsmål, men nynorsk er jamt over lite synleg i det offentlege rommet, og særleg lite vert det brukt av det private næringslivet. Språkskifte frå nynorsk til bokmål er hovudregelen i Valdres, der 75 prosent av dei som hadde hatt nynorsk i barneskulen i Valdres skifta i skuleåret 2008–2009. På same tid hadde berre fem prosent skifta ved Firda vidaregåande skule (Garthus, Todal & Øzerk, 2010, s. 3). Undersøkinga ved Firda vidaregåande skule viste stor skilnad mellom dei to vidaregåande skulane. Språkskifte er nærast ikkje eksisterande på Firda vidaregåande skule som ligg midt i kjerneområdet til nynorsken (Noregs Mållag, s.a.).

I 2009-undersøkinga i Valdres konkluderte Målstreken-prosjektet med at dei to hovudårsakene til språkskifte, var at elevane meiner bokmål er lettare og at dei har negative haldningar til nynorsk. I 2012-undersøkinga seier 60 prosent av elevane, når dei skal forklare språkskiftet med eigne ord, at bokmål er enklare. Målstreken-prosjektet har også sett nærare på haldningane til elevane, og når dei tek stilling til utsegner som at nynorsk er stygt, svarer berre 24 prosent at det har hatt «svært mykje» eller «ein del» å seie for kvifor dei skifta. Dette i motsetnad til når dei får uttale seg fritt. Då er dei mykje meir negative når dei omtalar nynorsk. Målstreken meiner å kunne konkludere med at haldningar til dei to språka har mykje å seie for valet den enkelte gjer når det kjem til skriftspråk (Garthus, 2013, s. 5–7) .

### 2.3.4 Karaktertaktikk blant elevane?

Ved skulestart i 2012 gjennomførte Norsk Målungdom (NMU) ei spørjeundersøking ved Vinstra og Knarvik vidaregåande skule, der dei fekk inn 226 svar blant VG2 og VG3-elevar. Undersøkinga kan ikkje seiast å vere representativ for andre skular, men kan gi ein peikepinn på språkskiftesituasjonen ved desse skulane likevel. Norsk Målungdom meiner at resultata viser ein del funn som er kjende frå før, blant anna gjennom Målstreken-prosjektet, og nokre funn som ikkje har vore godt nok dokumenterte tidlegare. I rapporten står det, at: «Det mest vesentlege her er stadfesting av at karaktertaktikk er ein viktig grunn til at nynorskelevane byter til bokmål, og at det å svekkja eller fjerna vurderingsordningane i sidemål – eller å gjera sidemål valfritt – vil forsterka språkskiftet» (Norsk Målungdom, 2012, s. 3). Sju prosent av dei som har skifta frå nynorsk til bokmål har gitt svar som NMU meiner at i stor grad kan tolkast som taktiske vurderingar, nemleg at bokmål er lettare eller at det er lettare å gjere det godt med nynorsk som sidemål.

NMU hevdar at undersøkinga viser at språkskiftet er stort ved desse skulane, og i rapporten meiner dei at det står i fare for å auke ytterlegare. Av dei opphavlege nynorskelevane har 50 prosent på Knarvik og 67 prosent på Vinstra vidaregåande skule skifta frå nynorsk til bokmål. Fleire vurderer å skifte, har dei funne ut. Det samla språkskiftet kan dermed verte opp mot 65 prosent dersom dei som vurderer å skifte hovudmål faktisk gjer det. Dei meiner også å ha funne ut at 29 prosent av elevane som har skifta til bokmål, har gjort det for å få betre karakter. Mellom dei attverande nynorskelevane som vurderer å skifte til bokmål, svarer 60 prosent av dei igjen at dei vurderer det for å få betre karakter. Det er ikkje tvil om at språkskifte frå nynorsk til bokmål også er ei utfordring ved desse skulane, men ein må gå meir i djupna for å kunne kartlegge dei verkelege årsakene. NMU har ikkje nok vitskapleg hald i undersøkinga si til å kunne konkludere med at karaktertaktikk er ei viktig årsak til språkskifte generelt. 60 prosent av elevar som framleis står i fare for å skifte, høyrest veldig mykje ut,

men  i realiteten er det berre seks elevar. Dessutan er det gjort subjektive tolkingar om at elevar som grunngir språkskifte med argument som at bokmål er lettare, betyr taktisk skifte. NMU hevdar at karaktertaktikk er ei viktig årsak til språkskifte, men den subjektive vurderinga dei har gjort finn dei hos berre sju prosent av elevane.

Til samanlikning har Målstreken-prosjektet i Valdres også sett på taktisk språkskifte og berre to prosent av elevane nemner det som årsak når dei skal forklare seg. Når elevane skal ta stilling til utsegner, kjem dette likevel fram som ei viktig årsak til språkskifte (Garthus, 2013, s 10).

### 2.3.5 Språkskifteundersøking gjort av Haramsnytt

Hausten 2012 gjorde Haramsnytt ei undersøking om skriftspråk ved dei tre vidaregåande skulane Fagerlia, Ålesund og Haram. 148 elevar frå Ålesund videregående skole, 104 frå Fagerlia videregående skole og 90 frå Haram vidaregåande skule var med på undersøkinga.

Undersøkinga kan ikkje seiast å vere vitskapleg, men det har heller ikkje vore motivet for avisa. Ho gir likevel ein peikepinn om språksituasjonen for ein del elevar i Ålesunds-regionen. Undersøkinga viser at elevar med nynorsk i grunnskulen i stadig større grad vel bokmål som hovudmål på vidaregåande skule. Særleg gjeld dette elevar som går på skule i byen, altså Ålesund. Det Haramsnytt fann ut, er at om lag 45 prosent av elevane ved byskulane har nynorskbakgrunn. Målinga, som er gjort i eit utval VG2- og VG3-elevar, viser at berre 16 prosent av desse elevane sit att som nynorskbrukarar etter at undersøkinga er gjennomført på vidaregåande. Haramsnytt meiner også å funne ut at lærarane er ein del av det kollektive bokmålspresset. 94 prosent av dei spurde elevane sa at lærarane deira brukte mest bokmål i undervisninga. I Haram er det heilt motsett. Der svarer 99 prosent av elevane at

lærarane bruker mest nynorsk. Resultata er markert annleis ved Haram vidaregåande skule enn ved dei to byskulane, Ålesund og Fagerlia videregående skole, men Haramsnytt peikar på at trenden er den same. Medan 90 prosent av elevane ved Haram vidaregåande skule svarer at dei har nynorsk som skriftspråk i grunnskulen, er likevel talet på elevar med nynorsk som hovudmål redusert til 72 prosent på vidaregåande. Det viser at sjølv nynorskskulane vert påverka. Talet er dessutan redusert til 40 prosent når elevane skal tenkje seg fem år fram i tid. Det ser ikkje ut til at elevane trur dei kan eller får bruk for nynorsken i framtida når dei skal ut i arbeidslivet (Reinlund, 2012, s. 4–6).

### 2.3.6 Når skjer språkskiftet?

Marit Wadsten har drøfta språkskifte i si masteroppgåva om nynorsk i bruk i utdanning og akademisk skriving. Blant hennar respondentar var det 12,5 prosent som starta med nynorsk som hovudmål på vidaregåande. Ho viser at 3,8 prosent av alle respondentane hennar gjorde eit språkskifte på vidaregåande. Wadsten har ikkje spurt kva språk det vert skifta til, berre om det har vore eit skifte. Ein skifteprosent på 3,8 er likevel lite om ein samanliknar andre undersøkingar, men det kan hengje saman med kva slags skular og elevar som har vore med i undersøkinga.

Marit Wadsten kan likevel vise til at språkskifte held fram seinare i utdanningsløpet. Når respondentane hennar går over til universitet eller høgskule, seier 6,4 prosent at dei har skifta hovudmål i løpet av studiet. Når ein kjem opp på doktorgradsnivå, er nynorskprosenten nede i 1,6, og 7,7 prosent svarer at dei har skifta hovudmål i løpet av doktorgradsstudiet (Wadsten, 2011, s. 72). Arbeidet til Wadsten kan dermed peike på at mange språkskifte også skjer etter ferdig skulegang i grunnskulen og etter vidaregåande, når elevane har vorte studentar eller når

dei har kome ut i yrkeslivet. Dette fordi det ser ut til at fråfallet blant nynorskbrukarar aukar vidare etter vidaregåande skule.

Ingunn Kleggetveit har også gjort ei undersøking i si masteroppgåve om dei språklege forholda i Indre Agder. Ho har ikkje mange informantar, men 24 av 25 bokmålsinformantar har svart på kva tid dei har skifta skriftspråk frå nynorsk til bokmål. I underkant av 30 prosent skriv at dei skifta til bokmål på ungdomsskulen, medan 16 informantar, om lag 67 prosent, skifta skriftspråk i den vidaregåande skulen (Kleggetveit, 2013, s. 77).

Målstreken-prosjektet som såg nærare på omfanget av språkskifte på dei vidaregåande skulane i Valdres og ved Firda, fann ut at gruppene er det dei kallar diametrale motsetnader: Språkskifte finst nesten ikkje ved Firda, medan det i Valdres er svært omfattande. I begge gruppene finn ein likevel ut at om lag halvparten av språkskifta skjer ved overgangen til ungdomsskulen (Garthus, Todal & Øzerk, 2010, s. 29).

### 2.3.7 Språkstatus 2012 – Språkrådet

Språkrådet vektlegg skifteproblematikken i Språkstatus 2012 som er ein språkpolitisk tilstandsrapport. I dokumentet vert det peika på at det siste tiåret har vore ein jamn nedgang i både det relative og absolutte talet på nynorskelevar i grunnskulen, og at språkskiftet i den vidaregåande skulen held fram. Statistikk viser at meir enn halva av nynorskelevane har skifta hovudmål frå dei tek til i 1. klasse til dei går ut frå vidaregåande skule (Språkrådet, 2012, s. 91) .

Språkrådet meiner at dersom nynorsk skal vere reelt jamstilt med bokmål, må nynorsk også reknast og opplevast som ein naturleg og sjølvsagd del av kvardagen for dei fleste bokmålsbrukarar. For å vite korleis ein skal handtere dette vidare seier Språkrådet følgjande:

«Det trengst meir systematisk kunnskap om når og korleis overgangen skjer, kunnskap som så kan brukast i nynorsk språkstyrkingsarbeid» (Språkrådet, 2012, s. 103).

Resultata frå folkerøystingane om opplæringsmål i skulekrinsane vitnar om at nynorsken står under press. Etter opplæringslova § 2-5 skal kommunar halda rådgjevande folkerøysting om opplæringsmålet i ein skulekrins dersom eit fleirtal i kommunestyret eller minst 25 prosent av dei røysteføre i skulekrinsen krev det. Røysteføre i slike folkerøystingar er alle som er busette i skulekrinsen og som har røysterett i lokalval, og dessutan føresette som bur utanfor krinsen, når barna deira er elevar på barnetrinnet på den aktuelle skulen. Det er kommunen som gjer endeleg vedtak om opplæringsmål i krinsen etter rådgjevande folkerøysting. Slike folkerøystingar skjer i praksis alltid i skulekrinsar der det er nynorsk som er opplæringsmål. Det er nynorsken som får lide, og slik har det vore i fleire tiår. Dette kjem ofte av press frå foreldre eller skulenedleggingar og samanslåingar av skulekrinsar. Frå 2007–2011 vart det halde 19 folkerøystingar om opplæringsmål i grunnskulen i nynorskkrinsar. 12 av desse gjekk over til bokmål etter politisk handsaming (Språkrådet, 2012, s. 98–99).

## 2.4 Haldningar

Haldningar er eit omgrep som vert nytta både i vitskap og i det daglege. Basert på ulike teoretiske retningar finst det fleire definisjonar av omgrepet haldningar. Nokre er vide og generelle, andre meir snevre. I den daglege forståinga av haldningar veit vi at alle individ har ulike haldningar. Nokre er til dømes negative til abort, medan andre er positive. Innanfor denne ramma er det mange ulike grunngivingar for kvifor den enkelte meiner det han eller ho gjer. Nokre er positive til abort fordi dei meiner det skal vere enkeltindividet som styrer over sin eigen kropp, andre er berre positive til abort dersom den som ønskjer det, har vorte utsett for eit overgrep. Poenget er at haldningar kan vere mange, og nokre har også haldningar som

ikkje passar inn med dei sosiale rammene i samfunnet. Døme på det kan vere rasehat hos nynazistar eller eit svært negativt kvinnesyn blant islamistar.

Alice H. Eagly og Shelly Chaiken har ein nyare definisjon av haldningsomgrepet, og har formulert seg i vid forstand, slik at det også passar inn i haldningsomgrepet for språk: «Attitude is a psychological tendency that is expressed by evaluating a particular entity with some degree of favor or disfavor». Eagly og Chaiken skriv også: «Like other hypothetical constructs, attitudes are not directly observable but can be inferred from observable responses» (1993, s. 1). Ein kan ikkje sjå på folk kva slags haldningar dei har, men dei kan framprovoserast eller kome til syne ved ulike stimuli. Unntaket er sjølvsagt at nokre ber på ting eller klede som kan symbolisere haldningane deira.

Haldningar har vore eit sentralt tema i sosialpsykologien sidan 1920-talet, men resultata har ofte vore sprikande, sjølv om ein brei forskingsinnsats har prøvd å avdekke ulike sider ved haldningsproblematikken. Pr. i dag veit forskarane at det ikkje eksisterer noko enkelt årsaksforhold mellom haldningar og åtferd. Til det er den menneskelege tanke- og kjensleverda på den eine sida og dei åtferdsmessige samanhengane på den andre sida for komplekse. Det treng heller ikkje vere slik at haldningar fører til åtferd. Åtferd kan også føre til haldningar (Iversen, s.a.).

Iversen viser til teorien om gjennomtenkt handling som I. Ajzen og M. Fishbein står bak. Icez Ajzen definerer haldningsomgrepet slik: «An attitude is a disposition to respond favorably or unfavorably to an object, person, institution, or event». Ajzen kommenterer også vidare: «Although formal definitions of attitude vary, most contemporary social psychologists agree that the characteristic attribute of attitude is its evaluative (pro-con, pleasant-unpleasant) nature» (Ajzen, 2005, s. 3).

I teorien om gjennomtenkt handling tek Icek Ajzen saman med Martin Fishbein, definisjonen eit steg vidare, til teorien om at det er tydelegare samanheng mellom intensjon og handling, enn det er mellom haldning og handling. Dei seier følgjande:

> (..), most investigators would agree with the definition of attitude as learned predisposition to respond to an object in a consistently favorable or unfavorable manner. This definition implies a strong link between attitude and behavior, and the traditional view has been that any stimulus object comes to elicit an attitude which mediates or determines all responses to the object. It follows that if one could measure this attitude, one would be able to explain and predict a person's behavior. (Fishbein & Ajzen, 1975, s. 336)

Bente Selback tek også opp omgrepet haldningar i si hovudfagsavhandling. I *Det er heilt naturleg. Ei gransking av skriftspråkshaldningar* (2001, s. 9) handlar haldningar om evaluering. Det gjer ein ved å gi haldninga ein verdi, skriv Selback. Eagly og Chaiken (1993) viser at haldningar anten kan vere positive eller negative på ein skala der ein har eit nøytralt midtpunkt. Haldningar varierer også i kor stor grad dei er viktige for personen. Eagly og Chaiken meiner at det er mogleg å måle haldningar utifrå ein modell som skildrar haldninga som ein mellomliggjande variabel mellom det dei kallar stimuli og respons. Dei meiner at ein då kan måle haldningane fordi ein kan observere responsane som er eit resultat av haldningane (Eagly og Chaiken, 1993, s. 10). I denne oppgåva er det haldningar til språk som er vesentleg, men språkhaldningar kan vere eit generelt omgrep som viser til haldningar til språk generelt, til skriftspråk som nynorsk eller bokmål, men også til språkbrukarar og språkbruk (Bente Selback, 2001, s. 10).

### 2.4.1 Haldningar til nynorsk i den vidaregåande skulen

Det finst lite forsking på haldningar til språkbruk blant elevar i den vidaregåande skulen. Det er mest undersøkingane frå Målstreken-prosjektet i 2009 og 2010 ein kan samanlikne med, og noko frå Proba-rapporten som kom i 2014. Bente Selback har granska skriftspråkhaldningar, men det er ikkje retta direkte inn mot skulen. Det går på informantar i ulike aldrar privat og i yrke.

Målstreken-prosjektet har funne ut at både elevane i Valdres og elevane ved Firda vidaregåande skule er tydeleg positive til dialekten sin. Det gjeld både nynorsk- og bokmålselevar. Ein treng altså ikkje skrive nynorsk for å ha ei positiv haldning til sin eigen dialekt. Nynorskelevar ved begge skulane er jamt positive til begge skriftspråk, men firdaelevane er mest positive til nynorsk. Nynorskelevane i Valdres seier også at dei ikkje kjem til å bruke nynorsk i framtida, medan elevane ved Firda seier det motsette (Garthus, Todal & Øzerk, 2010, s.29–30).

Likevel kjem det fram av undersøkinga gjort i Valdres at nynorskbrukarane har dårlegare forhold til nynorsk enn bokmålsbrukarane har til bokmål. Dei fleste av elevane i Valdres er dessutan positive til nynorsk i Valdres, sjølv om dei ikkje vil skrive det sjølve (Garthus, 2009, s. 23).

I ei nasjonal undersøking frå TNS Gallup i 2006, svara berre 18 prosent av elevane som var med på undersøkinga at dei liker å skrive nynorsk. Det vil seie at 82 prosent av elevane ikkje liker å skrive nynorsk (Utdanningsdirektoratet, 2006b, s. 44). [7]

---

[7] Nasjonal undersøking gjort av TNS Gallup der elevar frå 10. trinn i ungdomsskulen var med og VK1-elevar frå allmennfagleg studieretning.

### 2.5 Makt og påverknad

Øyvind Østerud, Fredrik Engelstad og Per Selle definerer maktomgrepet i *Makten og demokratiet – En sluttbok fra Makt- og demokratiutredningen.* Dei skriv*:* «Makt er evne til å gjøre en forskjell, nå et mål, skape en virkning, enten direkte i beslutnings- og tvangssituasjoner eller indirekte gjennom symboler, institusjoner og sosiale strukturer». Vidare skriv dei, at: «Makten er ulikt fordelt ved at ressursgrunnlaget varierer og ved at de svakere bøyer seg for de mektigeres krav, eller ved at institusjoner og strukturer tjener noen interesser i andre interessers disfavør. Symbolske, institusjonelle og strukturelle maktforhold kan være utilsiktet og skjult for aktørene, men kan også påvirkes og formes strategisk» (2009, s. 15). Ulike maktformer er ofte vovne inn i kvarandre, utan noka bestemt form for hierarki mellom dei ulike sfærane. Ein skil gjerne mellom politisk, sivil, økonomisk og ideologisk makt. Mange ulike typar ressursar kan vendast mot maktomgrepet. Det kan vere legale styresmakter, finansiell styrke, privilegert tilgang på kunnskap eller ekspertise på ulike felt, monopolisert løyve til handlingstakarar, kulturell status eller tvangsmidlar (Østerud et al., 2009, s. 15).

Språk er også makt. Språket formar oppfatninga vår av røynda, skapar kjensler og assosiasjonar. I interessekamp mellom grupper kan nokon få overtaket. Kampen om omgrepa og ordvala vert ein del av maktkampen i samfunnet. Likevel viser ikkje språkleg makt seg berre i form av å bruke språket, men òg om språket. Språket er ein del av alle dei ulike meiningane vi lever med. Dette gjeld på alle språklege nivå, frå variasjonar mellom dialektar eller eit nasjonalspråk til forholdet mellom nasjonale språk (Østerud, et al., 2009, s. 281).

Østerud, Engelstad og Selle drøftar også forholdet mellom nynorsk og bokmål i ein maktsituasjon:

> Nynorsken har meir institusjonell motstandskraft, som skriftstandard med en organisert bevegelse i ryggen, men den er samtidig regionalisert og underordnet en bokmålskode som dominerer gjennom folkeflertall, i offentlighet og massemedier. Like fullt er det slik at de norske språkformene har felles interesser i forhold til utfordringen fra angloamerikansk. (Østerud et al., 2009, s. 287)

Rolv Mikkel Blakar drøftar også maktspelet mellom nynorsk og bokmål i *Språk er makt*. Boka som kom ut for første gong i 1973 opna eit nytt perspektiv på språk. Blakar presenterte analysar og perspektiv på makt og språk som er nyttige no fleire tiår etter den første utgåva. Blakar seier blant anna at: «Valget mellom dei to språka representerer altså, i djupaste forstand, *valget* mellom to ulike måtar å gripe og forstå røyndomen på» (Blakar, 1996, s. 93. Blakar seier at språket fortel noko om bakgrunnen vår, geografisk så vel som sosialt. Vi presenterer identiteten vår i stor grad gjennom språket, hevdar Blakar. Han meiner at mot denne bakgrunnen, forstår vi kor avgjerande det er om språket eller dialekten vår vert sett ned på eller respektert. Han skriv:

> Når språkminoritetar (t.d. nynorsk) slåss for språket sitt, så slåss dei *minst* like mykje for å vinne respekt for sin veremåte, for sin kultur, ja, for sin identitet. Og dersom nokon lykkast i å stemple eit språk som mindreverdig, så har vedkomande samtidig sikra seg «nakketak på» den kulturen og det folket som nyttar dette språket. (Blakar, 1996, s. 94)

Den norske sosiologen, Gudmund Hernes som blant anna er kjend for si *Makt og avmakt* (1975), drøftar også desse omgrepa nøye der, men han har også gått djupare inn i Richard M. Emersons analyse av avhengigheitsforhold.[8] Emersons artikkel *Power-Dependence Relations*

[8] Gudmund Hernes leia den første maktutgreiinga i Noreg i åra 1972-1982 og vert ofte kalla maktutgreiingas «far». Øyvind Østerud leia den andre i åra 1998-2003 (Grepstad, 2012, s. 210).

frå 1962 er ein klassikar og setje ein ny dagsorden for seinare forsking.[9] Emerson har ei kritisk haldning til førestillinga om at makt er ein generell ressurs – altså noko som ein person har, og som kan rettast mot å verkeleggjere ulike mål, slik som ein kan med pengar. Emerson hevdar at makt er eit trekk ved ein relasjon, ikkje ved ein person. Han definerer den makta ein aktør har over ein annan ved avhengigheit (Hernes, 1998).

Ottar Grepstad drøftar kven som har makt over språket i *Draumen om Målet* (2012a). «Nynorskbrukarane har slett ikkje alltid makta over si eiga målform. Vi kan seiast å ha makta i dei situasjonane og dei miljøa der vi utgjer fleirtalet. Elles vil den som bruker eit mindre brukt språk enn fleirtalet, dagleg merke at det er andre som har makta over språket hans. I Noreg har bokmålsbrukarane meir makt over bruken av nynorsk enn nynorskbrukarane har sjølve», hevdar Grepstad (Grepstad, 2012a, s. 209). Om det er tilfelle det Grepstad meiner her, kan det underbyggje ein påstand om at bokmålselevar påverkar nynorskelevar til å skifte skriftspråk. Det er liten tvil om at det vert eit spørsmål om makt også her, men ein må ha vitskaplege undersøkingar for å kunne slå dette fast. Det er ikkje sagt at det er slik i alle situasjonar og til ei kvar tid.

### 2.5.1 Når andre har makt over identiteten

«The self, as that which can be an object to itself, is essentially a social structure, and it arisen in social experience. After a self has arisen, it in a certain sense provides for itself its social experiences, and so we can conceive of an absolutely solitary self. But it is impossible to conceive of a self arising outside of social experience» (Mead, 1934, s. 140). Pragmatikaren George Herbert Mead forklarar her korleis vi inntek sosiale roller, og at det er naturleg for oss, ikkje tillært. Han såg på det som ein naturleg del av å vere eit reflekterte individ.

[9] Eg har fått tilgang til den norske versjonen av den. Oversatt av Heidi Grinde (1998). Henta herifrå: http://www.magma.no/makt-og-avhengighetsrelasjoner

Sveinung Time viser at språket vårt er knytt opp til identiteten vår. Når Bjørnstjerne Bjørnson gjekk på talarstolen 23. oktober 1899 for å mane til kamp mot landsmålet, angreip han identitetskjensla hos landsmålsforkjemparane som følte seg råka av urettferd, men samstundes tende han også identitetskjensla blant tilhengjarane sine som standhaftig såg på nynorsken som eit trugsmål. Identitetsdanninga til skriftspråka var på mange måtar smertefull og konfliktfylt, men tok opp eit språkpolitisk spørsmål som galdt alle nordmenn. Språkpolitikk engasjerer fordi det er noko som er knytt til identitet, uansett kva side ein står på i språkdebatten (Time, 1997, s. 185).

Sveinung Time konkluderer også med at å ha ein identitet ikkje primært er sosiologisk, eller psykologisk, men mest eit (kon)*tekstleg* fenomen. «Det dreiar seg om korleis vi blir del av samfunnets nettverk og vev av sjangrar, tenke-, tale-, skrive og forståingsmåtar». Han forklarar nærare at identitetsdanning aldri vert eit avslutta prosessuelt og relasjonelt fenomen: «Det er ei stadig utviding : det å knyte eget til dei stader (topos) ein vil eller må høyre heime; for eksempel heimen – familien – kjønnet – gjengen – bygda – byen – nasjonen» (Time, 1997, s. 183).

Brit Mæhlum drøftar også samanhengen mellom språk og identitet. Mange språkforskarar har vore svært opptekne av ein nær samanheng mellom menneska sin identitet og bruken deira av språket. Innanfor denne tradisjonen har språk vorte sett på som ein av dei viktigaste identitetsskapande faktorane, nettopp fordi det er i stor utstrekning at vi gjennom språket gir uttrykk for identiteten vår. Mæhlum skil mellom to ulike idéhistoriske retningar å omtale identitet på. Den eine retninga vert kalla essensialisme og er basert på ei førestilling om tings vesen og sanne natur, ved at identitet er permanent, evig og uforanderleg, immun mot ytre påverknad og sosiale impulsar. Ifølgje ei essensialistisk oppfatning er eit individs identitet medfødd. Den andre retninga vert kalla konstruktivistisk, og den hevdar at identitet kan endrast over tid, at det er noko variabelt, omskifteleg og dynamisk. Eit tredje alternativ er ein

syntese av dei to oppfatningane, der ein legg vekt på vekselsverknadene i begge modellar (Mæhlum, 2008, s. 108–110).

Vi kan seie at identiteten vår ikkje er homogen. Vi kan dermed gå utifrå ei oppfatning av at vi har fleire identitetar eller at identiteten vår er sett saman av fleire delidentitetar, som kjem til uttrykk gjennom dei ulike rollene vi har. Gunnstein Akselberg viser til desse identitetane våre når det kjem til det munnlege språket òg. Vi har ulike stilnivå i språket vårt, alt etter kva roller vi har i ulike kontekstar. Snakkar vi til born, nyttar vi eit anna stilnivå enn når vi snakkar med vener, endå eit anna når vi pratar med foreldre og besteforeldre, og andre stilnivå når vi er i formelle situasjonar og snakkar med folk som vi ikkje kjenner så godt (Akselberg, 2001, s. 199).

### 2.5.2 Engelsk påverknad

I kapittel 2.2 *Globalisering fører til språkskifte* vert omgrepet globalisering forklart oppimot språkskifte. Når ein snakkar om språk som påverkar nynorsk og bokmål i sin heilskap, forklarer ein ofte det med den angloamerikanske dominansen både språkleg og økonomisk. Sylfest Lomheim meiner det vert for snevert. Han hevdar at det er koplinga mellom den engelske ekspansjonen og framveksten av den teknologibaserte globale samtalen som er forklaringa. Teknologiske kvantesprang som telegrafen, telefonen, radioen, fjernsynet, mobilen og Internett må knytast opp til engelsken sin frammarsj som verdsspråk.
Lomheim meiner det først og fremst er bokmål som lir domenetap av at engelsk stadig et seg innover det norske språket. Dette fordi bokmål nærast er einerådande på somme felt, som til dømes næringslivet. Likevel kan det også verte ein kamp for nynorsken med tida på andre plan (Lomheim, 2001, s.222–223).

Ingen av dei norske skriftspråka nynorsk og bokmål er i dag utryddingstruga, men kan stå overfor språktap når engelsken tek over viktige bruksområde til språket. Språktap er den

ytterste form for provinsialisme, seier Østerud, Engelstad og Selle. Dei meiner at når språket vert svekt og forflata, går kodar og nyansar tapt, assosiasjonsrikdom tørkar inn. «Områder som overtar et dominerende fremmedspråk, er kulturelt underlegne i generasjoner fordi språkets resonansbunn og kulturelle kontekst mangler» (Østerud et al., 2009, s 287).  Derfor er makt over språket ei sentral form for kulturell og ideologisk makt. I språkleg samanheng kan globalisering vere eit anna ord for angloamerikansk hegemoni. Dei skriv vidare: «Det offisielle Norge har svak selvtillit på vegne av norsk språk. Det kan ha samanheng med at det dominerende bokmålet aldri har inngått i et nasjonsbyggende prosjekt, mens nynorsken – som nettopp var en del av et slikt prosjekt – er trengt tilbake som en regional variant med svakest feste i hovedstaden» (s. 287). Østerud, Engelstad og Selle hevdar vidare at bokmålet har relativt lita motstandskraft mot angloamerikansk dominans, samstundes som bokmål og nynorsk er bundne saman mot ein lagnad som på lengre sikt kan føre til språkforvitring og språkdaude for begge skriftspråka. På det språklege plan betyr globalisering og aukande internasjonalisering det same som stormaktsdominans. Svak motstandskraft overfor presset mot norsk språk er ei side av forvitringa av demokratiet, svekkinga av dei kollektive prosjekta og den breie folkerørsla ei anna. Slik er djuptgripande endringar i symbolske og institusjonelle maktforhold knytte saman, meiner dei (Østerud et al., 2009, s. 287–288).

Då prosjektet Målstreken gjennomførte spørjeundersøkingar ved dei vidaregåande skulane i Valdres og ved Firda, fann dei ulikskapar mellom dei to informantgruppene. Firdaelevane er meir positive til engelsk enn valdreselevane. Dei forklarer det med at elevgruppene er ulikt samansette, med fleire yrkesfagelevar i Valdres enn ved Firda. Ein kan også tenkje seg at elevar med sterk språkleg sjølvtillit, noko som kom tydelegare til syne ved Firda enn i Valdres, er meir opne for eit framandspråk (Garthus, Todal & Øzerk, 2010, s. 29).

### 2.5.3. Påverknad og miljø

Påverknad kjem frå fleire hald, og lærarane er blant dei som påverkar. Naturleg nok, sidan elevane er i ein læringsrelasjon med dei fem dagar i veka. Synovate Norge AS gjennomførte ei landsomfattande undersøking på oppdrag frå Språkrådet hausten 2011 for å finne ut meir om norsklærarane si haldning til eige fag. Hovudfunna peikar på at utdanningsnivået og erfaring hos lærarane er vesentleg for kva haldningar dei har til norskfaget. Dei fleste av lærarane med lengst utdanning tykkjer dei har god eller ganske god kompetanse til å undervise i dei emna læreplanane krev at dei skal undervise i. Samstundes svarer nesten halvparten av alle lærarane at dei er usamde i læreplanen si likestilling mellom bokmål og nynorsk. Lærarar som har kort utdanning, og samstundes arbeider i ungdomsskulen og helst bruker bokmål sjølve, er dei som er mest negative til likestilling mellom dei to skriftspråka våre (Språkrådet, 2011, s. 78).

Gjennom prosjektet Målstreken konkluderer prosjekthavarane med at svært mange lærarar i Valdres har eit medvite forhold til språk. Likevel er det også nokre innanfor skulen på alle nivå som ikkje har særleg interesse for nynorsk. Enkelte har også sagt at dei ikkje meistrar nynorsk. Den kanskje største gruppa er likevel alle dei andre som tek likestillinga mellom nynorsk og bokmål for gitt. Mange tenkjer nok at om ein snakkar om desse forholda, kan ein vere med på å gjere nynorsken mindre attraktiv for ungdommane. Men kva om det er omvendt? At om ein snakkar om språkskifte og styrkeforholdet mellom dei to skriftspråka våre, kan det i staden verke bevisstgjerande (Garthus, Todal & Øzerk, 2010, s. 32).

Lærarane må sjå på seg sjølve som ein svært viktig faktor når det gjeld å skape positive haldningar og motivasjon, og dermed leggje til rette for læring hos elevane. Dette bør skje gjennom ei variert og allsidig tilnærming til nynorsk. I alt skulearbeid er det viktig å ha foreldra med på laget, og nedlatande haldningar til eit fag, som elevar får høyre heimafrå,

smittar ofte. Å vere positiv og inspirere barna, uansett kva fag det gjeld, er veldig viktig, påpeikar Benthe Kolberg Jansson (Jansson, 2011, s. 182).

"Alle planer om å utvikle og forbedre skolen vil mislykkes uten kompetente, engasjerte og ambisiøse lærere og skoleledere. De er skolens viktigste ressurs" (Kunnskapsdepartementet, 2003–2004, s. 4).

## 3.0 Metode

I denne delen av oppgåva vil eg utdjupe val av metode og korleis eg har gått fram for å hente inn data til oppgåva mi. Eg kjem til å gå nærare innpå utforminga av spørjeskjemaet og på utval av respondentar. Deretter skal eg sjå på kor mange som har svart, og drøfte reliabilitet, validitet og konfidensialitet.

### 3.1. Kvantitativ metode med kvalitativ analyse

Eg vurderte det slik at det ville vere lettast å sjå nærare på problemstillinga mi ved å nytte ein kvantitativ metode ved å lage ei spørjeundersøking og presentere resultata gjennom tabellar og diagram.[10] Eit spørjeskjema kan vere strukturert med oppgitte svaralternativ på alle spørsmåla. Det kan også ha opne spørsmål. Eg valde å kombinere desse alternativa i eit semistrukturert spørjeskjema.[11] Dette fordi eg ville at elevane skulle svare på spørsmåla med klare svaralternativ slik at dei vart lette å systematisere. Samstundes er ulempen med berre prekoda svaralternativ at det ikkje gir høve til å fange opp informasjon utover dei oppgitte spørsmåla og svaralternativa. Derfor var eg også medviten om at eg ville ha med opne spørsmål der det var nødvendig for at elevane fekk uttrykkje sine eigne meiningar. Metodisk kan det også vere lurt å bruke opne spørsmål når det ein skal undersøkje er eit lite kjent fenomen. På den andre sida er det vanskeleg å formulere spørsmål som verkeleg er opne, og opne spørsmål gir nødvendigvis ikkje gode data å arbeide med (Johannessen et al., 2011, s. 261). Eg ønskte å oppnå ein balanse mellom spørsmåla, men har flest av dei prestrukturerte.

Fordi eg også hadde fleire opne spørsmål, der elevane fekk uttale seg fritt om haldningar og påverknad, gjorde eg ein kvalitativ analyse der eg systematiserte og oppsummerte elevane

[10] Spørjeskjemaet ligg bak oppgåva som vedlegg 1.
[11] Spørjeskjemaet er godkjend frå NSD, og godkjenninga ligg bak oppgåva som vedlegg 2.

sine meiningar. I drøftinga diskuterer eg kva som kan vere forklaringa på dei resultata eg har kome fram til, men eg er klar over at det utifrå eit metodisk perspektiv, er vanskeleg, fordi ein då langt på veg hevdar å kjenne eit anna menneske si tankeverd. Kva det er som gjer ei handling fornuftig for eit anna menneske, er det ikkje lett å få innblikk i. Individ som ein forskar på, har sine eigne fortolkingar og oppfatningar av røynda som dei handlar utifrå. Derfor må ein også ha i bakhovudet at i fortolkinga av undersøkinga, må ein prøve å avdekke både dei sosiale reglane som regulerer det feltet ein studerer, og dei individuelle intensjonane som ligg bak individa sine handlingsval (Johannessen et al., 2011, s. 234).

Gjennom dei undersøkingane eg har gjennomført, kan ein samanlikne mine funn med tidlegare forsking, for å sjå om vi har funne fellestrekk, eller om det er noko som strir mot kvarandre. Mine undersøkingar kan vere eit grunnlag for vidare undersøkingar ved andre skular i fylket eller i landet. Funna kan ikkje generaliserast for andre skular eller landsdelar.

### 3.2 Spørjeskjemaet

Eit godt spørjeskjema skal utformast slik at det gir svar på problemstillingane. Samstundes er det viktig å stille mest mogleg spesifikke spørsmål. Eg var sjølv i kontakt med prosjektleiar for Målstreken-prosjektet i Valdres, Karen Marie Kvåle Garthus, som gav meg tilgang til spørjeskjemaet som dei hadde brukt. Eg brukte det som utgangspunkt for å utforme mitt eige spørjeskjema, samstundes som det vart enklare å samanlikne ein del av dei svara både eg og dei har kome fram til. Det går sjølvsagt berre an å gjere med dei spørsmålsformuleringane som er heilt like kvarandre (Johannesen et al., 2011, s. 260).

Spørjeskjemaet vart laga i Word og trykt opp ved Hustrykkeriet i Volda før eg leverte det ut til skulane. Det er mange måtar å gjennomføre ei spørjeundersøking på, og som Asbjørn

Johannessen, Per Arne Tufte og Line Christoffersen utdjupar i boka *Introduksjon til samfunnsvitenskapelig metode* (2011), er det viktigaste at spørjeskjemaet er sjølvinstruerande. Kort oppsummert skal spørsmåla vere relevante, enkelt formulerte og eintydige.

Det var ulike meiningar blant kontaktpersonane mine på dei ulike skulane om korleis dei ville gjennomføre undersøkingane. Eg tilbaud meg å vitje alle skulane for å gjennomføre spørjeundersøkinga. For å få innpass på dei ulike skulane må ein ha forståing for og tilpasse seg korleis dei vil gjennomføre henne, samstundes måtte eg passe på at deira interesser ikkje skada mine undersøkingar.

Læraren eg var i kontakt med på Volda vidaregåande skule ville berre ta imot spørjeskjemaet, og dele det ut i klassene og gi meg beskjed når alle hadde gjennomført undersøkinga. Der var eg og leverte dei til kontaktlæraren i byrjinga av desember 2012 og henta dei igjen på nyåret 2013. Fagerlia vidaregåande skule ville det same som Volda. Derfor gjorde eg det på same måten der og henta dei på same tid. Molde vidaregåande skule ville gjerne at eg tok turen og tok meg av alt i klassene. Der brukte eg ein skuledag på gjennomføring av undersøkinga, og eg vitja dei i januar 2013.

Eg valde å la skulane få avgjere sjølve korleis dei ville gjennomføre spørjeundersøkinga. Det var eit ønskje frå meg om å få vere til stades for å vere tilgjengeleg om det skulle dukke opp spørsmål. To av skulane ønskte likevel å ta imot spørjeskjemaet og dele ut sjølve, for så å ta kontakt med meg når det var gjennomført. For meg var det viktig at det var akkurat desse tre skulane som vart med på undersøkinga mi. Derfor vart det krevjande å skulle stå på krava for å få kome inn i klassene. Eg ser at etter undersøkinga var gjennomført, at eg truleg ville fått høgare svarprosent om eg hadde møtt opp i alle klassene sjølv.

På framsida av undersøkinga står det kort om føremålet med undersøkinga, opplysningar og kontaktinfo til meg som gjennomfører den, info om tilrådinga frå personvernforbundet for

forsking (NSD), erklæring om samtykke til å vere med på undersøkinga og informasjon om konfidensiell handsaming. Alt dette er viktig for å gå metodisk og etisk rett til verks.

### 3.2.1 Utforminga av spørjeskjemaet

Når ein skal lage eit spørjeskjema, kan ein dele inn spørsmåla i tre delar: 1) Kva elevane veit, altså kunnskap. 2) Kva elevane gjer, altså handlingar. 3) Kva elevane meiner, altså haldningar (Johannessen et al., 2011, s. 268–269). I denne undersøkinga er det handlingar og haldningar som har stått i fokus.

Det mest vanlege er å stille spørsmål om kjønn, alder, utdanning og bustad. Det gjorde også eg. Dette fordi eg ønskte å sjå om eg fann skilnader i kjønn, å sjå på kva kommune elevane kom frå og kva skular dei som har skifta skriftspråk har gått på. Alder spurde eg ikkje etter, då det ikkje var naudsynt å vite grunna utvalet av elevar.

Generelt trur eg at spørsmåla i spørjeundersøkinga mi var klare, og det var lite rom for misforståringar. Det er i alle fall tilbakemeldingane eg har fått ifrå lærarar og elevar i etterkant. Ein del av elevane har også kommentert i siste spørsmålet, der dei fekk kommentere språkbruk generelt, at det var ei grei spørjeundersøking.

Noko anna eg kort vil nemne, er bruken av orda målform og målbyte. I spørjeskjemaet brukte eg dei omgrepa utan å tenkje over det, men eg såg i ettertid at eg heller ville bruke skriftspråk og språkskifte. Eg tenkte ikkje så nøye over bruken av det før eg byrja å skrive, men eg valde å bruke språk og språkskifte fordi dei omgrepa er meir eintydige og presise. Eg bruker det konsekvent i oppgåva på same måte som Eli Bjørhusdal skriv om språk og språkskifte i si doktoravhandling. Ho viser også til at bruken av mål og målform viser tilbake til ein nøytralitetsperiode i norsk språkpolitikk fram til 1908 og speglar tida det har vore brukt i

(Bjørusdal, 2014, s. 479). Eg er sikker på at det ikkje skapte noko problem for elevane som tok undersøkinga, men eg ønskjer å vere konsekvent i oppgåva likevel.

### 3.3 Utfordringar med kvalitativ analyse

Eg visste at eg kom til å få inn mange meiningar frå elevane som hadde skifta skriftspråk frå nynorsk til bokmål. Derfor ønskte eg å sjå nærare på grunngivingane deira og setje det i system. Den kvalitative analysen vart derfor ei forlenging av spørjeundersøkinga. Kanskje var det nokre meiningar og haldningar som kom til å gå igjen blant elevane. Eg ante sjølvsagt ikkje på førehand kor mange elevar som kom til å seie at dei har vorte påverka av lærarar, foreldre, vener eller andre. Då eg hadde danna meg ei oversikt over kor mange som faktisk sa at dei hadde vorte påverka, systematiserte eg det i tabellar.

Utfordringa med ein kvalitativ analyse kan blant anna vere at forskaren kan slite med å finne ein balansegang mellom ei skildrande og ei fortolkande framstilling. På den eine sida er det viktig å gi ei framstilling som er fyldig og så nær røynda som mogleg av det fenomenet ein har observert, og å unngå overfortolking. Ein annan balansegang går mellom forskaren si eiga fortolking og korleis deltakarane sjølve oppfattar og forstår situasjonen (Hellevik, 2009, s. 198).

## 3.4 Utvalet

Det vil nesten alltid vere fleire einingar og variablar innanfor problemstillinga som kan takast med i ei undersøking, men det er ikkje alt som er mogleg eller føremålstenleg å undersøkje. Ein må gjere eit utval. Det er viktig å gå fram på ein slik måte at utvalet vert mest mogleg representativt (Hellevik, 2009, s. 113). Eg kan likevel ikkje generalisere funna mine for andre skular og område, sidan språkskifte er avhengig av kvar i landet ein bur. Ein kan likevel seie noko om situasjonen for akkurat dei skulane som var med i undersøkinga mi, om ein har eit representativ utval elevar på dei enkelte skulane.

Eg ser det som viktig at skulane som vart spurde om å vere med på spørjeundersøkinga låg i ulike geografiske område i fylket. At ikkje alle låg i Romsdal eller på Sunnmøre var viktig. Samstundes har ein skiljet mellom by og land som ville vere interessant å sjå nærare på. Før eg avgjorde kva skular som burde vere med i undersøkinga, fann eg ei oversikt over kva skriftspråk dei ulike kommunane i fylket nyttar, og dermed kunne eg sjå nærare på geografisk område. Dette fordi det var viktig at både nynorskområde og bokmålsområde vart representerte. Randsoner der nynorsk og bokmål står side ved side er spesielt interessante fordi presset er ekstra stort på elevane der. Nynorskskulane er under sterkt press, og sjølv om små barneskular har nynorsk som opplæringsspråk, har dei større og sentraliserte ungdomsskulane bokmål eller klasser med blanding av elevar som har ulikt hovudmål. Som Anne Steinsvik Nordal skildrar det: «Når nynorsk er i mindretal, vert det eit kontinuerleg press på nynorskelevane, dei må heile tida aktivt ta stilling til kva språkform dei vil skrive, og det er krevjande å skilje seg ut frå fleirtalet i opplæringssituasjonen» (Nordal, 2011, s. 115).

Det fordelar seg slik at *ein* kommune i Møre og Romsdal har stadfesta å bruke bokmål som skriftspråk, 22 kommunar nynorsk og 13 kommunar er såkalla nøytrale (Endr. i forskrift om målvedtak i kommunar m.m, 2013). I praksis betyr det at dei tretten kommunane som kallar

seg språknøytrale, faktisk er bokmålskommunar fordi det er mest bokmål som vert nytta både som administrasjonsspråk og som opplæringsspråk i skulekrinsane.

*Fig. 1. Oversikt over språk i kommunar i Møre og Romsdal delt opp i distrikt.*

| | **Nynorsk** | **Bokmål** | **Nøytral** |
|---|---|---|---|
| **Sunnmøre** | Giske, Haram, Hareid, Herøy, Norddal, Sande, Skodje, Stordal, Stranda, Sykkylven, Sula, Ulstein, Vanylven, Volda, Ørskog og Ørsta. | | Ålesund |
| **Romsdal** | Aukra, Midsund, Nesset, Sandøy og Vestnes. | Eide | Fræna, Molde og Rauma. |
| **Nordmøre** | Surnadal | | Aure, Averøy, Gjemnes, Halsa, Kristiansund, Rindal, Smøla, Sunndal og Tingvoll. |

Kva kommunar som nyttar kva skriftspråk, er svært interessant for nettopp utval av skular. Dette fordi elevane har ulikt utgangspunkt og har ulike haldningar til språkbruk. Kanskje kan miljøet dei har vakse opp i, fortelje noko om kvifor dei har skifta skriftspråk i løpet av skuleåra. Med dette i bakhovudet var tanken å i alle fall ha med *ein* skule i undersøkinga som låg tungt inni ein nynorskkommune, og minst *ein* skule som låg i eit område der nynorsk er under press. Volda vidaregåande skule ligg midt i «nynorskland». Fagerlia videregående skole er ein skule som ligg i den språknøytrale kommunen Ålesund, men der dei aller fleste elevane har bokmål som opplæringsspråk. Samstundes går det mange elevar frå nynorskkommunane rundt Ålesund på skule der og ein del elevar har også hatt nynorsk som opplæringsspråk i løpet av barneskulen. Korleis dei vert påverka og om dei held på hovudmålet sitt gjennom dei tre åra på vidaregåande skule, ville vere interessant å sjå nærare på. Noko av det same

utgangspunktet som ved Fagerlia såg eg Molde videregående skole hadde. Det er ein stor skule med nynorskelevar i klart mindretal. Samstundes er det også fleire nynorskkommunar rundt Molde og mange derifrå som er elevar ved Molde videregående skole. Tre skular med interessante utgangspunkt for haldningar, påverknad og ikkje minst, kor mange som skiftar frå nynorsk til bokmål i løpet av skuleåra.

Det er mange måtar å gjere eit utval på. Eg har gjort eit utval etter skjøn fordi eg ikkje let det vere tilfeldig kva einingar som skal kome med i utvalet, nettopp for å sikre meg det utvalet med dei kriteria eg allereie har lagt (Hellevik, 2009, s. 120). Ved ei slik utveljing er det sjølvsagt viktig å vere klar over dei farane dette medfører. Når ein forskar gjer slike val, kan ho/han umedvite velje einingar som stemmer med hennar/hans førehandsoppfatningar. Dermed vert det lettare for forskaren å få stadfesta hypotesane sine når ho undersøker utvalet enn det ville vere om denne forskaren hadde gjort eit anna utval på ein annan måte. I andre situasjonar kan ein få utval som er skeive, påpeikar Ottar Hellevik. Då kan det skje at forskaren ikkje får stadfesta sine hypotesar grunna det (Hellevik, 2009, s. 122).

## 3.5 Avgrensing av skular og elevar

Det ville verte for omfattande å ta med alle dei vidaregåande skulane i Møre og Romsdal i oppgåva. Derfor valde eg ut tre skular eg ønskte å sjå nærare på i oppgåva mi. Eg gjorde eit utval på bakgrunn av geografi og nynorsk versus bokmålsområde som eg har gjort greie for. I dette delkapittelet går eg nærare inn på avgrensing av utval på skulane når det kjem til klassesteg og studieretning.

### 3.5.1 Klassesteg

Dei som skiftar frå nynorsk til bokmål, ventar ikkje nødvendigvis med det til dei kjem på vidaregåande. Nokre skiftar på barneskulen og andre i løpet av ungdomsskulen. Det var viktig for meg å kartlegge også dette tidlegare språkskiftet, og ikkje berre finne ut kven som skifta på vidaregåande. Derfor ønskte eg å kartleggje skriftspråkskiftet for desse elevane gjennom heile grunnskulen og vidaregåande. Eg valde vidare å avgrense utvalet til å gjelde tredjeklassingar. Årsaka til dette er at om ein gjennomfører spørjeundersøkinga blant tredjeklassingar, noko eg gjorde mot jul og på nyåret, er dei i ferd med å avslutte tre år vidaregåande skule og skal vidare på andre studium på universitet eller høgskule, eller ut i arbeidslivet. Det burde dermed vere mogleg å få kartlagt så presis som ein kan dei faktiske tal på kor mange som har skifta hovudmål i løpet av skuleåra. Nokre kan sjølvsagt finne på å gjere det siste halvåret før eksamen, men eg trur eg skal ha klart å få med dei fleste ved å spørje dei på dette tidspunktet. Hadde utvalet vore første- eller andreklassingane på vidaregåande, kunne ein gått glipp av viktig talmateriale frå sisteåret. Det er ikkje nødvendigvis slik at alle som skiftar hovudmål, gjer det første året dei startar på vidaregåande heller, sjølv om det er naturlege årsaker til å tru at det er då dei fleste skifta skjer.

### 3.5.2 Studieretning

Dei tre vidaregåande skulane som er med i undersøkinga, er i hovudsak skular med flest studieretningar der elevane får studiekompetanse. Eg valde å avgrense utvalet til berre å spørje dei studieretningane som får studiekompetanse, for å ha eit noko likt utgangspunkt blant elevane. At alle elevane har kome like langt i skulegangen med like mange timar norskopplæring i veka, såg eg føre meg ville vere eit greitt utgangspunkt. Sjølv om eg avgrensa meg til desse elevane, ville eg likevel klare å samle inn eit stort nok tal på spørjeundersøkingar, endå om det hadde vorte noko fråfall blant elevane dei dagane spørjeundersøkingane vart gjennomførte.

I spørjeskjemaet får elevane spørsmål om kva studieretning dei tilhøyrer. Eg var litt usikker på om eg skulle ta med dette som eit svaralternativ, men gjorde det i tilfelle eg hadde behov for å kategorisere det på nokon måte. Eg ser i ettertid at det ikkje hadde vore nødvendig då studieretninga ikkje har noko å seie. Utvalet er uansett for lite til å kunne påstå noko generelt om dei ulike studieretningane. Ein kan ikkje til dømes generalisere og seie at dei som går studiespesialiserande oftare skiftar hovudmål når dei tek til på vidaregåande. Det var likevel greitt å ha det med dette avkryssingspunktet, slik at eg hadde kontroll på kor mange svar eg fekk frå dei ulike studieretningane ved dei ulike skulane.

### 3.6 Svarprosent

Totalt har 500 VG3-elevar svart på spørjeskjemaet mitt. 187 elevar ved Molde vidaregåande skule, 200 elevar ved Fagerlia vidaregåande skule og 113 elevar ved Volda vidaregåande skule.

Ved Molde videregående skole kunne det vere med 244 elevar. Eg fekk inn 188 svar, men eit skjema vart ikkje rekna med sidan eleven som hadde svart, ikkje hadde kryssa av på side *ein* der eg spurde etter kjønn, heimkommune og andre viktige opplysingar. Derfor var det 187

spørjeskjema eg tok stilling til i undersøkinga frå Molde videregående skole. Det gir meg uansett ein svarprosent på 77.

Ved Fagerlia videregående skole var det 295 elevar som kunne svart på undersøkinga. Eg fekk inn 200 svar, og det gir meg ein svarprosent på 68.

Ved Volda vidaregåande skule kunne det totalt ha vore 201 elevar som hadde svart på spørjeundersøkinga mi. Då eg snakka med kontaktlærar i norsk og avtalte klasser som skulle vere med, fall dessverre media og kommunikasjons-elevane ut. Der kunne ha vore 22 elevar som hadde svart. Dei vart aldri medrekna og eg delte ut for at 179 elevar skulle få svare.
På grunn av denne glippen vart svarprosenten ved Volda vidaregåande skule noko lågare enn resten, på 56. Det var bra oppslutnad på svara frå dei fire studiespesialiseringsklassene og dei to påbyggingsklassene, men færre innkomne svar frå musikkelevane.

Når eg då går ut ifrå 740 elevar som kunne svare, og eg fekk inn totalt 500 svar, gir det ein samla svarprosent på 68. Det har sjølvsagt vore eit mål å få så stor svarrespons som mogleg. Dei siste åra har svarrespons i spørjeundersøkingar vore fallande, og no er det svært sjeldan at ein får høg svarrespons. Det er meir vanleg at 30-40 prosent svarer. Som ein tommelfingerregel kan ein seie at meir enn 50 prosent er ein bra svarrespons (Johannessen et al., 2011, s. 245). Svarrespons kan nok til ein viss grad også verte påverka av måten ein har samla inn data på. Ein kan tenkje seg at det er færre elevar som svarer på ei spørjeundersøking som kjem på til dømes privat e-post, enn om læraren hadde brukt noko av ein skuletime til å la elevane gjennomføre undersøkinga.

### 3.7 Validitet og reliabilitet

Målet mitt med spørjeundersøkingar har vore å samle inn info som kan målast på best mogleg måte. Validiteten seier noko om eg måler det eg hadde tenkt å måle, altså relevans av innsamla data. Han er avhengig av kva det er som er målt. Reliabilitet seier noko om kor godt eller nøyaktig vi har gjennomført målingane (Hellevik, 2009, s. 183). Målet bør vere å gjennomføre ei undersøking, som også andre kan gjere oppatt på same vis og kome til same resultat. Ein vil sjølvsagt arbeide for å oppnå høgast mogleg validitet og reliabilitet.

Målefeil kan sjølvsagt oppstå under teljing og rekning av svarprosent. Derfor trengst det nøyaktige kontrollmålingar. I tillegg kan det oppstå tolkingsproblem av spørsmåla, anten grunna språkproblem for dei som skal fylle ut spørjeskjemaet, tolkingsproblem av spørsmåla fordi dei ikkje er godt nok formulerte eller utydelege. Eg prøvde å gjere spørsmåla mine enkle og ikkje med for mange svaralternativ. Samstundes er det viktig å også vere nøytral i formuleringane.

Ein bør teste reliabiliteten, og min måte å teste det på har vore gjennom ein stabilitetstest som Ottar Hellevik skildrar (Hellevik, 2009, s. 184). Det går ut på å gjennomføre målinga på to ulike tidspunkt. Høg stabilitet viser at ein har tilfredsstillande intrasubjektivitet i målinga. Det vil seie at same forskar oppnår same resultat for same fenomen.

Eg talde opp og førte statistikk våren 2013. Våren 2014 talde eg opp ein gong til med same skjema som utgangspunkt, sjølv om det var like tidkrevjande. Til slutt sjekka eg om eg hadde fått same resultat som første gong. Der det var avvik, måtte eg gjere nye kontrollutrekningar for å vere sikker på at det vart rett.

## 3.8 Måleproblematikk og endring av problemstilling

Sjølve gjennomføringa av undersøkinga vart gjort på papir, sjølv om kategoriseringa og teljinga for det meste har skjedd elektronisk. Dette var eit metodisk val basert på at eg ville få ein høgast mogleg svarprosent. Som Johannessen, Tufte og Christoffersen påpeikar, har den måten undersøkinga vert gjennomført på mykje å seie for om respondentane vert motiverte til å svare. For å auke motivasjonen for å svare kan ein innleie undersøkinga med å presisere kva føremålet er, og kor viktig det er at alle deltek. Spørjeskjemaet bør utformast slik at det ikkje tek for lang tid å fylle det ut, og spørsmål og svaralternativ bør vere relevante og tydelege. Dette var eg medviten om og hadde fleire testpersonar som prøvd å ta spørjeundersøkinga medan eg tok tida.

Utgangspunktet mitt for masteroppgåva var å skrive ei oppgåve som skulle sjå nærare på lesevanane til ungdom med fokus på lokalavisa og kva den har å seie for om ungdomane held på skriftspråket sitt eller ikkje. Etter at spørjeskjemaet var utforma, avtalt og sendt ut til to av skulane, vart eg og rettleiar samde om at fokuset burde endrast noko. Sjølv om eg endra problemstillinga,  tenkte eg likevel å ta med den delen av spørsmåla som handla om lokalaviser. Kanskje kunne det peike noko på ungdomens mediebruk, og om den var relevant å bruke i argumentasjonen om språkskifte eller ikkje blant ungdom.

Samstundes med denne endringa, kom det inn ein feil i spørjeskjemaet som kunne ha ført til at eg måtte ha gjort heile undersøkinga på nytt. Eg fekk trykt opp skjema på Hustrykkeriet i Volda. På side 5, spørsmål 20 er der eit avkryssingsskjema der elevane skulle krysse av for kva aviser dei les, kor ofte, og om det er på nett eller på papir. I dei svarte felta skulle det stå nettutgåve eller papirutgåve. Under trykkinga fall dette bort sidan det opphavleg var i farge. Då eg fekk spørjeskjemaa med Fagerlia videregående skole og Volda vidaregåande skule i retur, så hadde skaden allereie skjedd. Eg såg ikkje denne blemma før eg leverte dei ut. Nokre

elevar hadde kryssa av, og nokre ikkje. Dei hadde uansett ikkje forstått skikkeleg kva dei har kryssa av på, og dermed vart dette spørsmålet i spørjeundersøkinga mi heilt irrelevant å analysere vidare. Samstundes vart spørsmål 18, 19 og 21 også mindre relevante når spørsmål 20 ikkje kunne analyserast vidare.

Før eg reiste til Molde skreiv eg på dei to manglande kategoriane, papirutgåve og nettutgåve, så det i det minste skulle verte rett der. Likevel forsvann då samanlikningsgrunnlaget mitt med Volda og Fagerlia. Eg valde derfor til slutt å kutte ut spørsmål 18, 19, 20 og 21 i oppgåva mi. Eg vurderte også å sende ut spørjeskjema ein gong til, men sidan desse spørsmåla ikkje lenger var relevante for meg å sjå nærare på, slo eg det frå meg. Det var dessutan vanskeleg nok å få innpass på skulane *ein* gong, om ikkje eg skulle ha gjort det *ein* gong til. Sidan dei får veldig mange førespurnader om forskingsprosjekt og datainnsamling kvart år, må dei velje ut eit fåtal som dei vil vere med på. Eg ser på meg sjølv som heldig som fekk innpass hos dei tre skulane eg ønskte, men eg hadde ikkje fått høve til å gjennomføre spørjeundersøkinga endå ein gong. Det har dei for lite tid til i ein travel skulekvardag.

### 3.9 Oppsummering

Eg meiner at eg har gjennomført undersøkinga på ein nøyaktig måte, sjølv om eg ser i ettertid at spørsmåla om avis-lesevanane til elevane kunne vore fjerna grunna endring av problemstillinga. Samla sett vurderer eg reliabiliteten i spørjeundersøkinga til å vere høg. Ein samla svarprosent på 68 prosent er bra for dei tre vidaregåande skulane. Det er ikkje stort nok til å kunne generalisere for gruppa av ungdomar andre stader i landet. Resultata svingar frå stad til stad, men det er interessant å sjå dei lokale skilnadene og kva det er som kan påverke elevane til språkskifte og kvifor dei har sine haldningar til dette.

# 4.0 Resultat

I dette kapittelet presenterer eg resultata eg har kome fram til ved dei ulike skulane. Resultata vert drøfta i kapittel 5.

## 4.1 Flest skiftar på Fagerlia

Som venta viser resultata frå spørjeundersøkinga mi at skifteprosenten er høgast i randsonene. Det er heller ikkje uventa at det er flest elevar som skiftar frå nynorsk til bokmål ved dei vidaregåande skulane i Molde og på Fagerlia, medan det i Volda er svært få som skiftar. Under følgjer ei oppsummering for dei ulike skulane.

*Fig. 2. Prosent av nynorskelevane som har skifta til bokmål. Dei tre skulane sett samla. Gjeld skifte frå starten av barneskulen til slutten av vidaregåande.*

| | |
|---|---|
| **Molde videregående skole:** | 20 % |
| **Fagerlia videregående skole:** | 32 % |
| **Volda vidaregåande skule:** | 4 % |

*Fig. 3. Molde videregåande skole: Kor mange prosent har skifta? N= 187 (alle). Fordeling alle elevane ved skulen.*




Tabellen over viser det endelege skiftet sisteåret på Molde videregående skole.

38 av 187 elevar ved Molde videregående skole som var med på spørjeundersøkinga har skifta frå nynorsk til bokmål som hovudmål i løpet av skuleåra. Det vil seie ein skifteprosent på 20.

Sju elevar har alltid skrive nynorsk ved Molde videregående skole. Berre to andre elevar har skifta frå bokmål til nynorsk i løpet av skuleåra, har halde fast ved nynorsk som hovudmål. Argumentet til den eine eleven er også klart ideologisk grunngitt: «Det gjekk opp for meg at eg måtte skifte. Eg vil syne at eg høyrer til Vestlandet. Austlandet tek pengane våre. Dei skal ikkje få språket vårt attpåtil». Ein annan elev, bytta først til bokmål på vidaregåande etter å ha skrive nynorsk heile livet. I løpet av dei tre åra, ombestemte denne eleven seg, og gjekk tilbake til nynorsk. Med grunngivinga: «Fordi eg er glad i nynorsk».

Samla nynorskprosent ved Molde videregående skole er fem.

*Fig. 4. Fagerlia videregående skole: Kor mange prosent har skifta? N=200 (alle). Fordeling alle elevane ved skulen.*




64 av dei 200 elevane som var med på spørjeundersøkinga ved Fagerlia videregående skole har skifta frå nynorsk til bokmål i løpet av skuleåra. Det vil seie at 32 prosent av elevane har skifta i løpet av skuleåra. Einaste eleven som har skifta frå bokmål til nynorsk, skifta sisteåret på vidaregåande og grunngir det slik: «Eg har sidan eg byrja med nynorsk, vore like god i det som bokmål, og synest nynorsk er meir engasjerande å skrive og finare».

Dei andre elevane som ein gong har skifta frå bokmål til nynorsk ved Fagerlia, har langt meir negative haldningar til skiftet. Dei har alle skifta attende til bokmål og dei fleste kommenterer at det er tvang som gjer at dei måtte skifte til nynorsk. Ein annan elev knyter skiftet til nynorsk til spørsmålet om hennar eigen identitet. Ho fortel at lærarane på barneskulen spurde henne om ho eigentleg var sunnmøring. Då vart det viktig for henne å skrive nynorsk. På

vidaregåande skifta ho tilbake til bokmål og grunngir det med at lærarar, foreldre og søsken oppfordra henne til å skifte.

Samla nynorskprosent ved Fagerlia videregående skole er 15.

*Fig. 5. Volda vidaregåande skule: Kor mange prosent har skifta? N=113 (alle). Fordeling alle elevane ved skulen.*




Ved Volda vidaregåande skule er det fem av 113 spurde elevar som har skifta frå nynorsk til bokmål i løpet av skuleåra. Det vil seie at berre 4 prosent av elevane har skifta, men det var også som venta på ein så nynorskdominert skule som Volda vidaregåande.

Dei fem elevane som har skifta frå nynorsk til bokmål ved Volda vidaregåande skule, grunngir det med at dei tykkjer bokmål er lettare å lese og lære. Dei fem elevane som alltid har hatt bokmål grunngir det anten med anna morsmålsopplæring, lærevanskar eller tilflytting.

Noko anna som skil Volda vidaregåande frå dei to andre skulane i undersøkinga, er at ingen av elevane har skifta tilbake igjen til tidlegare skriftspråk, når dei først har skifta. Ved Molde og Fagerlia er det mange som skiftar tilbake av ulike årsaker.

Når ein ser på dei ulike skulane samla, kan ein slå fast kor mange fleire som bruker nynorsk i Volda mot Fagerlia og Molde. Det er ikkje uventa og viser nok ein gong den store språklege skilnaden i fylket vårt.

*Fig. 6. Nynorskprosenten ved dei tre skulane.*

| | |
|---|---|
| **Molde videregående skole:** | 5 % |
| **Fagerlia videregående skole:** | 15 % |
| **Volda vidaregåande skule:** | 91 % |

### 4.2 Kven er dei?

Dei aller fleste som skiftar frå nynorsk til bokmål i løpet av skuleåra ved Molde vidaregåande skule, kjem frå nynorskkommunar rundt Molde. Det er kanskje ikkje overraskande, men det gjer likevel inntrykk å sjå svart på kvitt at dei fleste av elevane som har brukt nynorsk heile livet, skiftar når dei tek til på skule i bokmålsbyen Molde. Dei fleste som skiftar ved Fagerlia videregående skole, kjem også frå nynorskkommunar rundt Ålesund, men der er også fleire elevar som har gått i nynorskklasser i Ålesund på barneskulen eller på ungdomsskulen, som då skiftar. Det ser eg ikkje det same av i Molde. Vidare ser eg nærare på kven dei er, dei som

skiftar på kvar enkelt skule, kvar dei kjem ifrå, og kven dei er, dei som held på hovudmålet sitt.

### 4.2.1 Nynorskkommunane vert hardt råka

*Fig. 7. Kva slags kommunar kjem elevane som har skifta frå nynorsk til bokmål frå? Absolutte tal.*

| | **Nynorskkommunar** | **Bokmålskommunar og språknøytrale kommunar** |
|---|---|---|
| **Molde** | **30** | **8** |
| **Fagerlia** | **44** | **20** |
| **Volda** | **5** | **0** |

I tabellen over ser ein at 69 prosent av alle elevane som har skifta frå nynorsk til bokmål ved Fagerlia kjem frå ein nynorskkommune. Dei resterande elevane kjem frå språknøytrale Ålesund, og mange av dei har gått i nynorskklasse før dei skifta på ungdomsskule eller vidaregåande. Dei held ikkje på nynorsken seinare i livet, sjølv om dei har hatt det frå starten av og ein skulle tru at dei då ville få betre grunnlag for å halde på det skriftspråket dei først fekk opplæring i.

Fagerlia videregående skole er den skulen der flest elevar har skifta hovudmål i løpet av skuleåra. Likevel har Molde ein mykje lågare nynorskprosent enn Fagerlia, og sidan det er flest elevar som skiftar frå nynorsk til bokmål der, vert det dermed naturleg at Fagerlia får høgast skifteprosent. Dette fordi dei har fleire elevar som potensielt kan skifte fordi fleire skriv nynorsk enn i Molde.

Berre fem elevar som kjem frå sjølve Molde kommune har hatt nynorsk som hovudmål tidlegare. Ingen av dei skriv nynorsk i dag. Elevane som har nynorsk som hovudmål kjem stort sett frå nynorskkommunar, med unntak av nokre få elevar frå språknøytrale kommunar rundt Molde.

Noko interessant er det også å sjå kven det er som alltid har skrive bokmål ved Molde videregående skole. Ikkje uventa er det berre fem av 140 elevar som alltid har hatt bokmål, som kjem frå nynorskkommunar. Resten kjem frå Molde og frå språknøytrale kommunar rundt Molde. Dette viser igjen bokmålsdominansen i den språknøytrale kommunen Molde.

Når ein ser på elevar som alltid har skrive bokmål ved Fagerlia, er den store majoriteten ikkje overraskande frå Ålesund. 99 av 106 elevar som alltid har hatt bokmål, kjem frå Ålesund kommune. Ein annan elev er frå  ein annan bokmålskommune i Noreg, medan dei andre er frå dei språknøytrale kommunane Kristiansund, Molde, Rauma og Halsa. To er frå nynorskkommunen Skodje.

På same måte er det dei aller fleste elevane som skriv nynorsk, frå nynorskkommunar. Men det viser berre kor svakt nynorsken står i dei språknøytrale kommunane, der vi veit at bokmål ofte dominerer.

Som vist i *Figur 7* og nemnt tidlegare, er det få elevar ved Volda vidaregåande som har skifta skriftspråk i løpet av skuleåra. Påverknaden frå bokmålselevar er også liten, sidan det er svært få bokmålselevar ved skulen. Det er stort sett berre elevar frå nynorskkommunane rundt Volda og Ørsta, utanom elevar frå Volda og Ørsta sjølvsagt, som går på skule ved Volda vidaregåande. Det kjem ikkje elevar frå Ålesunds-området til Volda for å gå på skule. Dermed vert det også lite bokmålspåverknad utanfrå.

Elevane som skriv nynorsk ved Volda vidaregåande skule kjem alle frå nynorskkommunar. Fire av fem elevar som alltid har skrive bokmål ved Volda vidaregåande skule, gjer det fordi dei tidlegare har budd andre stader i landet, men har flytta til regionen i løpet av skuleåra.

### 4.3 Når skjer skiftet?

Mange vil nok tenkje at dei fleste skiftar når dei kjem på vidaregåande, fordi det er då det vert høve til å velje kva skriftspråk ein vil bruke som hovudmål. Eg har sett på når dei ulike skifta skjer hos elevane på dei ulike skulane. Det er ikkje berre på vidaregåande skifta skjer. Ein har også elevar som skiftar gjennom grunnskulen, også fleire gonger. Dei fleste tilfella av skifta i grunnskulen skjer på grunn av flytting, samanslåingar av skular, endring til nynorskklasse/bokmålsklasse eller særskild tilrettelegging som lærevanskar. Under presenterer eg tala for når skifta skjer for dei tre skulane samla og vist i prosent. Her legg eg berre fram tala over dei som har skifta frå nynorsk til bokmål. Det er veldig få elevar som skiftar frå bokmål til nynorsk. Samla sett over alle skulane er det berre sju elevar. Det vil seie *ein* prosent. Det er så få at eg ikkje har lagt vekt på dei når eg har presentert resultata.

*Fig. 8. Når skiftar elevane frå nynorsk til bokmål? Molde, Fagerlia og Volda vgs. sett samla. Prosent. N= 500 (alle).*




Dei elevane som skiftar frå bokmål til nynorsk, gjer som regel det på barneskulen og ungdomsskulen, og skiftar så tilbake igjen. Det er veldig få som har skifta til nynorsk, som blir verande ved det skriftspråket seinare.

Når ein derimot ser på skifte frå nynorsk til bokmål, ser ein at det er få som skiftar i løpet av barneskulen (4 elevar). Til gjengjeld er det ganske mange som skiftar på ungdomsskulen, 27 prosent (29 elevar). Det viser seg igjen i undersøkinga mi at det er ein del elevar som skiftar på ungdomsskulen, som har gått i nynorskklasse på barneskulen. Elles er det 69 prosent av alle elevane som har skifta frå nynorsk til bokmål (74 elevar) som gjer det i løpet av vidaregåande. Det støttar vel det mange trur, men samstundes ser desse tala ut til å fortelje at språkskifte kan starte tidlegare, og i alle fall tankeprosessane blant elevane om at dei ønskjer å kvitte seg med nynorsk som hovudmål til fordel for bokmål.

Ved både Molde og Fagerlia finst det elevar som har skifta skriftspråk fram og tilbake fleire gongar. Slik er det ikkje i Volda. Det er verdt å merkje seg at fleirtalet som skiftar tilbake igjen, opphavleg hadde bokmål, har hatt nynorsk ein periode, for så å vende tilbake til bokmål igjen. Det er ikkje mange det gjeld når ein ser på totalen av elevar (Seks elevar ved Fagerlia videregående skole og ni elevar ved Molde videregående skole), men det kan vere greitt å ha i bakhovudet at skifteprosessane ikkje nødvendigvis berre handlar om eit enkelt skifte frå nynorsk til bokmål. Fleire av prosessane kan vere komplekse og også handle om identitet, som eg kjem til å ta opp vidare i drøftingsdelen, og som eg har vist døme på tidlegare i dette kapittelet.

### 4.4 Medvite eller umedvite?

Det er ikkje alltid like lett å seie kvifor ein har skifta skriftspråk. For nokre er det den største sjølvfølgje å skrive nynorsk heile livet eller å skrive bokmål heile livet. Andre derimot har skifta både *ein* og to gonger, og er kanskje enno ikkje komfortable med noko av skriftspråka. Miljøet rundt oss påverkar oss uansett om vi vil det eller ikkje. Ein del trur kanskje dei ikkje vert påverka, men så vert dei det likevel. I spørjeundersøkinga har eg spurt alle elevane som har skifta skriftspråk i løpet av skuleåra, om det var eit medvite skifte, eller om det berre var noko som skjedde som dei ikkje har tenkt noko meir over. Dette kan berre gi oss ein peikepinn på om dei vert påverka og i så tilfelle av kven. Ein kan ikkje slå dette fast. Haldningar og påverknad er veldig vanskeleg å måle. Det kan sjølvsagt vere at elevar som ikkje har skifta skriftspråk, også har vorte oppfordra til å skifte i løpet av skuleåra, men dei er ikkje spurde om dette i denne omgang.

Dei som har skifta, fekk spørsmål om dei også har vorte oppfordra til å skifte skriftspråk av nokon, og i så tilfelle, av kven. Eg har her valt å berre ta med dei elevane som har skifta frå

nynorsk til bokmål. Nokre få elevar ved kvar skule har skifta frå bokmål til nynorsk, men det er veldig få. Problemet er heller ikkje det at elevane skiftar frå bokmål til nynorsk, men omvendt fordi det skjer i stor skala. Mange av dei som har skifta frå nynorsk til bokmål, gir opp ulike årsaker til kvifor dei har gjort eit språkskifte. Eg har valt å gjere ein kvalitativ analyse av desse svara ved å dele dei inn i ulike kategoriar.

Eg har delt dei inn i følgjande kategoriar:

- Svar som uttrykkjer at bokmål er lettare å lære.
- Svar som uttrykkjer at dei misliker nynorsk/ liker betre bokmål.
- Svar som uttrykkjer at dei har mangla læremiddel på nynorsk/ eller manglande undervisning på nynorsk. Eller at "alle andre" valde bokmål.

Dette er kategoriar som eg har valt ut sjølv basert på subjektive vurderingar. Svara er også plasserte inn etter skjøn i dei kategoriane eg meiner er rettast. Nokon andre kunne plassert inn svara annleis eller laga andre eller fleire kategoriar. Nokre av svara har også flytande overgangar, men eg har plassert dei i den kategorien eg sjølv meiner er mest rett.

Eg har laga tabellar for Molde og Fagerlia videregående skole. Eg har ikkje laga nokon tabell for Volda vidaregåande skule, sidan det er få som har skifta frå nynorsk til bokmål der. På spørsmålet om kven elevane har vorte påverka av, har eg sett alle skulane under eitt. Det er ingen store skilnader på dei ulike skulane, og eg valde derfor å sjå akkurat det spørsmålet samla for å få eit mest mogleg heilskapleg bilete av situasjonen.

Til slutt oppsummerer eg det eg har funne ut.

### 4.4.1 Molde videregående skole

*Fig. 9. Kvifor skifta du frå nynorsk til bokmål? Svar frå elevar ved Molde videregående skole som har skifta frå nynorsk til bokmål og oppgitt årsak.*

| Lettare med bokmål | Misliker nynorsk/Liker betre bokmål | Mangel på læremiddel/undervisning og "alle" andre valde det |
|---|---|---|
| 1) Fordi jeg ville bli flinkere i bokmål.<br>2) Bokmål er lettere enn nynorsk.<br>3) Bruker bokmål i hverdagen fordi det er lettere.<br>4) Fordi eg liker best å skrive bokmål. Det er lettest.<br>5) Bokmål er lettere og jeg skjønner ikke vitsen med nynorsk.<br>6) Eg skreiv betre på bokmål enn nynorsk.<br>7) Fordi jeg synes bokmål er lettere.<br>8) Fordi jeg liker bedre bokmål og det er lettere.<br>9) Bokmål er lettere å skrive. Støtter generelt at Norge kun skal ha ett skriftspråk, og jeg kommer faktisk frå argaste bygda.<br>10) Fordi bokmål var det enkleste og det vanligste.<br>11) Jeg ville ha en lettere målform.<br>12) Fordi bokmål er lettere.<br>13) Fordi jeg aldri klarte å lære meg nynorsk skikkelig.<br>14) Jeg fikser bedre bokmål.<br>15) Følte det ville være lettere for meg å ha bokmål, ja, selv om jeg har hatt nynorsk som hovedmål i ti år.<br>16) Enklere å skrive bokmål.<br>17) Kriteriene er noe strengere for hovedmål enn sidemål. Bokmål er dessuten enkelt.<br>18) Synes det var enklere å skrive bokmål. | 1) Fordi jeg synes ikkje nynorsk er viktig og det er ikkje nyttig i fremtiden. Man lærer engelsk og et fremmedspråk i tillegg.<br>2) Fordi nynorsk er vanskelig og unødvendig. Kan heller ha flere engelsktimer enn nynorsk. Hvorfor skal et land på fem millioner mennesker ha to skriftspråk?<br>3) Jeg prater brei dialekt, men liker ikke ideen bak to skriftspråk i Norge.<br>4)Fordi nynorsk er uforståelig og det var ikke naturlig å skrive det.<br>5) Fordi nynorsk ikke er noe jeg trenger senere i livet. | 1) All undervisning ble på bokmål da jeg begynte i 8.klasse og da ville det bli enklere hvis jeg skiftet.<br>2) Flertallet skrev bokmål og når det meste av undervisninga var på bokmål ble det bare til at jeg skiftet.<br>3) Jeg fikk velge skriftspråk da jeg begynte på ungdomsskolen og de aller fleste i klassen skiftet da fra nynorsk til bokmål.<br>4) Jeg fikk ikke nynorske skolebøker. I tillegg er jeg flinkere i bokmål.<br>5) Fordi vi i 8. og 9. klasse hadde undervisning på bokmål. Derfor skiftet jeg. |

### 4.4.2 Fagerlia videregående skole

*Fig.10. Kvifor skifta du frå nynorsk til bokmål? Svar frå elevar ved Fagerlia videregående skole som har skifta frå nynorsk til bokmål og oppgitt årsak.*

| Lettare med bokmål | Misliker nynorsk/Liker betre bokmål | Mangel på læremiddel/undervisning og "alle" andre valde det |
|---|---|---|
| 1) Norsklæreren min sa at jeg kom til å stryke om jeg fortsatte med nynorsk. Hun anbefalte meg å bytte.<br>2) Skiftet fordi jeg var så dårlig i nynorsk.<br>3) Det ble lettere å forstå og følge med i klassen når jeg skiftet til bokmål.<br>4) Fordi jeg skrev mest bokmål til vanlig. Det er lettest.<br>5) Fordi jeg liker bokmål bedre enn nynorsk. Det er også lettere å forstå hva som står i lærebøker.<br>6) Fordi det ligger mer naturlig for meg.<br>7) Fordi det er bokmål jeg vanligvis bruker.<br>8) Det er lettere å skrive bokmål.<br>9) Enklere å skrive bokmål.<br>10) Fordi det er lettere å få god karakter med bokmål.<br>11) For å få bedre karakter. Etter et år i utlandet var nynorsken rusten.<br>12) Jeg skjønte mindre av lærebøkene på grunn av nynorsk, og i stedet for å låne bøker av venninnene mine, byttet jeg.<br>13) Enklere og trives bedre med bokmål.<br>14) Bokmål er enklere og finere.<br>15) Fordi det er lettere å forstå bokmål da det er brukt i store mediekanaler, i nettaviser, filmer osv.<br>16) Lettere.<br>17) Bytta til bokmål då det er lettare og rettinga i hovudmål er nokså streng, og eg ikkje hadde lært samsvarsbøying.<br>18) Bokmål er enklere.<br>19) Fordi jeg sleit med faget.<br>20) Ville prøve bokmål og følte jeg skriver det bedre.<br>21) Skriver bedre bokmål.<br>22) Det er enklere å skrive på bokmål. De fleste bøkene, avisene, nettsidene og undertekstene på program er på bokmål. Derfor har jeg begynt å glemme nynorsken. Bokmål har blitt mer praktisk for min del.<br>23) Fordi jeg var flinkere i bokmål. Hadde likevel ikke problemer med nynorsk, men kom til å score bedre ved å ha det som sidemål.<br>24) Fordi bokmål er lettere.<br>25) Nynorsk er vanskelig og krevende. Behersker bokmål bedre.<br>26) Fordi jeg skrev bedre bokmål enn nynorsk.<br>27) Jeg mente det var enklere å skrive på bokmål.<br>28) Bokmål er mer likt slik jeg snakker og enklere.<br>29) Bedre å forholde seg til bokmål og lettere å lære seg det.<br>30) Enklere å skrive bokmål.<br>31) Jeg har en bedre flyt når jeg skriver bokmål. | 1) Fordi jeg heller ville skrive bokmål.<br>2) Jeg ville ha bokmål.<br>3) Fordi jeg ønsket det.<br>4) Har aldri likt å skrive nynorsk.<br>5) Synes det er meir naturlig å skrive bokmål.<br>6) Bruker mer bokmål.<br>7) Har aldri likt nynorsk.<br>8) Det er finere og mer forståelig.<br>9) Liker ikke nynorsk.<br>10) Fordi jeg liker best å skrive bokmål. Har i tillegg hatt 10 år med nynorsk som gjør at jeg skriver nynorsk svært bra.<br>11) Fordi jeg liker bokmål bedre og hører det til daglig på TV.<br>12) Fordi jeg liker bedre bokmål.<br>13) Fordi bokmål er finere og jeg endelig fikk lov til å skifte.<br>14) Liker bedre bokmål.<br>15) Var lei av nynorsk og følte jeg taklet bokmål bedre.<br>16) Jeg følte at bokmål passet bedre til min personlige skrivestil.<br>17) Lei. Skiftet for å få variasjon etter ti år med nynorsk.<br>18) Jeg ville bli bedre i bokmål. Lei av nynorsk. | 1) Undervisningen var på bokmål.<br>2) Siden alle i klassen min på videregående hadde bokmål, valgte jeg også det. Angrer litt den dag i dag.<br>3) Alle skolebøkene var på bokmål og lærerne brukte bokmål da jeg begynte på videregående.<br>4) Lei av nynorsk og de fleste andre hadde bokmål.<br>5) Fåtalet snakka dialekten min i klassa, og då passa det for meg å skifte. Det var synd for ej sakna dialekta mi. |

### 4.4.3 Volda vidaregåande skule

Det er så få elevar som har skifta frå nynorsk til bokmål ved Volda vidaregåande skule at det ikkje var vits i å lage nokon tabell. Alle som har skifta og gitt opp årsak til skiftet argumenterer med at bokmål er lettare enn nynorsk. Dei seier:

- Fordi det var enklere å skrive/lese bokmål.
- Fordi jeg ikkje forstod. Bokmål var mer forståelig.
- Det ble enklere for meg å forstå og kunne utføre forskjellige oppgaver.
- Det meste jeg har lest er på bokmål. Derfor er det lettere å skrive det.
- Det er mye lettere med bokmål enn med nynorsk.

### 4.4.4 Foreldre oppfordrar oftast til skifte

*Fig 11. Kven har oppfordra elevane til å skifte? Alle tre skulane sett samla. Tal på elevar som har skifta frå nynorsk til bokmål og meiner dei har vorte oppfordra til språkskifte.*

| Familie | Lærarar | Vener | Media | Anna |
|---|---|---|---|---|
| 1) Foreldrene mine.<br>2) Foreldre.<br>3)Mamma og pappa.<br>4) Foreldre.<br>5)Foreldrene mine ville jeg skulle skifte for å få betre karakter. Læreren var nøytral.<br>6)Mamma.<br>7) Familien min.<br>8) Foreldre.<br>9) Foreldre.<br>10) Søsken.<br>11) Foreldre. | 1) Lærer<br>2) Lærere<br>3) Norsklæreren min.<br>4) Kontaktlæreren min.<br>5) Norsklærerne jeg har hatt.<br>6) Lærerne mine.<br>7) Norsklæraren min på ungdomsskolen.<br>8) Skolen.<br>9)Lærere. | 1) Venner.<br>2) Venner.<br>3) Klassekammerater.<br>4) Kanskje jeg ikke har blitt oppfordret direkte til å skfite, men jeg gjorde det for å tilpasse meg klassekameratene og for å passe inn. De fleste skrev bokmål og snakket ikke min dialekt. | 1) Media og TV fordi jeg sjelden ser nynorsk der (indirekte). | 1) En som kom for å holde foredrag på skolen.<br>2) Omgivelsene rundt (indirekte) fordi det påvirker oss uten at vi tenker over det. |

Elevane fekk spørsmål om dei har vorte oppfordra til å skifte skriftspråk av nokon. Det er ikkje mange som meiner dei har vorte direkte påverka, og det er nok vanskeleg å hugse tilbake igjen også i mange tilfelle. Elevane kan også ha vorte oppfordra utan å ha lagt merkje til det. Alt skjer ikkje så direkte som vi kanskje vil tru. Men når ein ser alle elevane som har

skifta på dei tre skulane under eitt, har dei sjølve fått høve til å svare kven som har påverka dei. Nokre få har også skrive til dømes både lærarar og foreldre. Det som overraskar er at det faktisk er foreldre og lærarar som oppfordrar oftast til skifte til bokmål. Ein skulle kanskje tru at det er vener og klassekameratar som oftast gjer det, men det ser ikkje slik ut ifølgje undersøkinga mi. Ein snakkar ofte om at ungdomar vert lett påverka av venene sine, men kva då med foreldra og lærarane sine haldningar? Dette ser eg nærare på i drøftingsdelen av oppgåva.

### 4.4.5 Oppsummering

Det som overraskar meg mest etter å ha analysert svara frå elevane, er at dei oftast vert oppfordra til skifte frå nynorsk til bokmål av foreldre og lærarar. Deretter kjem vener og klassekameratar. Omgjevnadane rundt som media, andre personar i den sosiale kretsen rundt elevane eller søsken har også direkte påverknadskraft på elevane viser det seg, sidan elevane er medvitne om at dei har oppfordra dei til språkskifte. Eg tykkjer det er noko overraskande at ikkje det er vener og klassekameratar som oppfordrar oftast til språkskifte, men foreldre og lærarar. I ungdomstida tenkjer mange på å verte aksepterte og går ofte i same retning som venene sine.

Det er 21 elevar frå alle dei tre skulane som har skifta, som meiner at dei har vorte oppfordra til å skifte frå nynorsk til bokmål av ulike personar. Årsaka til at det står 27 svar i Fig. 11, er at nokre av elevane som har vorte oppfordra, har gitt opp fleire personar, som til dømes lærar og foreldre. Det er ikkje eit veldig stort tal med 20 prosent av alle skiftarane, men det viser likevel at ein del av elevane faktisk har vorte oppfordra til å skifte og er medvitne om at dei har vorte det. I dette talet har eg også rekna med dei få som seier at dei kjenner seg påverka og oppfordra til skifte gjennom media og samfunnet.

Det er viktig å hugse på at årsaka til at foreldre og lærarar har oppfordra til skifte av skriftspråk, kan vere komplekse. Det er ikkje nødvendigvis slik at foreldra eller lærarar har interesse av at ungane deira eller elevane deira skal droppe nynorsken. Det kan vere lærevanskar som ligg til grunn i fleire av tilfella. Likevel viser tala at både foreldre og lærarar i fleire av tilfella her har oppfordra ungane og elevane sine til å velje vekk nynorsk. Når det er sagt, har eg også funne nokre tilfelle der foreldre og lærarar har oppfordra til det motsette, å velje nynorsk som hovudmål framfor bokmål. Det skjer likevel svært sjeldan. Utifrå dei høge skiftetala frå nynorsk til bokmål er det likevel slik ved dei bokmålsdominerte skulane at lærarar og foreldre ser ut til å vere ein faktor for påverknad til språkskifte blant ungane og elevane sine.

Det at så mange svarer lærarar som aktive oppfordrarar til språkskifte, kan ein likevel setje eit spørsmålsteikn ved. Dette er eit funn som er i strid med overordna språkpolitiske mål om at lærarane ikkje skal påverke elevane sine og eg tek det vidare opp til drøfting i kapittel 5, *Drøfting*.

Noko som også kjem fram, og som går igjen på alle dei tre skulane og utan dei store skilnadene på bakgrunn av kjønn, er argumentet om at bokmål er mykje lettare enn nynorsk. Det skjer ofte og ein ser kor det dominerer berre ved å lese alle årsakene elevane har oppgitt ved skifte av skriftspråk. Det vert brukt som argument mykje oftare enn argument som går på at elevane misliker nynorsk.

Elevane som har skifta skriftspråk ved dei tre skulane som var med i undersøkinga mi, fekk også spørsmål om det var eit medvite val å skifte, eller om det berre skjedde. 91 prosent av alle elevane som har skifta frå nynorsk til bokmål, seier det var eit medvite val, og at det var noko dei ville sjølve. Elevane sjølve seier dermed at dei visste kva dei gjorde og tok eit val basert på eigne haldningar når dei valde vekk nynorsken.

### 4.5 Kva kjem du til å skrive i framtida når du skriv privat?

Elevane ved dei tre skulane som var med i undersøkinga mi, vart spurde om kva slags skriftspråk dei trur dei kjem til å skrive i framtida når dei skriv privat.

Når ein ser på dei to skulane Molde videregående skole og Fagerlia videregående skole, er det ingen nemneverdige skilnader mellom jenter og gutar. Det er heller inga overrasking at fleirtalet av elevane ved dei to skulane trur dei kjem til å bruke bokmål i framtida når dei skriv privat, og at svært få trur dei kjem til å bruke nynorsk.

Det som er interessant, er å sjå kor mange av nynorskelevane som trur dei kjem til å bruke nynorsk i framtida. Trur dei at dei vil nytte nynorsk i framtida når dei skriv privat? Elevane som alltid har hatt bokmål eller som har skifta frå nynorsk til bokmål ved Molde, Fagerlia og Volda er uinteressante for meg i denne samanheng.

I diagramma under er det såleis berre elevane som har oppgitt at dei alltid har hatt nynorsk som hovudmål eller har skifta frå bokmål til nynorsk, som er rekna med. For Molde og Fagerlia videregående skole er det så få nynorskelevar at eg ikkje har brukt prosentutrekning i diagramma. Når eg presenterer Volda, er det derimot presentert i prosent, sidan det store fleirtalet av elevane der faktisk nyttar nynorsk. Eg tek igjen først for meg skulane kvar for seg, for deretter å oppsummere samla sett.

### 4.5.1 Molde videregående skole

*Fig.12 . Elevar med nynorsk som hovudmål ved Molde videregående skole: Kva kjem du til å skrive i framtida når du skriv privat? Absolutte tal (Ein elev hadde ikkje svart på spørsmålet).*




Det er berre ni elevar av dei som var med på undersøkinga mi ved Molde videregående skole som har nynorsk som hovudmål ved gjennomføring av denne spørjeundersøkinga.

Når ein ser alle elevane under eitt, er det liten tvil om kva skriftspråk elevane ved Molde videregående skole trur dei kjem til å bruke i framtida. Det er heilt klart bokmål som dominerer blant elevane.

Når ein ser på kva elevane som har nynorsk hovudmål trur dei kjem til å bruke i framtida når dei skriv privat, er det seks av åtte som trur dei kjem til å bruke nynorsk. Ein elev trur at han/ho kjem til å bruke begge skriftspråka, medan ein elev trur han/ho berre kjem til å bruke bokmål.

Det er veldig få nynorskelevar, så sjølv om det kan sjå ut som at dei fleste av dei få nynorskelevane ved Molde videregående skole er medvitne om at dei vil halde på nynorsken, er det ikkje mogleg å fastslå noko. Dette grunna det låge talet på nynorskelevar.

### 4.5.2 Fagerlia vidaregåande skole

*Fig. 13. Elevar med nynorsk som hovudmål ved Fagerlia videregående skole: Kva kjem du til å skrive i framtida når du skriv privat? Absolutte tal.*




Når ein ser på alle elevane under eitt, kan ein sjå at Fagerlia og Molde videregående skole er veldig like ved at bokmålet dominerer i kva skriftspråk elevane trur dei kjem til å bruke i framtida. Likevel er det litt fleire ved Fagerlia videregående skole som trur at dei kjem til å bruke begge skriftspråka i framtida når dei skriv privat, men her er det også litt fleire nynorskelevar enn i Molde.

I diagrammet over, ser ein at det berre er seks av 31 nynorskelevar ved Fagerlia videregående skole som trur dei kjem til å berre skrive nynorsk i framtida når dei skriv privat. Femten av elevane som har nynorsk som hovudmål trur dei kjem til å skrive begge skriftspråka, medan ni elevar trur dei berre kjem til å skrive bokmål. Dersom nynorskelevane hadde trudd at dei ikkje kjem til å bruke nynorsk grunna arbeidssituasjonen i framtida, tenkjer eg at det hadde vore naturleg at mange hadde svart at dei ikkje kjem til å nytte nynorsk. I spørjeskjemaet er det når dei skriv privat dei er spurde om. Det er oppsiktsvekkande at så mange elevar ikkje ser ei framtid med nynorsk når dei skriv privat. Det vitnar om at det kan vere enda fleire elevar som ligg an til å skifte frå bokmål til nynorsk etter vidaregåande skule. Ein elev trur ikkje han/ho kjem til å nytte nokre av skriftspråka i det heile. Truleg er det engelsk eller dialekt denne eleven viser til, men det kan også vere eit anna morsmål.

### 4.5.3 Volda vidaregåande skule

*Fig.14 . Elevar med nynorsk hovudmål ved Volda vidaregåande skule: Kva kjem du til å skrive i framtida når du skriv privat? Prosent. N=102 (Ein elev har ikkje svart på spørsmålet).*




Fleirtalet er nynorskelevar ved Volda vidaregåande skule. Godt over halvparten, 57 prosent, av dei (58 elevar) trur at dei kjem til å bruke berre nynorsk i framtida når dei skriv privat. 38 prosent (39 elevar) trur dei kjem til å bruke begge skriftspråka, medan fem prosent av nynorskelevane trur dei berre kjem til å bruke bokmål.

Undersøkinga her viser eit typisk fenomen, og det er at nynorskelevane er jamt positive til å bruke både nynorsk og bokmål. Samstundes er det mange som har god tru på at dei kjem til å bruke nynorsk i framtida. Dei går på ein nynorskskule og møter nynorsk i det daglege, noko som sannsynlegvis gir elevane trua på at det er nyttig å lære nynorsk. Kanskje er dei ikkje klare over det ein gong, men at det berre skjer av seg sjølv fordi dei er vane med å ha det slik.

### 4.5.4 Oppsummering

På dette spørsmålet ser ein også skiljet mellom nynorskskulen Volda vidaregåande skile, og Molde og Fagerlia videregående skole der bokmålet dominerer. Nynorskelevane er vane med å møte bokmålet rundt seg kvar dag, og kanskje har elevane som skriv nynorsk, ei anna evne til å ikkje låse seg fast i å berre skulle bruke nynorsk. Dei er rett og slett fleirspråklege. Dette er også logisk fordi elevane må rekne med å få jobbar der ein også må bruke bokmål. Ingen av elevane som har vore med på denne spørjeundersøkinga har gitt uttrykk for å vere særleg negative til bokmål. Det kan ein ikkje seie det same om for nynorsken.

Noko som er verdt å nemne, gjeld ein del av svara som fleire av elevane gir. Blant dei som har kryssa av for anna, er det fleire som har skrive på dialekt sjølve som eit anna alternativ på kva dei trur dei kjem til å skrive i framtida. Nokre få har også nemnt engelsk. Eg hadde ikkje med dialekt eller engelsk som eit alternativ på dette spørsmålet, men sidan den delen av elevane som har kryssa av på anna, faktisk spesifiserer dette,  kan det vitne om at dialekt er ein skrivemåte mange elevar bruker mykje i dag. Sannsynlegvis har desse elevane trua på at dei kjem til å bruke dialekt seinare òg. Det heng sannsynlegvis saman med korleis ein i dag ordlegg seg når ein skriv på blant anna SMS og i sosiale medium. På same måte som for dei som har skrive på engelsk på spørjeskjemat, viser det at nokre elevar trur at det vert engelsk språk dei kjem til å nytte i framtida.

### 4.6 Kor godt liker du å skrive nynorsk og bokmål?

I spørjeskjemaet har eg også spurt elevane om kor godt dei liker å skrive nynorsk og bokmål. Dei hadde høve til å krysse av for fire alternativ. Dette for å forsøke å måle haldningane dei har til dei to skriftspråka. Eg deler opp resultata frå skulane i diagram kvar for seg. Til slutt oppsummerer eg ved å sjå på dei tre skulane samla.

#### 4.6.1 Molde videregående skole

*Fig. 15. Elevar ved Molde videregående skole. Kor godt liker du å skrive nynorsk og bokmål? N=183 (Fire elevar har ikkje svart på spørsmålet). Absolutte tal.*



### 4.6.2 Fagerlia videregående skole

*Fig. 16. Elevar ved Fagerlia videregående skole. Kor godt liker du å skrive nynorsk og bokmål? N=198 (To elevar har ikkje svart på spørsmålet). Absolutte tal.*



### 4.6.3 Volda vidaregåande skule

*Fig. 17. Elevar ved Volda vidaregåande skule. Kor godt liker du å skrive nynorsk og bokmål? N=112 (Ein elev har ikkje svart på spørsmålet). Absolutte tal.*



### 4.6.4 Oppsummering

Ved Molde og Fagerlia videregående skole er det ytterpunkta som skil seg ut. Fleirtalet vil helst ikkje skrive nynorsk i det heile og liker svært godt å skrive bokmål. I Volda er det noko annleis. Det viser seg at elevane ved Volda vidaregåande skule generelt er positive til både nynorsk og bokmål. Fleirtalet liker å skrive både nynorsk og bokmål svært godt eller godt. Ytterpunkta er ikkje så store der. Det kan truleg hengje saman med at elevane i Volda er fleirspråklege ved at dei vekslar mellom bokmål og nynorsk. Dei er nøydde til det fordi dei ser og bruker nynorsk og bokmål om kvarandre både på skulen og på fritida. Dette diskuterer eg nærare i drøftingsdelen av oppgåva.

## 4.7 Kjønnsskilnader og anna morsmål

Då eg kategoriserte alle innkomne svar, bestemte eg meg for å dele dei inn etter kjønn og etter dei elevane som hadde anna morsmål for å sjå om det var noko spesielt som skilde seg ut.

Eg valde til slutt å ta vekk inndelinga jenter/gutar fordi det ikkje var skilnader her som markerte seg spesielt, verken ved det eine eller andre spørsmålet. Dessutan er jentene i fleirtal ved skulane, så biletet kunne verte noko skeivt og ein kan skape seg eit falskt inntrykk av at jentene skiftar oftare enn gutane sjølv om eg ikkje kan slå det fast i denne undersøkinga.

Eg valde også å trekkje ut dei elevane som har hatt anna morsmål, for å sjå korleis dei kjem ut. Det som viser seg er at det ikkje finst elevar med anna morsmål som skriv på nynorsk, bortsett frå ein elev i Volda, blant alle dei som var med på spørjeundersøkinga mi. Nokre få elevar med anna morsmål har skifta frå nynorsk til bokmål. Dei kan eg telje på *ei* hand. Eg valde også å fjerne denne kategorien frå tabellane og diagramma mine, men det var nyttig å sjå nærare på det for å kunne danne seg eit bilete av situasjonen.

### 4.8 Skifte frå bokmål til nynorsk

Som eg har nemnt tidlegare i oppgåva, finst det også elevar som skiftar frå bokmål til nynorsk. Det er likevel få av dei, og dei aller fleste skifta handlar ofte om identitet. Dersom det ikkje er knytt til identitet, er det som regel grunna tvang fordi dei har bytt skule eller skifta klasse. Dei som har skifta til nynorsk grunna tvang, går tilbake til bokmål så snart dei har høve til det.

I Volda er det fire elevar som har skifta til nynorsk i løpet av skuleåra. Alle dei har valt å halde på nynorsken. I Fagerlia og i Molde er det annleis. Berre *ein* av åtte elevar ved Fagerlia videregående skole skriv framleis nynorsk i dag av dei som ein gong har skifta til nynorsk. I Molde er det to av ti. Det ser dermed ut til at elevane må møte nynorsken i kvardagen og kjenne at han er nyttig for dei for at dei skal kunne sjå vitsen med å halde på skriftspråket sitt.

Noko anna som er verdt å merkje seg er at mange av dei som har skifta til nynorsk, har vorte oppfordra til å gjere det. Foreldre og lærarar står ofte for oppbakkinga, men sidan så mange likevel har skifta tilbake igjen, kan det vitne om at den påverknadskrafta frå foreldre og lærarar ikkje er stor nok likevel. I alle fall ikkje når det gjeld skifte til nynorsk. Det kan sjå ut til at det verkar annleis når skiftet går andre vegen.

## 5. 0 Drøfting

I denne delen av oppgåva gir eg først eit kort samandrag av funna mine. Eg drøftar dei vidare gjennom kapittelet.

### 5.1 Eit kort samandrag

Målet med denne undersøkinga var å sjå nærare på språkskiftesituasjonen i heimfylket mitt, Møre og Romsdal. Dette har eg gjort ved å ta for meg eit utval elevar ved tre ulike skular: Molde videregående skole, Fagerlia videregående skole og Volda vidaregåande skule. Det er inga overrasking at nynorsken står sterkt i Volda, og at den samstundes er under sterkt press ved Fagerlia og i Molde. At nynorsken er nesten heilt fråverande ved Molde videregående skole, er likevel overraskande. Skulen har ein nynorskprosent på fem. Problematikken er den same ved Fagerlia videregående skole: Mange av elevane der har hatt nynorsk som hovudmål frå barneskulen og skiftar til bokmål anten på ungdomsskulen eller i løpet av vidaregåande. Språkskifte er også typisk for mange elevar som kjem frå nynorskkommunane rundt Ålesund. Det som også viser seg er at elevane frå Ålesund som tidlegare har hatt nynorsk som hovudmål på barneskulen, og som har gått i nynorskklasse, skiftar til bokmål når dei har starta på ungdomsskulen. Når då mållaget jublar for at elevar får gå i nynorskklasse på barneskulen, ser det ut til at gleda vert kortvarig (Kleiveland, 2014). Dei fleste av desse elevane i undersøkinga mi kvittar seg med nynorsken så fort dei får sjansen.

I Volda er det så få som skiftar at ein kan telje dei på ei hand, men dei har heller ikkje ein einaste elev som bur i bokmålskommune og går på skule i Volda. Påverknaden frå bokmålselevar ved skulen vert dermed minimal. Nynorsken dominerer på alle sett og vis ved

skulen, og det ser ut til at så lenge ein klarer å halde elevane unna det store bokmålspresset, er dei fleste både positive til nynorsk og ønskjer å bruke nynorsk i kvardagen sin.

Når det gjeld haldningar til eige språk ser eg at nynorskelevane ved alle skulane i like stor grad er positive til å bruke både nynorsk og bokmål. Det som er urovekkande frå ein nynorskståstad er at det er fleire nynorskelevar ved Fagerlia som trur dei kjem til å bruke bokmål i framtida når dei skriv privat enn det er nynorskelevar som trur dei kjem til å bruke nynorsk. Det er dermed stor grunn til å tru at språkskiftet held fram etter vidaregåande opplæring òg. Dermed kan det trekkjast parallellar til Marit Wadsten si masteroppgåve *Viljen til språk – Vilje til forsking. Nynorsk i bruk i utdanning og akademisk skriving* (2011) der ho har funne ut at språkskifte frå nynorsk til bokmål held fram også i høgare utdanning.

Det viser seg at det er foreldre som oftast oppfordrar til språkskifte blant elevane. Ein skulle kanskje tru det var vener og klassekameratar som er dei største pådrivarane for språkskifte, men slik ser det ikkje ut til å vere. Ein veit at mange ungdomar strevar med å tilpasse seg vener og klassekameratar, og at elevane då kan vere meir påverkelege til å gjennomføre eit skifte om venene gjer det. Det er også svært overraskande at lærarar, nesten like ofte som foreldra, oppfordrar elevane til språkskifte. Dette er då noko som gjer seg gjeldande ved Fagerlia og Molde videregående skole der bokmål dominerer. Det er eit funn som strir mot overordna språkpolitiske mål for lærarane og som eg drøftar vidare i delkapittel 5.3, *Bevisstgjeringa.*

Dei elevane som har gjort eit språkskifte, har ulike argument for det. Majoriteten av elevane som ønskte å skifte, gjorde det fordi dei trur og meiner at bokmål er lettare å lære. Det ser ut til å vere ei vanleg oppfatning blant elevar som vel bort nynorsken andre stader i landet òg. Prosjektet Målstreken fann i alle fall ut at 80 prosent av dei som hadde skifta frå nynorsk til bokmål i Valdres også brukte det same argumentet (Garthus, 2013, s.6). Det viser at det er

mogleg å finne fellestrekk blant språkskiftarane andre stadar i landet òg, sjølv om det kan vere store regionale skilnader.

### 5.2 Skiftet skjer ofte tidleg

69 prosent av elevane som skiftar frå nynorsk til bokmål i undersøkinga mi, seier at dei skifta ved starten av eller i løpet av vidaregåande. Likevel ser det ut til at skifteprosessane startar mykje tidlegare for ein del av elevane. 27 prosent av elevane som skifta, gjorde det ved starten av eller i løpet av ungdomsskulen. Det er faktisk 29 elevar det er snakk om. Det er tankevekkjande at nynorskelevar frå Ålesund ser ut til å skifte hovudmål når dei tek til på ungdomsskulen, og dette utan å stusse. Meir konkrete planar for å stogge skiftetrenden i randsonene der nynorsken står under sterkt press, ser ut til å verte viktig i tida framover. Språkrådet viser også til behovet for klare styringsdokument for å kunne arbeide fram ei reell jamstilling mellom nynorsk og bokmål, men etterlyser meir kunnskap rundt desse prosessane, kunnskap som kan brukast i arbeidet for å styrkje det nynorske språket (Språkrådet, 2012).

Eli Bjørhusdal diskuterer blant anna strukturane i samfunnet og dei språkpolitiske særtrekka som påverkar språkskifte. Ho skriv:

> Eigenverdiheimlinga av nynorsk i dei nyaste språkpolitiske styringsdokumenta, rett nok på kulturfeltet, kan opne for ein statleg handlingsplan for nynorsk ikkje ulik dei som er laga for dei samiske språka. Unntaket måtte vere at det finst få lovfesta positive språkrettar for nynorskelevane etter barnesteget å basere eit tilsynsarbeid på. (Bjørhusdal, 2014, s. 484)

Ho samanliknar vidare handlingsplanar for samisk og nynorsk, og konkluderer med at den norske stat har slege fast at det er eit mål å bremse språkskiftet frå nynorsk til bokmål, men

ikkje noko offentleg dokument tek klart til orde for at eit statleg mål må vere å auke talet på aktive nynorskbrukarar. Ho seier vidare at dét er det overordna målet for den samiske språkpolitikken. I det store og heile er dei positive rettane for samiskbrukarar tydelegare formulerte som del av identitetsinteressene til den samiske språkgruppa, enn tilfellet er for dokumenta som gjeld nynorsk og bokmål. Poenget her er ikkje å setje nynorsk og samisk oppimot kvarandre, men å vise at nynorsken også treng handlingsplanar dersom styresmaktene vil stogge skiftet frå nynorsk til bokmål og sikre den språklege identiteten til nynorskbrukarane i framtida (Bjørhusdal, 2014, s. 484).

Ein treng likevel ikkje berre gode styringsdokument sjølv om det er nødvendig. Ein treng også handling.

I Stortingsmelding nr. 30 (2003–2004), *Kultur for læring*, heiter det at:

> Det iverksettes også systematisk forsøks- og utviklingsarbeid for å fremme sidemålsundervisningen. Arbeidet rettes mot fagets innhald, tilrettelegging og vurderingsformer for å fremme motivasjon hos elever og lærere og å styrke kompetansen på området. Dette arbeidet bør følges av en bredt anlagt systematisk forsking. (s.43)

Eit av tiltaka bør vere å styrkje sidemålsundervisninga. Det er sjølvsagt viktig å følgje opp nynorskelevane slik at dei vert trygge på skriftspråket sitt og ikkje skiftar, men det vil vere vel så viktig å skape gode haldningar og gi bokmålselevane kjensle av å meistre nynorsk ved å styrkje sidemålsundervisninga. Kvifor dette er viktig, heng saman med påverknad. Når mange nynorskelevar skiftar til bokmål i løpet av vidaregåande ved Molde og Fagerlia, der bokmåldominansen er stor, er påverknad truleg ein vesentleg faktor som gjer seg gjeldande i desse språkskifteprosessane. Dersom det då finst negative haldningar blant bokmålselevane til nynorsk, kan dette igjen påverke nynorskelevane som allereie opplever å vere under språkleg

press. I Volda, der elevane møter nynorsk kvar dag i alle undervisningssituasjonar, er der svært få elevar som skriv bokmål. Mange elevar ved Volda vidaregåande skule er positive til både nynorsk og bokmål, men ein merkjer også at mange av elevane er svært opptekne av å skrive nynorsk og av å verne om skriftspråket sitt fordi det er viktig for deira identitet. Ein veit mykje meir om kva bokmålselevar meiner om nynorsk, enn nynorskelevar meiner om bokmål, og det hadde vore interessant å sett meir av i forsking.

Eg har i kapittel 2, *Bakgrunn*, vist til at globalisering og språkskifte heng saman. Når desse prosessane gjer seg gjeldande, går det også utover språket. Når ungane veks opp utan å sjå nynorsk rundt seg i kvardagen, lærer dei tidleg og indirekte at dei heller burde skrive bokmål fordi dei ikkje møter nynorsk. «Det er mye lettere å skrive bokmål», seier mange av elevane i spørjeundersøkinga mi som har skifta frå nynorsk til bokmål. 57 prosent av elevane som har gitt opp årsak til skifte frå nynorsk til bokmål ved Fagerlia og 64 prosent av dei same elevane ved Molde videregående skole brukte dette argumentet som hovudårsak til skifte.

Garthus (2009, s. 21) påpeikar også at det i Målstreken-prosjektet er dette argumentet med at bokmål er enklare, som går igjen for nesten halvparten av grunngivingane bak språkskifte, og er utvilsamt den mest brukte grunngivinga. Dette er eit svært lett argument å bruke når ein ser mykje meir bokmål enn nynorsk i det daglege. Det er også heilt naturleg å tenkje at eit språk er lettare enn eit anna, men kan ha samanheng med at ein trur det språket ein bruker mest, er lettare fordi det er det ein meistrar best. Ottar Hellevik seier det slik: «At ein person føretrekkjer nynorsk framfor bokmål, kjem først og fremst av at ho eller han er vaksen opp i eit lokalmiljø og ein region der nynorsken står sterkt, (…)» (Hellevik, 2001, s. 138).

Så lenge vi har to skriftspråk i Noreg, som har ulik geografisk mengdeforankring, vil det alltid vere slik at det eine språket statistisk sett vert mindre brukt enn det andre. Å ha to jamstilte, likeverdige skriftspråk er altså på sett og vis eit kvalitativt og ikkje eit kvatitativt mål. Så

lenge eit språk er eit språk, er det i utvikling og det vil aldri vere like mange som skriv nynorsk og bokmål i dag som det er om ti år eller i neste generasjon. Sidan vi har to skriftspråk, vil også mange verte mindre eksponerte for det skriftspråket som vert minst brukt.

Derfor er det kanskje ikkje så rart at mange tykkjer at bokmål er lettare enn nynorsk. Bruk er nøkkelen til meistring, og bruker ein ikkje nynorsk, er det vanskeleg å meistre språket òg. Nynorsk er eit skriftspråk som vert mindre brukt mange stader i Noreg. Dermed vil faktorar knytte til språkskifte ligge latente. Dette kan vere haldningar eller likesæle, men det kan likevel arbeidast med å snu denne trenden.

### 5.3 Bevisstgjeringa

Opplæringslova § 2-5 om målformer i grunnskulen seier følgjande:

«Kommunen gir forskrifter om kva målform som skal vere hovudmål i dei enkelte skolane. Hovudmålet skal nyttast i skriftleg opplæring og i skriftleg arbeid. Frå og med 8. årstrinnet vel elevane sjølv kva skriftleg hovudmålform dei vil bruke» (Opplæringslova, 1998).

Vi kan ikkje verne nynorskelevar mot bokmålselevar, foreldre med negative haldningar til nynorsk eller lærarar som bruker bokmål i store delar av undervisninga slik at elevane ikkje vert påverka. Likevel kan det hjelpe på at foreldre og lærarar vert medvitne om språkskifte som problem og gjer elevane trygge i nynorsk frå tidleg skulealder.

Elevar spør ofte: «Kvifor skal vi lære nynorsk?» Spørsmålet kan i mange samanhengar oppfattast retorisk, seier Benthe Kolberg Jansson (Jansson, 2011, s. 163). Det vil seie at den som spør, eigentleg seier at det ikkje finst gode grunnar for å lære nynorsk, og utgangspunktet for spørsmålet er ofte negative haldningar og dårleg motivasjon. Når det viser seg at foreldra er dei som oftast oppfordrar til språkskifte, vert det enda viktigare å sørgje for at ein har

foreldra med på laget, og spesielt når det gjeld fag og emne som ein veit ein del av elevane har negative haldningar til.

Benthe Kolberg Jansson seier også at: «Det er også viktig å vise foreldra at gjennom ei allsidig tilnærming til nynorsk får elevane samtidig opplæring i fleire sentrale emne i norskfaget, f.eks. skriving, lesing og språkkunnskap» (Jansson, 2011, s. 183).

Når ein meistrar språket, kjenner ein som regel at det er greitt og nyttig å bruke det. Ein elev som slit med matematikken, vil også slite med å vere positiv til faget. Derfor vil det vere viktig med oppbakking heimanfrå og på skulen. Når ein då ser at det oftast er foreldre og lærarar som oppfordrar til språkskifte, kan det på mange måtar sjå ut til at det trengst ei bevisstgjering på fleire frontar. Undersøkinga mi viser at 20 prosent av alle skiftarar frå nynorsk til bokmål har ein eller anna gong kjent seg oppfordra til språkskifte. ¾ av desse oppfordringane om å velje vekk nynorsk kjem nettopp frå foreldre og lærarar.

Læraren kan kanskje vere nøkkelen til denne haldningsendringa, men ikkje utan foreldra som ei viktig brikke i dette spelet. Synnøve Skjong skildrar kor viktig læraren er for at elevane skal kunne få god opplæring i norskfaget og i sidemålsundervisninga. Læraren er avgjerande, og det er samsvar mellom lærarkompetanse og læring, slår ho fast (Skjong, 2011, s. 77–78). Det kjem også tydeleg fram i Stortingsmelding nr. 23, 2007–2008, *Språk bygger broer* og Stortingsmelding nr. 30, 2003–2004, *Kultur for læring*.

Dette er også drøfta i rapporten frå Proba samfunnsanalyse som eg har gått nærare inn på i kapittel 2.3.2, *Med nynorsk som hovudmål*. Rapporten tek for seg skulane si organisering av norskfaget og vektlegging av nynorsk i andre fag i lærarutdanninga, pluss at læraren sin kompetanse i nynorsk kan ha mykje å seie for elevane sitt val av skriftspråk. Rapporten kan i alle fall vere med på å underbyggje påstanden om at ein ikkje klarer å sikre god nok kompetanse i både nynorsk og bokmål fordi det er uklart i kva grad lærarutdanningane

vektlegg opplæring i nynorsk. Dette fordi det er stor skilnad mellom institusjonane i kva vurderingsform lærarstudentane får (Utdanningsdirektoratet, 2014, s. 10).

Då Haramsnytt gjennomførte ei spørjeundersøking ved dei tre vidaregåande skulane Fagerlia, Ålesund og Haram kom dei fram til at 94 prosent av dei spurde elevane ved byskulane Ålesund og Fagerlia sa at lærarane deira brukte mest bokmål i undervisninga (Reinlund, 2012).

Bente Kolberg Jansson påpeikar også:

> Læraren må sjå på seg sjølv som ein svært viktig faktor når det gjeld å skape positive holdningar og motivasjon – og dermed leggje til rette for læring. Dette skjer ikkje først og fremst gjennom diskusjonar der læraren skal overbevise elevane, men gjennom ei variert og allsidig tilnærming til nynorsk. (Jansson, 2011, s. 182)

Elevane og lærarane er i eit avhengigheitsforhold til kvarandre kvar dag på skulen. Eleven er avhengig av læraren for å lære, og læraren er sjølvsagt avhengig av at eleven er der for å utføre jobben sin. Likevel har læraren også ei makt over elevane sine. Den makta lærarane har overfor elevane, kan vise seg på fleire måtar, direkte og indirekte. Det er læraren som har ansvaret for læringa, og læraren har høve til å påverke elevane sine i det han eller ho lærer bort i timen. Lærarane skal gi elevane opplæring på vegner av samfunnet, men når ein då ser at lærarane faktisk oppfordrar elevane til språkskifte, bryt det med den grunnleggjande målsettinga ein har for lærarane og kva ein ønskjer dei skal vere.

Den største drivkrafta til språkskifte er ikkje nødvendigvis det at lærarane har oppfordra elevane til det. Det største problemet kan like godt å vere passive lærarar. Med det meiner eg at mange i skulen og skuleleiinga har teke på seg ein misforstått objektivitet. Lærarar vil eller

torer kanskje ikkje å ta tak i språkskifteproblematikken i skulen. Kanskje har ikkje læraren tenkt over det som eit faktisk problem at eleven skiftar hovudmål?

I sluttrapporten frå prosjektet Målstreken kjem det fram at mange lærarar har gitt uttrykk for at dei er redde for å provosere elevane, og derfor ikkje veit heilt korleis dei kan seie noko om forholdet mellom nynorsk og bokmål utan å trø feil. Resultatet som dei har kome fram til er at nynorsk/bokmål-problematikken ikkje vert snakka om (Garthus, 2013, s. 17). Om det er slik det opplevast for lærarar ved andre skular, hadde vore interessant å sett meir forsking på.

Det handlar om ei bevisstgjering blant lærarane og lærarstudentar i utdanning, at det er eit reelt problem at mange elevar skiftar utan at nokon set spørsmålsteikn ved det. Truleg hadde det ikkje vore like lett å skifta om lærarane stilte spørsmål ved språkskiftet eller snakka med elevane om det i klassa. Då bør lærarane verte medvitne om at noko bør gjerast og at dei får kunnskap om kva som kan gjerast om dei kjenner seg utrygge på situasjonen.

Torgeir Dimmen som er leiar for Nynorsksenteret i Volda, stiller sjølv spørsmål om kva lærarane og skule gjer for å redusere det uønskte fråfallet av nynorskelevar i skulen i dag. Han påpeikar at lærarane skal ikkje påverke elevane, men at dei skal vere gode støttespelarar i opplæringa. Dimmen meiner også at det ikkje er utidig press å skulle oppmode elevane om å halde på nynorsken. Det burde vere lærarane si oppgåve å gjere nettopp det. Det er offisiell norsk språk- og kulturpolitikk dei då formidlar, og det er denne passive tilnærminga til språkskifte som er ein misforstått objektivitet (Nynorskopplæring nr. 22, 2014, s. 2).

Kan denne passive haldninga henge saman med manglande krav til nynorskopplæringa i lærarutdanninga? Elevane si læring heng saman med lærarane si kompetanse i det dei lærer frå seg. Dermed kan for dårleg eller for lite nynorskopplæring blant lærarstudentar gi utslag når elevane skal lære nynorsk av dei. Sterkare krav til nynorskkompetansen i lærarutdanninga bør fokuserast på som eit av fleire ledd i prosessen for å stogge språkskifte i skulane.

Lærarane må også verte meir merksame på språkskifteutfordringane, og her er det først og fremst rektor og skuleleiing som har eit ansvar for at lærarane og skulane samla sett skal kunne ta det på alvor.

### 5.4 Medvitne om skifte eller er det ein illusjon?

91 prosent av alle elevane i undersøkinga mi som har skifta frå nynorsk til bokmål, seier at dei har vore medvitne om det valet dei har teke. Altså at dei har skifta fordi det var eit gjennomtenkt val å gjere det, og ikkje noko som berre skjedde. Det kan dermed verke som om ungdomane sjølve er veldig klare på kvifor dei skiftar.

Ingunn Kleggtveit (2013, s. 61) diskuterer også i si masteroppgåva kor medvitne elevane er om eige språkval. Ho stiller spørsmålet om ein person som vel å skrive nynorsk, gjer eit mykje meir gjennomtenkt val ved at dei bryt med fleirtalet, og dermed har eit større mangfald av argument for kvifor dei har valt nynorsk og ikkje bokmål. Utifrå sine eigne undersøkingar har ho likevel funne ut at elevane som skriv nynorsk, faktisk bruker færre ord når dei skal argumentere med kvifor dei skriv nynorsk, og bokmålselevane bruker fleire ord for å argumentere kvifor dei skriv bokmål.

Utifrå  rapporten til Målstreken i Valdres ser ein det motsette: «I det heile slår det ein når ein les utsegnene at dei som held på nynorsken, må argumentere meir (og annleis) enn dei som går over til bokmål. Å halde på nynorsken er eit bevisst val (Garthus, 2009, s. 21)».

Eg trur det vert for enkelt å seie at dei fleste av elevane har vore svært medvitne om det valet dei har gjort, sjølv om dei seier det. På den eine sida er det nok gjennomtenkt, men samstundes er det nok påverknad i ulik grad som fører til at elevane føretek eit skifte. Påverknad kan ofte kome skjult, og utan at ein er klar over at ein faktisk har vorte påverka i

det heile. Om elevane ikkje har tenkt nøye over eigen språkbruk, skal det kanskje ikkje mykje til for at dei skiftar. Det kan kanskje vere nok at dei ikkje får lærebøker på nynorsk eller at tavleundervisninga føregår på bokmål.

Ottar Grepstad hevdar at nynorskbrukarane ikkje alltid har makta over sitt eige skriftspråk. I dei situasjonane der bokmålsbrukarane har fleirtal, har dei makta, hevdar han (Grepstad, 2012a, s. 209).

Rolv Mikkel Blakar skriv om det Grepstad hevdar: «Med ein analyse av situasjonen i Noreg *i dag* viser klart at det er andre og økonomisk sett sterkare krefter (Aftenposten, reklamen, forlaga, bladet Donald Duck osv.) som ut frå *sine* interesser påvirkar og formar «folk flest si oppfatning» av og haldning til nynorsk» (Blakar, 1996, s. 105). Dette er ei skildring av maktstrukturar som også gjer seg gjeldande i dag, sjølv om Blakar for første gong definerte dette i 1973. Dette kan vere med på å underbyggje påstanden til Ottar Grepstad. Likevel er det nok ikkje nødvendigvis slik i alle situasjonar.

Det er i alle fall ingen tvil om at språk er makt, på ulikt sett og vis. Språkmakta viser seg gjennom mange ulike mekanismar, og språkval kan ha store maktpolitiske verknader (Østerud et al., 2009, s. 281–282).

### 5.5 Kritisk for nynorsken i randsonene

Når menneske flyttar på seg, og gjerne til større byar eller tettstadar for å gå på skule eller arbeide, er det oftast nynorsk som vert råka språkleg. Det er som Målstreken fann ut i Valdres, at det er i randsonene der nynorsken står under press, som får svi mest når det gjeld språkskifte frå nynorsk til bokmål. Dette får negative følgjer for nynorsken og brukarane av skriftspråket. Nokre få elevar med bokmål som flyttar til Volda ser ikkje ut til å ha negativ

effekt på språkskifte der, men dette kan slå ut annleis i ei randsone. Dette fordi presset allereie er stort og dess meir påverknad, dess større press. Når elevane i det som opphavleg er nynorskkommunar rundt Ålesund og Molde, skiftar frå nynorsk til bokmål, et bokmålet seg stadig innover i nynorskkommunane anten vi vil det eller ikkje. Nokre av desse elevane som skiftar, er med i ein dragkamp mellom nynorsk og bokmål. Kanskje utan å tenkje over det sjølve. Dette er dramatisk sett frå nynorskhald og vil på sikt svekkje blant anna nynorsk administrasjonsmål i desse kommunane.

Språkskifte blant elevane kan vere særs komplekse prosessar. For nokre er språkskifte sterkt knytt opp til identitet. I kapittel 2, *Bakgrunn*, har eg diskutert dette nærare. Nokre få av elevane som var med i undersøkinga mi og som fortel at dei har skifta til bokmål, vel faktisk å skifte tilbake til nynorsk fordi det er det skriftspråket som er knytt til deira identitet. Andre av elevane i spørjeundersøkinga mi seier derimot at dei skiftar til bokmål fordi dei trur at bokmål ligg nærare deira eiga dialekt. Det kan rett og slett kome av at dei ser så mykje bokmål at dei vert lurte til å tru det. Dette viser oss at bokmålet ikkje berre påverkar oss når det gjeld skriftspråk, men også ved dialekten vår.

På den andre sida viser det at også dialekten gjer innhogg i skriftspråka våre. I spørjeundersøkinga mi der elevane fekk spørsmål om kva skriftspråk dei trudde dei kom til å skrive i framtida når dei skriv privat, var det ein del elevar som kryssa av på alternativet anna og skreiv på dialekt. Dette heng nok saman med bruken av SMS og det kortfatta dialektspråket mange i dag bruker i sosiale medium.

### 5.6 Kva skjer med nynorsken vidare?

Marit Wadsten har i si masteroppgåve funne ut at dess høgare ein kjem oppover i utdanningssystemet, dess meir går bruken av nynorsken ned (Wadsten, 2011, s. 75). Når nynorskprosenten er så låg blant sisteårselevane som den er ved Molde videregående skole, kan ein stille seg spørsmålet kva dette har å seie for bruken av nynorsk vidare?

Sannsynlegvis går då bruken av nynorsk endå meir ned, når desse elevane når høgskule- og universitetsnivå. Samstundes er det viktig å hugse på at språkbruk ikkje er konstant, den endrar seg. Nokre elevar som ikkje ser føre seg at dei kjem til å bruke nynorsk seinare i livet, ser seg kanskje nøydde til å måtte bruke det likevel grunna stillinga dei får. Ein har likevel større grunn til å tru at elevane møter ein arbeidsplass der bokmål dominerer, og at dei dermed må velje vekk nynorsken. Marit Wadsten peikar også på dette i masteroppgåva si, men ho har faktisk funne ut at nynorsk er i bruk i større grad etter avslutta utdanning (Wadsten, 2011, s. 75).

Men kva tankar har elevane som var med i undersøkinga mi om å bruke nynorsk vidare? Blant dei svært få nynorskelevane som går på Molde videregående skole, ser dei fleste ut til å ville bruke nynorsk seinare eller både nynorsk og bokmål når dei skriv privat. På Fagerlia er det fleire nynorskelevar som trur dei kjem til å bruke både nynorsk og bokmål enn dei som trur dei berre kjem til å bruke nynorsk. Det som er mest oppsiktsvekkjande, er at det er fleire nynorskelevar som trur dei kjem til å bruke berre bokmål enn elevar som trur dei kjem til å bruke berre nynorsk. Det ser dermed ut til at fleire elevar står i fare for å velje vekk nynorsken også etter vidaregåande skule. Nettopp slik Marit Wadsten har funne ut i si masteroppgåve. Ved Volda vidaregåande skule trur godt over halvparten at dei berre kjem til å bruke nynorsk, medan 38 prosent trur dei kjem til å bruke begge skriftspråka. Ein liten del av nynorskelevane trur dei berre kjem til å bruke bokmål.

### 5.7 Haldningar til språkbruk

Mange av elevane har meiningar om språkbruk som dei ønskjer å gi uttrykk for. Dei fleste av desse meiningane handlar sjølvsagt om nynorsk og sidemålsopplæring sidan det er det eg også spør etter.

Både gutar og jenter ved Molde videregående skole har generelt negative haldningar til bruken av nynorsk, og er positive til bokmål. Den same tendensen ser ein også ved Fagerlia videregående skole. I Volda er det ikkje slik at elevane er negative til bokmål, sjølv om dei fleste skriv nynorsk. Nei, dei er generelt positive til å nytte både nynorsk og bokmål i framtida. Kvifor er det slik? Det er vanskeleg å svare sikkert på dette spørsmålet, men eg vil tru at dei fleste elevane i den vidaregåande skulen ønskjer å få gode karakterar i eit fag. Om elevane kjenner dei meistrar eit fag eller eit språk, som nynorsk og bokmål, vert det knytt positive kjensler til det. Dei har ikkje behov for å hate eller mislike eit språk dei meistrar. Samstundes ser dei i Volda nytteverdien av å kunne begge skriftspråka våre. Dermed er dei også positive til både nynorsk og bokmål.

Hos elevane med negative haldningar, kan det igjen hengje saman med mangel på meistring. Det heng sjølvsagt ikkje berre saman med læraren sin kompetanse, men også med elevane si evne og vilje til å tileigne seg kunnskap. Får ikkje elevane positive kjensler til nynorsk, vil dei i alle fall ikkje bruke det seinare. Det peikar også Anne Steinsvik Nordal på i kapittelet *Nynorsk som hovudmål* (Nordal, 2011, s. 125).

Det er også interessant å sjå at mange av bokmålselevane som har vore med på spørjeundersøkinga mi, svarer på spørsmålet om dei har andre meiningar om språkbruk, at dei faktisk skulle ønskje at dei fekk lære nynorsk tidlegare for å få eit betre grunnlag og at dei

meiner sidemålsundervisinga i nynorsk startar alt for seint. Samstundes er det også mange elevar som har bokmål som hovudmål, som er svært negative til sidemålsopplæringa. Fleire skriv at det ikkje er nynorsk dei er imot, men sidemålsundervisninga som prinsipp. Slik er det ikkje for nynorskelevane, som generelt er positive til begge skriftspråka. Nynorskelevar må som sagt vere fleirspråklege, og dei er vane med at dei må bruke både nynorsk og bokmål.

# 6.0 Avslutning

I denne masteroppgåva har eg sett på språkskiftesituasjonen ved Fagerlia videregående skole, Molde og Volda vidaregåande skule i Møre og Romsdal. Eg har funne ut at årsakene til språkskifte er svært samansette, og det er store ulikskapar mellom skulane, sjølv om dei ligg i same fylke og det berre er nokre fjell og fjordar som skil områda frå kvarandre. Dei strukturelle tilhøva ved dei ulike stadene har mykje å seie for språkskiftesituasjonen ved kvar enkelt skule, og vilkåra for nynorsken i områda der desse skulane geografisk er plasserte, har minst like mykje å seie for om elevane vel å halde på nynorsken eller ikkje.

Eg har tidlegare vore inne på globaliseringsomgrepet, og det spelar ei stor rolle når språkskifte finn stad. Som Eli Bjørhusdal også peikar på i si doktoravhandling, så er ikkje dei språklege tilhøva berre knytte til opplæringsfeltet. Det heng også saman med samfunnet elles. Kva språkpolitikk som vert ført av kommunane, innbyggjarane, verksemdene, staten, berre for å nemne nokre døme (Bjørhusdal, 2014, s. 487). Vi veit at mangel på bruk av nynorsk hjå desse aktørane påverkar, men i kor stor grad er vanskeleg å seie. Eitt er sikkert, og det er at elevane må sjå nynorsk for å halde på språket sitt. I Volda møter dei det i mykje større grad enn i Molde og i Ålesund. Derfor er ikkje språkskifte eit problem i Volda per i dag.

Dette viser berre at språkskifte er veldig samanset, og sjølv om argumenta for å skifte kan vere like blant mange av elevane, er kvar situasjon heilt unik. Årsakene er komplekse. Alle elevane har sine eigne opplevingar av språkskifte. Nokre har vorte påverka, indirekte eller direkte. Andre ikkje. Nokre har skifta ein gong, nokre fleire gonger. Samfunnet, media, foreldre, lærarar, vener, klassekameratar, bror, søster, bestemor eller onkel kan ha oppfordra eller påverka til språkskifte.

Det er store regionale skilnader i språkskifte, og ein kan derfor gjere mange undersøkingar med ulike resultat. Mange av likskapane kan ein likevel finne på dei skulane som liknar på

kvarandre i struktur og i form av nynorsk- og bokmålselevar. Det er behov for å sjå nærare på dei ulike skulane for å kartlegge kva som kan gjerast. Deretter er det nasjonal handling som må til for å kunne stogge prosessane. Det trengst klare handlingsplanar som tek sikte på å stogge den negative skiftetrenden for nynorsken og samstundes sikre den nynorske skriftkulturen vidare.

Lærarar og skuleleiing har, og bør ha handlingsrom for å sjølve leggje opp til gode metodar for å ta tak i språkskifte- utfordringa. Det er dei som kjenner elevane sine best, og det er dei som er nøkkelen til å få det til. Men dei treng nasjonale tiltak for å klare det.

Målstreken i Valdres poengterer også at vi treng ein ny didaktikk: Styrkeforholdet mellom nynorsk og bokmål må få konsekvensar for korleis ein underviser, også i nynorsk som hovudmål. Dette må inn i lærarutdanninga, og det må finnast i vidareutdanningsprogram. Målstreken meiner også at tydelegare styringsdokument må på plass der ein omtalar styrkeforholdet mellom bokmål, nynorsk og språkskifte. Dessutan må lærarane som treng og ønskjer det, få heva kompetansen sin i nynorsk (Garthus, Todal & Øzerk, 2010, s. 32).

Likevel er det ikkje berre i opplæringa dette vert viktig, sjølv om det er der det er mest logisk å starte. Funna mine som viser at språkskifte startar så smått allereie i barneskulen, og seinare aukar både i ungdomsskulen og vidaregåande, kan sjåast på som den første perioden i ein prosess som også inneheld ein del to. For etter ferdig vidaregåande opplæring, når elevane anten har starta på studium ved høgskule og universitet, eller dei har starta å arbeide, ser det ut til at språkskifteprosessane held fram. Kor mykje den første perioden påverkar den andre perioden, hadde vore svært interessant å få vite meir om. Også om verknadene av tett oppfølging og bevisstgjering om å bruke nynorsk frå tidleg skulealder har nokon effekt. Samstundes er det også interessant å vite meir om kor mange som skiftar etter vidaregåande og når dei kjem ut i jobb.

Vi veit litt om haldningar, men ikkje nok. Det er vanskeleg å måle og forske på. Det er kanskje eit poeng at språkforskarar kanskje ikkje er dei beste til å undersøkje korleis og kvifor haldningar oppstår og vert slik som dei er. For kvar går eigentleg grensene mellom kulturfag og språkfag? Eg meiner at det samfunnsfaglege aspektet i (skrift)kulturfag er noko som dei ofte reint humanistisk orienterte språkforskarane burde fokusere meir på.

Det same gjeld for påverknad. Det er interessant at funna mine peikar på at 20 prosent av elevane som har skifta frå nynorsk til bokmål kjenner seg direkte oppfordra til språkskifte. Kva då med alt anna som påverkar elevane direkte og indirekte? Vi veit for lite om prosessane rundt påverknad som fører til språkskifte og vi treng meir forsking som ser nærare på dei.

Kanskje kan det vere ein idé å ta eit steg ut av Noreg for å sjå korleis andre land har gått fram. Mange språk er under sterkt press i vår tid. Ein kan til dømes sjå til Wales der dei har vekt walisisk opp frå søvnen. Å kunne walisisk var lenge stigmatiserande, og engelsken tok over. Det tapte språket har vorte ei stor sorg, og det vert no satsa på språkopplæring for både unge og vaksne med stort hell (Grimstad & Miljeteig, 2011). Alle språk endrar seg – og i alle språksamfunn ser det ut til at dette er eit ubehageleg faktum for dei fleste (Vikør, 2007, s. 13). Lars Vikør viser til døme i Indonesia og Malaysia, Island og Færøyane i *Språkplanlegging. Prinsipp og praksis.* Vi kan ikkje tru at det berre er vi i Noreg som har språklege utfordringar. Saman kan vi lære av kvarandre.

## Litteraturliste:


Ajzen, I. (2005). *Attitudes, personality and behavior*. (2. utgåve) England. Open University Press.

Akselberg, G. (2001). Talemålsendring, samfunnsutvikling og kulturell identitet. I: E. Bakke & H. Teigen (Red.), *Kampen for språket. Nynorsken mellom det lokale og det globale.* (s. 188–215). Oslo: Det Norske Samlaget.

Austin, P.K., & Sallabank, J. (Red.). (2011). *The Cambridge Handbook of Endangered languages.* Cambridge: Cambridge University Press.

Bjørhusdal, E. (2014). *Mellom nøytralitet og språksikring. Norsk offentleg språkpolitikk 1885-2005.* Avhandling til ph.d.-graden. Institutt for lærarutdanning og skoleforsking. Det utdanningsvitskaplege fakultetet. Oslo: Universitetet i Oslo. Henta frå: http://brage.bibsys.no/xmlui/bitstream/handle/11250/220171/1/Bj%C3%B8rhusdal_Eli.pdf

Blakar, R. M. (1996). *Språk er makt.* (6. reviderte og utvida utg., 1. utg. 1973). Oslo: Pax.

Dyvik, H. (1998). *Hva er språk?* I: Torbjørn Nordgård (Red.), *Innføring i språkvitenskap*. Oslo: Ad Notam Gyldendal.

Eagly, A.H. & Chaiken S. (1993). *The Psychology of Attitudes.* Orlanda: Harcourt Brace College Publishers.

Emerson, R.M. (1998). Makt og avhengigetsrelasjoner. Oversatt frå engelsk til norsk av Heidi Grinde. (1. Utg. 1962). *Magma. Econas tidsskrift for økonomi og ledelse* (Nr. 3). Henta frå: http://www.magma.no/makt-og-avhengighetsrelasjoner

Fishbein, M & Ajzen, I. (1975). *Belief, Attitude and Behavior: An Introduction to Theory and Research*. Henta frå: http://people.umass.edu/aizen/f&a1975.html i kapittel 8: http://home.comcast.net/~icek.aizen/book/ch8.pdf.

Fishman, J.A. (Red). (2001). *Can threatened languages be saved? Reversing language shift: Revisited: A 21$^{st}$ century perspective.* Clevedon: Multilingual Matters Ltd.

Fishman, J.A. (1964). Language Maintenance and language shift as a field of inquiery. A definition of the field and suggestions for its further development. *Linguistics*. (s. 32-70). (Utg. 2, 9. opplag).

Garthus, K.M.K. (2013). *Årsaker til språkskifte. Ei gransking ved Valdres vidaregåande skule.* Målstreken.

Garthus, K.M.K., Todal, J., & Øzerk K. (2010) *Rapport om språkskifte i Valdres og Sogn og Fjordane*. Målstreken. Henta frå: http://www.nm.no/_filer/rapport_om_spraakskifte_i_valdres_og_sogn_og_fjordane-1.pdf

Garthus, K.M.K. (2009). *Rapport om språkskifte i Valdres*. Målstreken. Henta frå: http://www.nm.no/_filer/rapport_om_spraakskifte_i_valdres.pdf

Grepstad, O. (2012a). *Draumen om målet.* Oslo: Det Norske Samlaget.

Grepstad, O. (2012b). *Språkfakta Sogn og Fjordane 1646–2012.* Nynorsk kultursentrum. Hovdebygda. Henta frå: http://www.aasentunet.no/filestore/structured_upload/PDF_og_Flash/32216F4FE2C14B8CBBA62FE58BABBECE.pdf

Grimstad, T. & Miljeteig, M. (2011, 5. november) Nå tar Wales språket tilbake. *NRK.* Henta 15. november 2014 frå: http://www.nrk.no/verden/na-tar-wales-spraket-tilbake-1.7862489

Haugen, E. (1972). *The Ecology of Language. Essays by Einar Haugen*. California: Stanford University Press.

Haugen, E. (1953). *The Norwegian language in America. A study in bilingual behavior*. Philadelphia: University of Pennsylvania Press.

Hellevik, O. (2009). *Forskningsmetode i sosiologi og statsvitenskap* (7.utg., 4. opplag). Oslo: Universitetsforlaget.

Hellevik, O. (2001). Nynorskbrukaren – kven er han? I: E. Bakke & H. Teigen (Red.), *Kampen for språket. Nynorsken mellom det lokale og det globale.* (s.117–139). Oslo: Det Norske Samlaget.

Hernes, G. (1998). Richard Emersons maktteori. *Magma. Econas tidsskrift for økonomi og ledelse.* (Nr. 3). Henta frå: http://www.magma.no/richard-emersons-maktteori

Hernes, G. (1975). *Makt og avmakt. En begrepsanalyse.* Bergen: Universitetsforlaget.

Iversen, A.C.H. (s.a.). *Forholdet mellom holdning og handling i sosialpsykologisk forsking*. Henta 31. oktober 2014 frå http://www.e-management.no/DesktopModules/ViewAnnouncement.aspx?ItemID=323&Mid=694.

Janson, T. (1997). *Språken och historien*. Falun: Norstedts Ordbok AB.

Jansson, B.K. (2011). Nynorsk som sidemål på ungdomstrinnet: Korfor det, da? I: Jansson, B.K. & Skjong, S. (Red.). *Norsk = Nynorsk og bokmål. Ei grunnbok om nynorsk i skulen*. (s. 162–178). Oslo. Det Norske Samlaget.

Johannessen, A., Tufte, P., & Christoffersen, L. (2011). Introduksjon til samfunnsvitenskapelig metode. (4. utg., 2. opplag). Oslo: Abstrakt forlag.

Kleggetveit, I. (2013). *Eg eller eg. Ein studie av forhold som kan påverke valet mellom nynorsk og bokmål hos ungdom i Indre-Agder.* Masteroppgåve ved Institutt for nordisk språk og litteratur. Universitetet i Agder. Henta frå: http://brage.bibsys.no/xmlui/bitstream/handle/11250/139407/1/Ingunn%20Kleggetveit%20oppgave.pdf

Kleiveland, F. (2014, 6. november). Mållaget heidra nynorskelevar. *Sunnmørsposten.* Henta 14. november 2014 frå: http://www.smp.no/nyheter/article10315223.ece

Lajord, M. (2011, 17. oktober) Språkskifte, ikkje målbyte. *Framtida.* Henta 11. oktober 2014 frå: http://framtida.no/articles/sprakskifte-ikkje-malbyte#.VEEdUfl_tCh

Lomheim, S. (2001). Kamp i all æve? I: E. Bakke & H. Teigen (Red.), *Kampen for språket. Nynorsken mellom det lokale og det globale.* (s. 216–235). Oslo: Det Norske Samlaget.

Mead, G. H. (1934). *Works of George Herbert Mead. Volume 1. Mind, Self, & Society. From the Standpoint of a Social Beaviorist*. Edited and with an Introduction by Charles W. Morris. Chicago og London: The University of Chicago Press.

Mæhlum, B. (2008). Språk og identitet. I: Mæhlum, B., Akselberg, G., Røynland, U., & Sandøy, H. *Språkmøte. Innføring i sosiallingvistikk.* (s. 105–126). (2.utg). Oslo: Cappelen Akademisk Forlag.

Noregs Mållag. (2014). Nettsida til Rapport: Språkskifte i Valdres og Sogn og Fjordane. Henta 3. august 2014 frå http://www.malstreken.no/index.cfm?id=3185.

Nordal, A.S. (2011). Nynorsk som hovudmål. I: Jansson, B.K. & Skjong, S. (Red.). *Norsk = Nynorsk og bokmål. Ei grunnbok om nynorsk i skulen.* (s. 109–135). Oslo. Det Norske Samlaget.

Norsk Målungdom (2012). *Kort spørjeundersøking om språkval, hausten 2012*. Oslo.

Nynorskopplæring. (Nr. 22, åttande årgangen, 2014). Eit blad frå Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa. Volda.

Osdal, H. & Madsen, K-A. (2010). Norsk 1 i allmennlærarutdanninga. – mangfald og likskap. I. Haug P. (Red.). *Kvalifisering til læraryrket*. Oslo: Abstrakt forlag.

Otnes, H., & Aamotsbakken, B. (2012). *Tekst i tid og rom. Norsk språkhistorie.* (4. utg.). Oslo: Det Norske Samlaget.

Reinlund, O. (2012, 6. november). Elevar vel bort nynorsk på vgs. *Haramsnytt*, s. 4-6.

Røyneland, U. (2008). Språk- og dialektkontakt. I: Mæhlum, B., Akselberg, G., Røynland, U., & Sandøy, H. *Språkmøte. Innføring i sosiallingvistikk.* (s. 47–72). (2.utg). Oslo: Cappelen Akademisk Forlag.

Sandøy, H. (2003). Språkomgrepet, språkholdningar og purisme. I: Sandøy, H., Brodersen, R., & Brunstad E. (Red.), *Purt og reint. Om purisme i dei nordiske språka.* (s. 19–36). Volda: Høgskulen i Volda.

Saussure, Ferdinand de. (1990). *Course in general linguistics*. Translated annotated by Roy Harris. (2. utg., 1. utg. frå 1983). London: Duckworth.

Selback, B. (2001). *"Det er heilt naturleg". Ei gransking av skriftspråkshaldningar.* Hovudfagsavhandling ved Nordisk Institutt. Bergen: Universitetet i Bergen.

Skjong, S. (2011). Lærarkompetanse: nøkkelen til god nynorskopplæring. I: Jansson, B.K. & Skjong, S. (Red.). *Norsk = Nynorsk og bokmål. Ei grunnbok om nynorsk i skulen.* (s. 77–108). Oslo. Det Norske Samlaget.

Slettemark, B. (2006): *Nynorsk som sidemål: Lærerholdninger og opplæringspraksis i grunnskolen i Oslo.* Masteroppgåve i norskdidaktikk. Institutt for lærerutdanning og skoleutvikling. Oslo: Universitetet i Oslo. Henta frå: https://www.nynorsksenteret.no/img/nsfno/Hele_oppgaven.pdf

Time, S. (1997). Språk – tekst – identitet. I: Time, S. (Red.), *Om kulturell identitet. Ei essaysamling.* (s. 173–218). Bergen: Høgskolen i Bergen.

Trosterud, T. (2003). Språkdaude, purisme og språkleg revitalisering. I: Sandøy, H., Brodersen, R., & Brunstad E. (Red.), *Purt og reint. Om purisme i dei nordiske språka.* (s. 181–215). Volda: Høgskulen i Volda.

Vikør, L. (2007). *Språkplanlegging. Prinsipp og praksis.* (3. utg.). Oslo: Novus Forlag.

Wadsten, M. (2011). *Viljen til språk – viljen til forsking. Nynorsk i bruk i utdanning og akademisk skriving*. Mastergradsoppgåve. Volda: Høgskulen i Volda.

Østerud, Ø., Engelstad, P., & Selle, P. (2009). *Makten og demokratiet. En sluttbok fra Makt- og demokratiutredningen.* Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.

Øzerk, K. (2006). *Frå språkbad til språkdrukning*. Vallset: Oplandske Bokforlag.

**Lover, planar og offisielle dokument som det er vist til i oppgåva:**


Endr. i forskrift om målvedtak i kommunar m.m. (2013). *Forskrift om endring i forskrift om målvedtak i kommunar og fylkeskommunar*. Først versjon utgitt i 2007. Henta frå: http://lovdata.no/dokument/LTI/forskrift/2013-09-24-1127

Kultur- og kyrkjedepartementet (2008) *Mål og meining*. (St. meld. Nr. 35, 2007–2008). Henta frå: http://www.regjeringen.no/pages/2090873/PDFS/STM200720080035000DDDPDFS.pdf

Kunnskapsdepartementet (2003). *Makt og demokrati. Sluttrapport fra makt- og demokratiutredningen*. (NOU 2003:19). Oslo. Henta frå: http://www.regjeringen.no/Rpub/NOU/20032003/019/PDFS/NOU200320030019000DDDPDFS.pdf

Kunnskapsdepartementet (2013). *Ressursgruppa for nynorsk som hovudmål. Sluttrapport*. [s.l.]

Kunnskapsdepartementet (2009) *Kvalitet i barnehagen*. St. meld. Nr. 41, (2008–2009). Henta frå: http://www.regjeringen.no/pages/2197014/PDFS/STM200820090041000DDDPDFS.pdf

Kunnskapsdepartementet (2008). *Språk bygger broer. Språkstimulering og språkopplæring for barn, unge og voksne*. St. meld. Nr. 23, (2007–2008). Henta frå: http://www.regjeringen.no/pages/2077013/PDFS/STM200720080023000DDDPDFS.pdf

Kunnskapsdepartementet (2004). *Kultur for læring*. St. meld. Nr. 30, (2003–2004). Henta frå: http://www.regjeringen.no/Rpub/STM/20032004/030/PDFS/STM200320040030000DDDPDFS.pdf

Opplæringslova (1998). Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova).
Henta frå: https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61/KAPITTEL_2#KAPITTEL_2

Språkrådet (2012). *Språkstatus 2012. Språkpolitisk tilstandsrapport frå Språkrådet*. [s.l.]
Henta frå:

http://www.sprakradet.no/upload/Spr%C3%A5kstatus/Spr%C3%A5kstatus%202012.pdf

Språkrådet (2011). *Språkstatus 2011. Språkpolitisk tilstandsrapport fra Språkrådet.* [s.l.] Henta frå: http://www.sprakradet.no/upload/Spr%C3%A5kstatus%202011.%20Spr%C3%A5kpolitisk%20tilstandsrapport%20fra%20Spr%C3%A5kr%C3%A5det.pdf

Språkrådet (2005a). *Norsk i hundre! Norsk som nasjonalspråk i globaliseringens tidsalder. Et forslag til strategi.* Henta frå: https://www.sprakradet.no/upload/norsk_i_hundre.pdf

Språkrådet (2005b) Kortare samandrag på nettsida av *Norsk i hundre!* Henta 6. oktober 2014 frå http://www.sprakradet.no/Tema/Spraakpolitikk/Norsk_i_hundre_Strategiar/Samandrag/#skulen

Utdanningsdirektoratet (2014). *Undersøkelse av nynorsk som hovedmål*. Rapport 2014 – 07. Proba samfunnsanalyse. Oslo. Henta frå: http://www.proba.no/wp-content/uploads/sites/32/2014/08/Probarapport-2014-07-Undersokelse-av-nynorsk-som-hovedmal_med-justerte-tabeller.pdf

Utdanningsdirektoratet (2006a). *Framtidas norskfag. Språk og kultur i eit fleirkulturelt samfunn.* Henta frå: http://www.regjeringen.no/upload/kilde/kd/rap/2006/0001/ddd/pdfv/269917-norskrapporten.pdf

Utdanningsdirektoratet (2006b). *Kartlegging av sidemålsundervisningen gjort på 10. trinn og VK1, allmennfaglig studieretning. – Resultater fra en undersøkelse blant elever, norsklærere og rektorer.* Rapport 2006. TNS Gallup. Oslo. Henta frå: http://www.udir.no/Upload/Rapporter/5/sidemalsrapport_siste.pdf

## Vedlegg – oversikt:


| | |
|---|---|
| Vedlegg 1: Spørjeskjemaet. | s. 110 |
| Vedlegg 2: Godkjenning frå Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste (NSD). | s.117 |
| Vedlegg 3: Tal frå Utdanningsdirektoratet. Oversikt over elevar frå studieførebuande program og påbygging i den vidaregåande skulen som har teke avsluttande norskeksamen på nynorsk eller bokmål. | s. 120 |

**Vedlegg 1. Spørjeskjemaet.**

## Førespørsel om å delta i spørjeundersøking i samband med masteroppgåva "Målbytesituasjonen i tre vidaregåande skular i Møre og Romsdal".

Eg er masterstudent i Nynorsk skriftkultur ved Høgskulen i Volda og held no på med den avsluttande masteroppgåva. Temaet for oppgåva er målbyte i den vidaregåande skulen. Eg skal sjå nærmare på om det er mange elevar i den vidaregåande skulen som har skifta målform i løpet av dei åra dei går på skule, og kva rolle lokalavisene spelar i ein slik målbyteprosess.

For å finne ut dette, ønskjer eg å gjennomføre ei spørjeundersøking som tek om lag 10 minutt.

Spørsmåla vil handle om haldningar til nynorsk og bokmål, kor ofte og kva aviser du les, og om du nokon gong har skifta målform.

Det er heilt frivillig å vere med i denne spørjeundersøkinga. Opplysningane vert handsama konfedensielt og det er ingen andre enn meg og rettleiaren min som har tilgang til undersøkinga. Ingen enkeltpersonar kan verte gjenkjende i denne oppgåva.

Om du vil vere med på spørjeundersøkinga, samtykkar du ved å fylle ut det vedlagde spørjeskjemaet.

Masteroppgåva er tilrådd av Personvernombudet for forskning, Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste (NSD).

Har du spørsmål i samband med denne undersøkinga , kan du gjerne ta kontakt med meg på e-postadressa eller telefonnummeret under.

Med venleg helsing

Iselin Nevstad Øvrelid
E-post: iselin.ovrelid@gmail.com
Tlf: 932 02 485

# SIDE 1

**1) Kva kjønn er du?**

❑ Jente

❑ Gut

**2) Kva for morsmål har du?**

❑ Norsk

❑ Anna

**3) Kva er namnet på heimkommunen din?** ______________________

**4) Kva for barneskule byrja du på i 1. klasse?** ______________________

**5) Kva for ungdomsskule har du gått på?** ______________________

**6) Kva vidaregåande skule går du på no?** ______________________

**7) Kva for målform hadde du som hovudmål på barneskulen?**

❑ Nynorsk

❑ Bokmål

❑ Først nynorsk, så bokmål

❑ Først bokmål, så nynorsk

**8) Kva for målform hadde du som hovudmål på ungdomsskulen?**

❑ Nynorsk

❑ Bokmål

❑ Først nynorsk, så bokmål

❑ Først bokmål, så nynorsk

# SIDE 2

**9) Kva for målform har du i dag på vidaregåande?**

- ❑ Nynorsk
- ❑ Bokmål
- ❑ Først nynorsk, no bokmål
- ❑ Først bokmål, no nynorsk

**10) Kva for programområde går du på no i den vidaregåande skulen?**

- ❑ Studiespesialisering
- ❑ Studiespesialisering med formgivingsfag
- ❑ Studiespesialisering med toppidrettsklassetilbudet
- ❑ Musikk, dans og drama
- ❑ Media og kommunikasjon
- ❑ Påbygging for generell studiekompetanse

**11) Har du nokon gong skifta målform?**

- ❑ Ja
- ❑ Nei, eg har alltid skrive nynorsk.
- ❑ Nei, eg har alltid skrive bokmål.

**Om du svarte NEI på spørsmål 11) om du nokon gong har skifta målform, så kan du gå vidare til ark nummer 4.**

# SIDE 3

**12) Eg har skifta målform**

- ❑ Frå nynorsk til bokmål
- ❑ Frå bokmål til nynorsk

**13) Eg skifta målform**

- ❑ I løpet av barneskulen.
- ❑ I løpet av ungdomsskulen.
- ❑ I løpet av vidaregåande.

Spesifiser gjerne når og i kva samanheng: ____________________________________________

**14) Var det eit bevisst val å skifte målform?**

- ❑ Ja, eg ville det sjøl.
- ❑ Nei, det vart berre slik.
- ❑ Anna årsak: ____________________________________________

**15) Kvifor skifta du målform?**

| |
|---|
| |

**16) Har du nokon gong vorte oppfordra til å skifte målform?**

**Nei** ❑

**Ja** ❑

**17) Dersom du har vorte oppfordra til å skifte målform, av kven?**

| |
|---|
| |

# SIDE 4

**18) Les du riksaviser som til dømes Aftenposten, VG og Dagbladet på papir eller nett?**

Ofte ❑

Av og til ❑

Sjeldan ❑

Aldri ❑

**19) Les du lokalaviser og regionaviser på papir eller nett frå området du kjem ifrå?**

Ja ❑

Nei ❑

# SIDE 5

20) Dersom du svarte JA på førre spørsmål:

Kva lokalaviser og regionaviser les du, og kor ofte les du dei?

Her kan du krysse av på fleire alternativ.

| | PAPIRAVIS | | | NETTAVIS | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Kvar utgåve | Nesten kvar utgåve | Sjeldnare | Kvar dag | Nesten kvar dag | Sjeldnare |
| Aura Avis | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Avisa Romsdal | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Bygdebladet | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Driva | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Haramsnytt | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Møre-Nytt | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Møre | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Nordvestnytt | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Nordmørsavisa | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Nye Åndalsnes Avis | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Nytt i Uka | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Romsdals Budstikke | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Regionavisa | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Storfjordnytt | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Sulaposten | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Sunnmørsposten | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Sunnmøringen | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Synste Møre | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Sykkylvsbladet | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Tidens Krav | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Vestlandsnytt | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Vestnesavisa | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Vikebladet/Vestposten | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Øy-avisa | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Øy-Blikk | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Andre: | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Andre: | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Andre:__________ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |

# SIDE 6

**21) Kva meiner du om denne utsegna?**

| | Heilt einig | Delvis einig | Delvis ueining | Heilt ueinig |
|---|---|---|---|---|
| «Målforma i lokalavisa mi er viktig for valet av den målforma eg vil bruke». | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |

**22) Kva for målform trur du at du kjem til å bruke i framtida når du skriv privat?**

❑ Nynorsk

❑ Bokmål

❑ Begge

❑ Anna

**23) Kor godt likar du å skrive dei to målformene i Noreg?**

| | Svært godt | Godt | Mindre godt | Vil helst ikkje skrive denne målforma |
|---|---|---|---|---|
| Nynorsk | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Bokmål | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |

**24) Dersom du har andre synspunkt som gjeld språkbruk, og som du ikkje har fått fram i denne undersøkinga, kan du skrive meir her:**

## Vedlegg 2. Godkjenning frå NSD.

**Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS**
NORWEGIAN SOCIAL SCIENCE DATA SERVICES

NSD

Harald Hårfagres gate 29
N-5007 Bergen
Norway
Tel: +47-55 58 21 17
Fax: +47-55 58 96 50
nsd@nsd.uib.no
www.nsd.uib.no
Org.nr. 985 321 884

Torgeir Dimmen
Nynorsksenteret
Høgskulen i Volda
Postboks 500
6101 VOLDA

Vår dato: 09.11.2012 Vår ref:32053 / 3 / SSA Deres dato: Deres ref:

### TILBAKEMELDING PÅ MELDING OM BEHANDLING AV PERSONOPPLYSNINGER

Vi viser til melding om behandling av personopplysninger, mottatt 07.11.2012. Meldingen gjelder prosjektet:

| | |
|---|---|
| *32053* | *Målbytesituasjonen i tre vidaregåande skular i Møre og Romsdal* |
| *Behandlingsansvarlig* | *Høgskulen i Volda, ved institusjonens øverste leder* |
| *Daglig ansvarlig* | *Torgeir Dimmen* |
| *Student* | *Iselin Nevstad Øvrelid* |

Personvernombudet har vurdert prosjektet og finner at behandlingen av personopplysninger er meldepliktig i henhold til personopplysningsloven § 31. Behandlingen tilfredsstiller kravene i personopplysningsloven.

Personvernombudets vurdering forutsetter at prosjektet gjennomføres i tråd med opplysningene gitt i meldeskjemaet, korrespondanse med ombudet, eventuelle kommentarer samt personopplysningsloven og helseregisterloven med forskrifter. Behandlingen av personopplysninger kan settes i gang.

Det gjøres oppmerksom på at det skal gis ny melding dersom behandlingen endres i forhold til de opplysninger som ligger til grunn for personvernombudets vurdering. Endringsmeldinger gis via et eget skjema, http://www.nsd.uib.no/personvern/forsk_stud/skjema.html. Det skal også gis melding etter tre år dersom prosjektet fortsatt pågår. Meldinger skal skje skriftlig til ombudet.

Personvernombudet har lagt ut opplysninger om prosjektet i en offentlig database, http://pvo.nsd.no/prosjekt.

Personvernombudet vil ved prosjektets avslutning, 31.12.2013, rette en henvendelse angående status for behandlingen av personopplysninger.

Vennlig hilsen

Vigdis Namtvedt Kvalheim

Sondre S. Arnesen

Sondre S. Arnesen tlf: 55 58 25 83
Vedlegg: Prosjektvurdering
Kopi: Iselin Nevstad Øvrelid, Holstun 2, 6065 ULSTEINVIK

Avdelingskontorer / *District Offices:*
*OSLO:* NSD. Universitetet i Oslo, Postboks 1055 Blindern, 0316 Oslo. Tel: +47-22 85 52 11. nsd@uio.no
*TRONDHEIM:* NSD. Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet, 7491 Trondheim. Tel: +47-73 59 19 07. kyrre.svarva@svt.ntnu.no
*TROMSØ:* NSD. SVF, Universitetet i Tromsø, 9037 Tromsø. Tel: +47-77 64 43 36. nsdmaa@sv.uit.no

# Personvernombudet for forskning

## Prosjektvurdering - Kommentar

Prosjektnr: 32053

Ifølge prosjektmeldingen skal det innhentes skriftlig samtykke basert på skriftlig informasjon om prosjektet og behandling av personopplysninger. Personvernombudet finner informasjonsskrivet tilfredsstillende, så fremt det legges til dato for prosjektslutt og anonymisering, samt kontaktinformasjon til veileder.

Innsamlede opplysninger registreres på privat pc. Personvernombudet legger til grunn at veileder og student setter seg inn i og etterfølger Høgskulen i Volda sine interne rutiner for datasikkerhet, spesielt med tanke på bruk av privat pc til oppbevaring av personidentifiserende data.

Prosjektet skal avsluttes 31.12.2013 og innsamlede opplysninger skal da anonymiseres. Anonymisering innebærer at direkte personidentifiserende opplysninger som navn/koblingsnøkkel slettes, og at indirekte personidentifiserende opplysninger (sammenstilling av bakgrunnsopplysninger som f.eks. yrke, alder, kjønn) fjernes eller grovkategoriseres slik at ingen enkeltpersoner kan gjenkjennes i materialet.

Gmail by Google

Iselin Nevstad Øvrelid <iselin.ovrelid@gmail.com>

# Prosjektnr: 32053 Målbytesituasjonen i tre vidaregåande skular i Møre og Romsdal

**marte.byrkjeland@nsd.uib.no** <marte.byrkjeland@nsd.uib.no> 24. januar 2014 kl. 09.27
Til: iselin.ovrelid@gmail.com
Kopi: td@hivolda.no

Vi viser til mottatt statusskjema den 02.01.2014 og bekrefter med dette at prosjektperioden forlenges fra 31.12.2013 til 31.12.2014. Merk at ved en eventuell ytterligere forlengelse av prosjektperioden må det påregnes å informere utvalget.

Vi legger til grunn at prosjektopplegget for øvrig er uendret. Du vil motta en ny statushenvendelse ved prosjektslutt.

Ta gjerne kontakt dersom du har spørsmål.

Vennlig hilsen,
Marte Byrkjeland - Tlf: 55 58 33 48
Epost: marte.byrkjeland@nsd.uib.no

Personvernombudet for forskning,
Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS
Tlf. direkte: (+47) 55 58 81 80

—

Referring to the status report dated 02.01.2014. We hereby confirm that the project period is extended from 31.12.2013 to 31.12.2014.

Please note that in case of further extensions, it may be necessary to inform the sample.

We assume that the project otherwise remains unchanged. You will receive a new status inquiry at the end of the project.

Please, do not hesitate to contact us if you have any questions.

Best regards,
Marte Byrkjeland - Phone number: 55 58 33 48
Email: marte.byrkjeland@nsd.uib.no

the Data Protection Official for Research,
Norwegian Social Science Data Services
Phone number (switchboard): (+47) 55 58 81 80

## Vedlegg 3. Tal frå Utdanningsdirektoratet.

**Antall påmeldt til eksamen våren 2012 i norsk hovedmål**

| | Bokmål Studieforberedende | Nynorsk Studieforberedende | Bokmål Påbygging | Nynorsk Påbygging |
|---|---|---|---|---|
| Nasjon | 33403 | 2263 | 12951 | 862 |
| 1 Østfold | 1871 | 1 | 707 | 2 |
| 2 Akershus | 4174 | 7 | 1572 | |
| 3 Oslo | 5151 | 17 | 883 | 2 |
| 4 Hedmark | 1177 | 1 | 493 | |
| 5 Oppland | 1156 | 65 | 497 | 7 |
| 6 Buskerud | 1700 | 15 | 722 | 3 |
| 7 Vestfold | 1678 | 5 | 707 | 2 |
| 8 Telemark | 1211 | 72 | 385 | 19 |
| 9 Aust-Agder | 745 | 17 | 317 | |
| 10 Vest-Agder | 1443 | 10 | 670 | 1 |
| 11 Rogaland | 2740 | 186 | 1122 | 63 |
| 12 Hordaland | 2946 | 781 | 1071 | 320 |
| 14 Sogn Og Fjordane | 89 | 616 | 53 | 262 |
| 15 Møre Og Romsdal | 1142 | 451 | 626 | 171 |
| 16 Sør-Trøndelag | 2119 | 8 | 846 | 4 |
| 17 Nord-Trøndelag | 850 | 1 | 579 | 1 |
| 18 Nordland | 1490 | 2 | 619 | |
| 19 Troms | 1276 | 6 | 496 | 2 |
| 20 Finnmark | 384 | 1 | 171 | 1 |
| 21 Svalbard | 9 | | 4 | |
| 30 Utland | 52 | 1 | 411 | 2 |

**Kilde: Utdanningsdirektoratet, PAS**

| Antall påmeldt til eksamen våren 2013 i norsk hovedmål | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | Bokmål Studieforberedende | Nynorsk Studieforberedende | Bokmål Påbygging | Nynorsk Påbygging |
| Nasjon | 33158 | 2343 | 13059 | 854 |
| 1 Østfold | 1691 | | 842 | 1 |
| 2 Akershus | 4217 | 8 | 1583 | 3 |
| 3 Oslo | 5110 | 21 | 1035 | 3 |
| 4 Hedmark | 1110 | 1 | 600 | 1 |
| 5 Oppland | 1138 | 64 | 525 | 13 |
| 6 Buskerud | 1855 | 10 | 739 | 3 |
| 7 Vestfold | 1614 | | 805 | |
| 8 Telemark | 1204 | 71 | 455 | 18 |
| 9 Aust-Agder | 731 | 13 | 336 | 1 |
| 10 Vest-Agder | 1385 | 6 | 432 | 3 |
| 11 Rogaland | 2742 | 224 | 1007 | 76 |
| 12 Hordaland | 2999 | 721 | 1215 | 298 |
| 14 Sogn Og Fjordane | 90 | 662 | 64 | 271 |
| 15 Møre Og Romsdal | 1175 | 508 | 656 | 159 |
| 16 Sør-Trøndelag | 2119 | 14 | 923 | 1 |
| 17 Nord-Trøndelag | 927 | 5 | 518 | |
| 18 Nordland | 1444 | 2 | 657 | 2 |
| 19 Troms | 1187 | 7 | 473 | 1 |
| 20 Finnmark | 364 | 4 | 194 | |
| 21 Svalbard | 9 | | | |
| 30 Utland | 47 | 2 | | |
| Kilde: | Utdanningsdirektoratet, PAS | | | |

**Antall påmeldt til eksamen våren 2014 i norsk hovedmål**

| | Bokmål Studieforberedende | Nynorsk Studieforberedende | Bokmål Påbygging | Nynorsk Påbygging |
|---|---|---|---|---|
| **Nasjon** | 33561 | 2290 | 12837 | 778 |
| **1 Østfold** | 1851 | 2 | 884 | 2 |
| **2 Akershus** | 4272 | 6 | 1612 | |
| **3 Oslo** | 5257 | 21 | 957 | 4 |
| **4 Hedmark** | 1177 | 1 | 501 | 1 |
| **5 Oppland** | 1135 | 85 | 524 | 14 |
| **6 Buskerud** | 1817 | 6 | 720 | 3 |
| **7 Vestfold** | 1665 | 1 | 848 | 3 |
| **8 Telemark** | 1181 | 53 | 497 | 17 |
| **9 Aust-Agder** | 745 | 19 | 301 | 1 |
| **10 Vest-Agder** | 1442 | 8 | 433 | 8 |
| **11 Rogaland** | 2756 | 195 | 1077 | 44 |
| **12 Hordaland** | 2933 | 713 | 1176 | 250 |
| **14 Sogn Og Fjordane** | 98 | 642 | 50 | 253 |
| **15 Møre Og Romsdal** | 1096 | 515 | 628 | 169 |
| **16 Sør-Trøndelag** | 2043 | 8 | 972 | 4 |
| **17 Nord-Trøndelag** | 901 | 6 | 473 | 1 |
| **18 Nordland** | 1467 | | 610 | 3 |
| **19 Troms** | 1260 | 6 | 431 | |
| **20 Finnmark** | 415 | 2 | 143 | 1 |
| **21 Svalbard** | 9 | | | |
| **30 Utland** | 41 | 1 | | |

**Kilde: Utdanningsdirektoratet, PAS**